

Allmennkringkastings- rapporten 2019



Innhold

Forord	3
1 Allmennkringkastinga i Noreg	7
2 Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2	9
2.1 Oppsummering av tilsynsresultatet fra 2019 med utvalde hovudkonklusjonar	12
3 Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2019	16
3.1 Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyhetsprogram	17
3.2 Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge	24
3.3 Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og TV-drama	28
3.4 Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet	30
3.5 Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør	32
3.6 Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen	33
3.7 Dei andre krava til innhaldet til hovudkanalen til TV 2	55
3.8 Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for rekneskapsmessig skilje	72
4 Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK	78
4.1 Oppsummering av tilsynsresultatet fra 2019 med utvalde hovudkonklusjonar	81
5 Vurdering av programverksemda til NRK i 2019	83
5.1 Den demokratiske rolla til NRK	84
5.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet	87
5.3 Høg kvalitet, mangfold og nyskaping	94
5.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga	107
5.5 Distrikt	119
5.6 Barn og unge	123
5.7 Samisk språk, identitet og kultur	130
5.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet	136
5.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film	145
5.10 Tilgjengeleghet og beredskap	161
5.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri	170

Forord

Målet med den årlige allmennkringkastingsrapporten fra Medietilsynet er å synliggjøre innholdstilbudet allmennkringkasterne bidrar med i det norske mediemarkedet, og hvordan de pålagte kravene blir oppfylt. Det er gledelig å konstatere at både NRK og TV 2 i 2019 i det store og det hele oppfylte de forpliktelsene de er satt til å ivareta.

Allmennkringkasternes rolle er særlig viktig i en krisesituasjon

Betydningen av at det finnes uavhengige og troverdige informasjonskilder som befolkningen samler seg om og har tillit til, blir satt ekstra på prøve i krisesituasjoner som den vi har opplevd nå i vår. Under en pandemi som COVID 19 synliggjøres virkelig behovet for pålitelig, balansert og oppdatert informasjon. Både i Norge og i Europa for øvrig har pandemien vist at befolkningen i økt grad ser til de tradisjonelle redaktørstyrte journalistiske mediene for informasjon. Allmennkringkasterne er blant de viktigste informasjonskildene og også blant de mediene befolkningen har størst tillit til, viser undersøkelser fra Medietilsynet.

Mediemangfold er en avgjørende forutsetning for ytringsfrihet og et velfungerende og levende demokrati. Allmennkringkasting har som formål å fylle en demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet, og er et sentralt mediepolitisk virkemiddel for å fremme mediemangfold både i Norge og i mange andre europeiske land.

Mediemarkedet er i rask og vedvarende endring, der digitalisering, konvergens og nye former for mediebruk er sentrale faktorer. Utviklingen gjør også at det er behov for å redefinere hvordan allmennkringkastingsoppdraget skal utformes og realiseres, og det har stått høyt på den mediepolitiske agendaen de siste årene.

Første år med ny TV 2-avtale om kommersiell allmennkringkasting

Myndighetene har i mange år lagt til rette for kommersiell allmennkringkasting ved siden av den offentlig finansierte allmennkringkasteren NRK. I 2017 slukket det riksdekkende FM-nettet for radio, og den tidligere avtalen med TV 2 om kommersiell allmennkringkasting gikk ut. I 2018 var det dermed for første gang siden starten av 1990-årene bare NRK som var allmennkringkaster i Norge. Fra 2019 gjelder imidlertid en ny avtale med TV 2 om kommersiell allmennkringkasting,



og for første gang i norsk historie får en kommersiell allmennkringkaster direkte økonomisk støtte til å levere allmennkringkasting. Parallelt med at oppdraget til den kommersielle allmennkringkasteren på fjernsyn ble utformet, har NRK fått utvidet og presisert sitt oppdrag.

I 2019 ble det altså levert allmennkringkastingsinnhold både fra NRK og TV 2, noe som styrker det samlede mediemangfoldet. I et mediemangfoldsperspektiv er konkurranse mellom nasjonale nyhets- og aktualitetsmedier om å sette dagsordenen positivt fordi konkuransen fremmer ulike perspektiver, vinklinger og saker. Både NRK og TV 2 har dessuten tydelige lokaliseringskrav som sikrer tung redaksjonell tilstedeværelse utenfor Oslo. Dette bidrar til at allmennkringkasterne speiler et geografisk mangfold og sikrer at saker med nasjonal interesse ikke bare blir presentert gjennom sentraliserte perspektiver og vinklinger.

Økt konkurranse gjør samfunnsoppdraget enda viktigere

Økt konkurranse fra globale innholdstjenester gjør at allmennkringkasternes ansvar for å fremme norsk innhold, identitet og språk er viktigere og mer relevant enn noen gang. Selv om flere av de globale aktørene investerer i norsk innhold, bidrar de ikke i samme grad som de norske allmennkringkasterne til bredden av norskspråklig innhold forankret i norsk virkelighet. NRK har som offentlig allmennkringkaster et særskilt oppdrag om å fremme norsk og samisk kultur, identitet og språk, og skal reflektere det mangfoldet av identiteter og kulturer som Norge rommer. TV 2 har også en viktig rolle med å formidle norskspråklig innhold både for brede og smale grupper, og har spesifikke krav om å investere i programmer for barn og unge, film og tv-drama.

Allmennkringkastingen har dessuten en viktig funksjon knyttet til å produsere og formidle nyheter og sikre tilgang på troverdig informasjon som tar vare på



behovene til ulike grupper i samfunnet. I tillegg til den løpende nyhetsdekningen er det særlig viktig å fremme den samfunnskritiske og undersøkende journalistikken. Medietilsynets kontroll med NRK og TV 2 viser at begge har solide redaksjonelle nyhets- og aktualitetsmiljøer, og at den samfunnsviktige gravende journalistikken er styrket gjennom 2019.

Rollen allmennkringkasterne har som fellesarena for befolkningen er nært knyttet til ansvaret for å fremme den offentlige samtalen og bidra til at befolkningen blir opplyst om saker det er viktig å være orientert om. For å fylle denne rollen må allmennkringkasterne nå bredt ut og evne å samle ulike grupper i befolkningen. Flere undersøkelser har pekt på at de som bruker NRKs og TV 2s nyhetssendinger, har noe ulik demografi. Kanalene fyller dermed forskjellige roller for ulike grupper i befolkningen, og samlet gir dette økt bruksmangfold. Samtidig tyder forskning på at norske redaktørstyrte nyhetsmedier har utfordringer med å nå unge mediebrukere, noe som er bekymringsverdig i et demokratisk perspektiv. Medietilsynet ser derfor positivt på at både NRK og TV 2 gjør grep for å nå yngre målgrupper med nyheter og kunnskap.

Årets allmennkringkastingsrapport gir et godt bilde av NRKs og TV 2s allmennkringkastingsvirksomhet i 2019. Medietilsynet håper rapporten også kan bidra til refleksjon om allmennkringkastingens rolle og betydning i samfunnet.

Fredrikstad 6. juli 2020

A handwritten signature in blue ink that reads "Mari Velsand".

Mari Velsand
direktør

1

Allmennkringkastinga i Noreg



Allmennkringkasting har som formål å fylle ei demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet og er eit sentralt mediepolitisk verkemiddel både i Noreg og i mange andre europeiske land.

2018 var det einaste året sidan starten av 1990-åra med berre NRK som allmennkringkastar i Noreg. Hausten 2018 inngjekk TV 2 ein femårig avtale med staten om å levere kommersielle allmennkringkastingstenester på TV frå 1. januar 2019 til 31. desember 2023. I 2019 blei det norske allmennkringkastingstilbodet dermed levert av NRK og TV 2.

Som offentleg finansiert allmennkringkastar har NRK eit særskilt samfunnsoppdrag og skal levere allmennkringkastingsinnhald på alle medieplattformer. TV 2 skal levere allmennkringkasting på TV og gjere allmennkringkastingsinnhaldet tilgjengeleg på nett. I motyting frå staten får TV 2 dekt nettokostnadene knytte til allmennkringkastingsoppdraget pluss ei rimeleg forteneste. Den årlege kompensasjonen har ei øvre grense på 135 millionar kroner.

2

Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2



Kulturminister Trine Skei
Grande og sjefredaktør
i TV 2, Olav Sandnes,
underteiknar avtalen
mellan staten og TV 2.
Foto: Medietilsynet

Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i avtalen om kommersiell allmennkringkasting mellom TV 2 og den norske staten ved Kulturdepartementet. Avtalen ble inngått 26. september 2018. Avtalen starta 1. januar 2019 og varer i fem år til 31. desember 2023. 2019 var derfor det første året TV 2 leverte allmennkringkastingsinnhald etter den nye avtalen.

Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2 går fram av vilkåra som er nedfelte i dei ulike avtaledokumenta, som omfattar kunngjeringa av 23. juni 2017 (oppdatert 30. august 2017) om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester med vedlegg (**kunngjeringa**), søknaden til TV 2 av 22. september 2017 (**søknaden**) og etterfølgande avklaringar og dokumentasjon, vedtaket av 26. september 2018 (**vedtaket**), avtalen av 26. september 2018 (**avtalen**) og retningslinjene for rekneskapsmessig skilje¹.

Avtalen definerer nærmare kva for krav som blir stilte til allmennkringkastingsinnhaldet, til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via TV 2 Sumo og over internett, til lokalisering av hovudredaksjon og sentral nyhetsredaksjon og kvar dei redaksjonelle avgjerdene skal bli tatt. TV 2 får kompensert nettokostnadene som er knytte til desse forpliktingane.

I tillegg skal TV 2 oppfylle ei rekke krav knytte til det samla innhaldstilbodet på hovudkanalen. Desse krava inneber blant anna at programtilbodet skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting, at TV 2 skal tilby program for både breie og smale grupper, at TV 2 skal nytte begge dei offisielle norske målformene, og at programtilbodet skal ha ei breidde i tema og sjangrar. Inntekter og utgifter knytte til desse såkalla minimumskrava får ikkje TV 2 kompensert nettokostnadene for.

¹ Presiseringar og dokumentasjon som er omtalte i vedtaket og avtalen, går ved motstrid før kunngjeringa og søknaden frå TV 2. Retningslinjene er bindande for heile avtaleperioden.



Ifølge avtalen skal Medietilsynet utbetale og fastsette storleiken på den endelege kompensasjonen til TV 2. Medietilsynet skal også føre tilsyn med om TV 2 oppfyller forpliktingane i avtalen og har eit rekneskapsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda.

Dersom TV 2 bryt nokon av krava i allmennkringkastaravtalen, kan Medietilsynet gi sanksjonar etter reglane i kringkastingslova (åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt). Ved brot på krava som ligg innanfor sjølvé allmennkringkastingsoppdraget, skal Medietilsynet uansett redusere kompensasjonen med eit beløp som svarer til utgiftene for dei ikkje-oppfylte krava.

TV 2 skal kvart år gjøre greie for aktivitetane relaterte til allmennkringkastingsoppdraget og dei andre krava til programverksemda. TV 2 skal også legge fram årsrekneskap for verksemda og rapport frå ekstern revisor som bekreftar at det ikkje ligg føre kryss-subsidiering, og at verksemda som er omfatta av allmennkringkastingsoppdraget, er i samsvar med ordinære marknadsmessige prinsipp.

2.1

Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2019 med utvalde hovudkonklusjonar

Tilsynsresultatet for det første året med ny avtale om kommersiell allmennkringkasting viser at TV 2 oppfyller dei aller fleste krava innanfor sjølve allmennkringkastingsoppdraget, men Medietilsynet har konkludert med at det ligg føre brot på eitt av krava til lokalisering av allmennkringkastingsverksemda. Allmennkringkastingsoppdraget omfattar krava om eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, norskspråklege program for barn og for unge, og førstegongsvisningar av norsk film og TV-drama. Det omfattar også krava til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via TV 2 Sumo og over internett, og krava til lokalisering av hovedredaksjon og sentral nyhetsredaksjon og kor dei redaksjonelle avgjerdene skal bli tatt.

Gjennomgangen Medietilsynet har gjort, viser at TV 2 ikkje har hatt majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovedredaksjonen i Bergen heile året i 2019. Dette er brot på eitt av krava til lokalisering av allmennkringkastingsverksemda ettersom det følger av allmennkringkastaravtalen at dette kravet skal vere oppfylt allereie frå avtalen trer i kraft. Ved brot på nokre av krava i allmennkringkastingsoppdraget skal Medietilsynet uansett redusere kompensasjonen med eit beløp som svarar til utgiftene for dei ikkje-oppfylte forpliktingane. Medietilsynet vil derfor følge opp brotet i ei eiga tilsynssak med TV 2.

TV 2 oppfyller dei aller fleste krava til det samla innhaldstilbodet på hovudkanalen, som blant anna inneber at programtilbodet skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting, at TV 2 skal tilby program for både breie og smale grupper, at TV 2 skal nytte begge dei offisielle norske målformene, og at programtilbodet skal ha ei breidde i tema og sjangrar. Desse krava er ikkje ein del av allmennkringkastingsoppdraget, og TV 2 får ikkje dekt nettokostnadene for å levere dette innhaldet. TV 2 er likevel forplikt til å oppfylle alle desse krava i tråd med allmennkringkastaravtalen.



For kategorien religion/livssyn/livsfilosofi oppfylte ikkje TV 2 kravet om å sende minst 30 minutt i månadene januar, februar, mars, mai og juni, men hadde eit avvik på åtte minutt for kvar av desse månadene. Medietilsynet reiser ikkje tilsynssak for brotet på minuttkravet i delar av året innanfor religion/livssyn/livsfilosofi. I vurderinga er det blant anna lagt vekt på storleiken på avviket og på at TV 2 frå hausten 2019 innretta sendingane i tråd med kravet.

Fredrik Græsvik er TV 2s utanrikskorrespondent i USA. Foto: TV 2



Nokre utvalde konklusjonar:

- TV 2 oppfyller krava knytte til omfang og regelmessigheit for eigenproduserte riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen. TV 2 har styrkt satsinga på gravande journalistikk i tråd med ambisjonen som blei uttrykt i søknaden om å styrke satsinga på nyheter. Til saman har TV 2 i 2019 sendt 274 timer direktesende nyheter på hovudkanalen, og i snitt sendt litt over 45 minutt nyheter (inkludert sportsnyheter) med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, måndag til torsdag mellom kl. 17.00 og 24.00. Fredag til lørdag har TV 2 sendt like over 44 minutt mellom kl. 17.00 og 24.00.
- TV 2 oppfyller også med god margin kravet om å bruke minimum 250 millionar kroner i direkte redaksjonelle kostnader knytte til nyheitssendingane på kanalen. Med 166 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane oppfyller TV 2 forpliktinga om å sette av minimum 100 årsverk til nyheitssendingane på hovudkanalen.
- TV 2 sende over 80 timer for dei yngste barna i 2019, og oppfyller kravet om å tilby norskspråkleg barne-TV minimum kvar veke, på laurdagar og lørdagar. Med 7,4 millionar kroner til norskspråklege program i 2019 er også kravet om minimum 5 millionar kroner til dette programområdet oppfylt.
- TV 2 sende i 2019 fleire program retta mot ulike aldersgrupper fra 13 til 19 år. Det samla programtilbodet på 20,5 timer oppfyller kravet om eit omfang på minimum totalt 20 timer årleg. Med 12,4 millionar kroner til norskspråklege program for unge i 2019 er også kravet om minimum 5 millionar kroner til dette programområdet oppfylt.
- TV 2 har forplikta seg til å satse på norsk film- og serieproduksjon og bidra til at norskspråkleg og norskprodusert drama er godt representert på hovudkanalen. For heile avtaleperioden har TV 2 forplikta seg til å investere minimum 250 millionar kroner, og ei gjennomsnittleg investering på 50 millionar kroner per år. I 2019 sende TV 2 fleire førstegongsvisningar av norsk film og TV-drama, og oppfylte kravet til gjennomsnittleg årleg investering i norsk film og TV-drama med god margin.
- TV 2 opplyser at allmennkringkastingsinnhaldet blir sendt på hovudkanalen. Ved at hovudkanalen til TV 2 i 2019 var tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle TV-distributørar i den norske marknaden, oppfyller TV 2 også kravet om å vere tilgjengeleg i distribusjonsnett som kan bli tatt imot av minst 95 prosent av alle husstandar i Noreg (teknisk dekning). Ved at allmennkringkastingsinnhaldet ligg i grunntilbodet i TV 2 Sumo, oppfyller TV 2 kravet om at tenesta skal vere opent distribuert over internett.
- TV 2 oppfyller i 2019 dei fleste krava knytte til lokalisering og redaksjonelle avgjerder for hovudredaksjonen. TV 2 har lagt hovudredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. TV 2 oppfyller kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene om programsamansetninga i TV-kanalen blir tatt i hovudredaksjonen. TV 2 hadde ikkje majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudredaksjonen i Bergen før 1. august 2019. Medietilsynet har derfor komme til at TV 2 bryt kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt



tilsette i TV-kanalen som er engasjerte i verksemda til TV-kanalen, skal ha arbeidsstaden sin ved hovedredaksjonen i Bergen frå starten av avtaleperioden, som var 1. januar same år. Medietilsynet vil reise eiga tilsynssak om dette.

- TV 2 har lagt den sentrale nyhetsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at den sentrale nyhetsredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. TV 2 oppfyller både kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene knytte til nyheitssendingane skal takast i den sentrale nyhetsredaksjonen og at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen.
- Medietilsynet har komme til at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at nyhetsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.
- I 2019 har TV 2 vidareført og på nokre område styrkt profilen som sidan oppstarten i 1992 er utvikla med grunnlag i eit allmennkringkastingsoppdrag. TV 2 viser blant anna til ytterlegare satsing på norsk innhald innanfor alle kategoriene på hovudkanalen, og har auka ressursane til undersøkande journalistikk innanfor nyheits- og aktualitetsområdet og sport. TV 2 oppfyller krava om å basere

programtilbodet i hovudkanalen på prinsippa for allmennkringkasting og sende program for breie og smale grupper.

- TV 2 oppfyller også kravet til målveksling ved at begge dei offisielle målformene er nytta i 2019. Delen norske språklege program var på 60 prosent i 2019, og oppfyller kravet om minst 50 prosent.
- TV 2 oppfyller i 2019 delvis kravet om at programtilbodet skal ha tematisk breidde på minst fem programkategoriar. TV 2 har valt å dekke dei fem kategoriene samfunn/informasjonsprogram, dokumentarprogram, underhaldning, sport, og religion/livssyn/livsfilosofi. Medietilsynet vurderer det slik at TV 2 i 2019 for fire av dei fem kategoriene oppfyller alle krava om hyppigheit og omfang. Dette gjeld samfunn/informasjonsprogram, sport, underhaldning og dokumentarprogram. For kategorien religion/livssyn/livsfilosofi bryt TV 2 det månadlege kravet om å sende minst 30 minutt religion/livssyn/livsfilosofi for månadene januar, februar, mars, mai og juni. Avviket frå det månadlege minimumskravet på 30 minutt er åtte minutt for kvar av dei fem månadene, noko som representerer nær ein tredel av kravet til talet på minutt.
- Medietilsynet vurderer at TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2019. Revisoren til TV 2 har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og ingen av kontrollhandlingane har avdekt avvik.

3

Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2019

3.1

Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyhetsprogram

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnholdet

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjørings-teksten kapittel 7, dvs:

- (1) eigenproduserte riksdekkende nyhetsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.2 *Eigenproduserte daglige riksdekkende nyhetsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen*

Omfang og regelmessighet

TV 2 tilbyr å sende minimum 40 minutter nyheter (inkludert sportsnyheter) mandag til torsdag mellom kl. 17.00 og kl. 24.00, og minimum 25 minutter fredag til lørdag mellom kl. 17.00 og kl. 24.00. Tidsangivelsen er eksklusiv reklamepauser.

Størrelsen på planlagte ressurser

TV 2 vil avsette minimum 250 millioner kroner årlig i direkte redaksjonelle kostnader knyttet til nyhetssendingene på kanalen.



Sturla Dyregrov i TV 2 var blant dei første journalistane på plass etter fregattulykka i Hjeltefjorden utanfor Bergen. Saman med fotograf Robert Reinlund laga han direktedokumentaren *Fregatten*. Foto: TV 2

TV 2 opplyser at det i heile 2019 i snitt er sendt litt over 45 minutt nyheter (inkludert sportsnyheter) med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, måndag til torsdag mellom kl. 17.00 og 24.00. Fredag til søndag har TV 2 sendt like over 44 minutt mellom kl. 17.00 og 24.00. TV 2 opplyser at tidene er oppgitt eksklusive reklamepausar. Til saman har TV 2 i 2019 sendt 274 timer direktesende nyheter på hovudkanalen.

TV 2 orienterer om at det i 2019 har vore to tilfelle av ikkje-planlagde avvik frå minuttlengda på dei daglege nyheitene. Begge tilfella skjedde i tilknyting til formidling av større sportsarrangement der TV 2 har avtalar med tredjepartar. 11. april 2019 sende TV 2 direkte frå *Håndball Europacup*, og nyheitssendinga blei avvikla kl. 18.00 i staden for den ordinære 18.30-sendinga i tillegg til at Sportsnyhetene 18.50 gjekk ut. TV 2 opplyser at Sportsnyhetene kl. 21.25 var planlagd utvida, men av årsaker som ikkje var forventa, blei sendinga kortare enn planlagd.



Lab2-redaksjonen i TV 2 sette
søkelyset på miljøkriminalitet
knytt til dumping av plast frå
kunstgrasbanar i Noreg. Foto:
Frode Sunde, TV 2

Dette førte til eit avvik på tre minutt og 22 sekund frå kravet for den daglege minuttlengda. 1. juni 2019 fekk Sportsnyhetene 18.50 kortare tid enn planlagt på grunn av ein Champions League-kamp. Avviket var på eitt minutt og 31 sekund. TV 2 har også avvike frå kravet om å sende nyheitssendingane frå den sentrale redaksjonen i Bergen ved to tilfelle. Den eine nyheitssendinga som blei avvikla frå Oslo, var ei 18.30-sending i tilknyting til ambulansekappinga i Oslo og den andre var ei sending under kommune- og fylkestingsvalet.

TV 2 gjer greie for at nyheitsdekninga omfattar sentrale nyheitsområde som innanriks, utanriks, politikk, krim, økonomi, kultur og sport. Hovudkontoret i Bergen gjer at TV 2 Nyhetene sikrar eit tydeleg nærvær og ei spegling av heile landet ved at nyheitsproduksjon, val, vekting og prioriteringar kjem frå ein ståstad utanfor Oslo. Direkte etter signeringa av avtalen om kommersiell allmennkringkasting lyste TV 2 ut ti redaksjonelle årsverk i nyhetene, 8,5 var knytte til den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen. Den redaksjonelle dekninga av Bergen og Vestlandet er dermed betydeleg styrkt som følge av allmennkringkastaravtalen.

I 2019 har TV 2 atterreist den politiske avdelinga i Oslo og styrkt den politiske dekninga. TV 2 har også etablert Lab2 i Bergen, som jobbar med eigne gravesaker og spesialiserer seg på digital historieforteljing og datadriven journalistikk. TV 2 gjer greie for samarbeidet med Senter for undersøkande journalistikk (SUJO), som er samlokalisert med TV 2 i medieklynga Media City Bergen. I allmennkringkastarrekneskapen frå TV 2 er senterleiar i SUJO, Per Christian Magnus, sitert på at TV 2 speler ei heilt sentral rolle i medieklynga både når det gjeld forsking og den teknologiske innovasjonen som Universitetet i Bergen initierer og driv. Magnus peiker også på at TV 2 det siste året har tatt ei viktig rolle innanfor samfunnskritisk og undersøkande journalistikk gjennom fleire større viktige journalistiske avsløringer, og at oppdraget som allmennkringkastar er avgjerande for at TV 2 utøver slik tidkrevjande og kostbar journalistikk.

TV 2 gir nokre eksempel på større saker og graveprosjekt frå nyheitsdekninga i 2019:

- Det var TV 2 som i den såkalla Sofie-saken formidla historia til Sofie om videoen med henne og Trond Giske frå Bar Vulkan i Oslo, og korleis ho opplevde å bli behandla av VG i saka. Dette bidrog til ei gransking av korleis VG dekte saka, og til forslag om å endre ei rekke punkt i Ver varsam-plakaten, blant anna knytt til premissa i ein intervjustituasjon, korleis ein behandler urutinerte kjelder og nyttar anonyme kjelder. TV 2 viser til at dersom desse endringane blir gjennomførte, har dekninga deira av denne saka ført til ei varig endring av norsk presse og journalistikk.
- Lab2-redaksjonen sette søkelyset på miljøkriminalitet knytt til dumping av plast frå kunstgrasbanar i Noreg og andre europeiske land, noko som har bidratt til ein gjennomgang av regelverket både nasjonalt og internasjonalt. I april 2020 vann TV 2 Skup-diplom for arbeidet med saka om «Kunstgressbløffen».
- I samarbeid med SUJO har TV 2 Nyhetene og Lab2 sett i gang eit omfattande graveprosjekt om korleis store inntekter frå norske vindparkar går til utanlandske eigarar som betalar lite eller ingen skatt til Noreg. Graveprosjektet har resultert i fleire reportasjar på *TV 2 Nyhetene* og ein langlesesak på tv2.no, og TV 2 har planar om å lage fleire nyheitsreportasjar framover.
- *TV 2 Nyhetene* har gjennom fleire reportasjar retta søkelyset mot norsk barneværnspaktsis og følgt sakene som er reiste mot Noreg i Den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg. TV 2 vil fortsette å følge desse sakene framover.
- TV 2 dekte kollisjonen og hevinga av fregatten KNM Helge Ingstad breitt, både ved nærvær og gjennom eit breitt kjelenettverk i Bergen, for å finne svar på kvifor det gjekk gale. Nyheitsredaksjonen var først ute med å melde og rapportere direkte frå hendinga natt til 8. november 2018, og under hevinga 28. februar 2019 sende TV 2 live-dokumentaren *Fregatten*. Dokumentaren kombinerte kvalitetar assosiert med tradisjonell dokumentarar og live-avvikling frå

nyheitsstudioet i Bergen. TV 2 viser til at teoriane som blei presenterte i *Fregatten*, samsvarte med konklusjonane som Statens havarikommisjon for sjøfart la fram i rapporten sin om ulykka i november 2019.

- TV 2 dekte redningsaksjonen frå cruiseskipet Viking Sky utanfor Møre og Romsdal 23. mars 2019 og var raskt til stades med nyhetsjournalistar frå distriktskontoret i Ålesund. Saman med nyhetsdesken i Bergen og fleire reporterar og fotografar frå Lillehammer, Trøndelag, Bergen og Oslo formidla TV 2 hendinga gjennom ekstrasendingar. Gjennom undersøkande journalistikk og kjeldearbeid kunne TV 2 fire dagar etter havariet melde om årsaka til at Viking Sky fekk motorstans, noko rapporten frå Statens havarikommisjon for sjøfart seinare bekrefta.

TV 2 produserte frå slutten av august og fram til 10. september *Valgstudio* på hovudkanalen og TV 2 Nyhetskanalen med lokalpolitiske duellar ute i landet og møte med folk som var direkte råka av politikk. På denne måten løfta TV 2 lokal-politiske saker, som til dømes vindkraft. 4. september produserte TV 2 parti-leiardebatt, direktesendt frå Media City Bergen. Under valnatta for kommune- og fylkestingsvalet i 2019 i september sende TV 2 heile sendinga frå den sentrale nyhetsredaksjonen. TV 2 laga eigne partitestar for totalt elleve byar og éin nasjonal test, og tilbakemeldingane var at testane var treffsikre og presise. TV 2 viser til stor innsats i forarbeid og intervju med lokalpolitikarar, og at det blei laga journalistikk om lokalpolitiske tema som treffer dei unge. I forkant av valdagen blei det utvikla ein ny portal for å presentere valresultata og prognosane til TV 2 gjennom eit noregskart.

TV 2 gjer også greie for at valet blei dekt på TV 2 Nyhetskanalen og på TV 2 Sumo. TV 2 Nyhetskanalen sende fleire direktesende partileiarduellar, debattar og rigg frå Arendalsuka. TV 2 Sumo hadde eit direktesendt politisk talkshow *Bakrommet*



Mens Arill Riise leia partileiardebatten, leia Yvonne Fon-
denes eit politisk talkshow,
Bakrommet, med reaksjonar,
terningkast, ekspertar og andre
gjester. Foto: TV 2

i tilknyting til partileiardebatten på hovudkanalen 4. september og sende også mini-dokuserien *Sophie Elise tester Norge*, der bloggaren utforska ulike miljø og meiningar i samfunnet. TV 2 viser til god respons frå eit ungt publikum på det sistnemnde programmet.

Sport er også eit viktig satsingsområde for TV 2, både gjennom sportsnyheter, djupnejournalistikk og dekking av store og populære sportsarrangement. Etter at allmennkringkastavtalen blei signert, har TV 2 styrkt TV 2 Sporten med tre reporterar dedikerte til undersøkande journalistikk. TV 2 har også ein ambisjon om å styrke kjønnsmangfaldet og ha fleire kvinnelege profilar i sendingane. TV 2 Sporten hadde blant anna fleire reportasjereiser til profilane til kvinnelandslaget i fotball. I 2019 sette TV 2 søkelyset på eteforstyrringar i idretten og fortalte historia til fleire profilerte kvinnelege langrennsutøvarar og relaterte dette til situasjonen for mannlige



Sportsnyhetene har daglege sendingar. Frå venstre Fin Gnatt, Annemarta Giske og Simen Nitsche. Foto: TV 2

utøvarar. TV 2 gjer greie for at det er eit mål å kombinere dekninga av populær idrett med viktige samfunnsspørsmål.

Ifølge allmennkringkastarrekneskapen frå TV 2 utgjorde samla kostnader på nyheitsområdet 349 millionar kroner i 2019. Kravet om kor store ressursar TV 2 skal legge i eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram, er knytte til direkte redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på hovudkanalen. Følgeleg skal ikkje kostnadene relaterte til nyheitskanalen inngå i vurderinga av om TV 2

oppfyller dette kravet. Det går fram av årsrekneskapen at kostnadene knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen var 295 millionar kroner i 2019. TV 2 ligg med dette godt over kravet om å avsette minimum 250 millionar kroner årleg til desse sendingane.

TV 2 har forplikta seg til å avsette minimum 100 redaksjonelle årsverk til nyheitssendingane på hovudkanalen og hadde ved utgangen av 2019 166 redaksjonelle årsverk knytte til desse sendingane.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller krava knytte til omfang og regelmessigheit for eigenproduserte riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen. Medietilsynet legg til grunn at dei to avvik knytte til det daglege minuttkravet kjem av avtalar med tredjepartar om formidling av direktesende arrangement, der sendetidspunkt ligg utanfor kontrollen til TV 2. Medietilsynet vil likevel peike på at minuttkravet skal oppfyllast innanfor eit tidsrom på sju timer. Normalt skal det derfor mykje til for at TV 2 ikkje skal klare å oppfylle kravet ved ei forskyving av dei aktuelle nyhetsprogramma innanfor dette tidsrommet. TV 2 må for det enkelte tilfellet grunngi kvifor det likevel ikkje var praktisk og/eller teknisk mogleg å innfri minuttkravet innanfor tidsrommet.

Medietilsynet forstår at det kan oppstå særskilde og ikkje-planlagde situasjonar der TV 2 av tungtvegande redaksjonelle og/eller praktiske omsyn vurderer det som formålstenleg som nasjonal nyhetsformidlar å avvikle nyheitssendingane

frå andre lokasjonar enn den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen.

Medietilsynet understrekar likevel at dette berre kan gjelde for enkelt-ståande og ekstraordinære situasjonar.

TV 2 gjer greie for eit systematisk arbeid med gravande journalistikk og har gitt fleire eksempel på undersøkande saker i tillegg til den løpende nyhets-dekninga i 2019, noko som er i tråd med ambisjonen som blei uttrykt i søknaden om å styrke satsinga på nyheter.

Med 166 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane oppfyller TV 2 forpliktinga om å sette av minimum 100 årsverk til nyheitssendingane på hovudkanalen. TV 2 oppfyller i 2019 også med god margin kravet om å bruke minimum 250 millionar kroner i direkte redaksjonelle kostnader knytte til nyheitssendingane på kanalen.

3.2

Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnholdet

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjørings-teksten kapittel 7, dvs:

(2) *norskspråklige programmer for hhv. barn og unge*

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.3 Norskspråklige programmer for hhv. Barn og unge*

Omfang og regelmessighet

TV 2 vil minimum tilby ukentlig norskspråklig barne-TV på lørdag og søndag og i høytider, totalt 72 timer pr år.

TV 2 vil levere 20 timer programmer for unge årlig. TV 2 har under søknadsbehandlingen etter anmodning fra departementet presisert at programmerne vil bli fordelt utover året, med månedlige programmer i minst 9 av 12 måneder.

Størrelsen på planlagte ressurser

TV 2 vil bruke minimum 5 millioner kroner i året på programmer for barn og 5 millioner på programmer for unge.

*Med barn menes aldersgruppen 0–12 år, med unge menes aldersgruppen 13 til 19 år.



Barnehageliv følger kvardagen i ein natur- og gardsbarnehage på Austlandet. Foto: TV 2

TV 2 har forplikta seg til å programsette eigne norskspråklege program for både barn og unge. Dei økonomiske ressursane er knytte til kostnader for innkjøp av eksterne produksjonar. TV 2 viser til at barn og unge dei siste åra har endra sjåarvanane sine og i større grad ser on-demand og strøymer innhald over nett. Dette gjer at TV 2 må programsette riktig både når det gjeld konsept, innhald og sendetidspunkt for å treffe desse målgruppene på hovudkanalen.

3.2.1 Norskspråklege program for barn

TV 2 sende i 2019 over 80 timer for dei yngste barna. TV 2 har lagt fram ei oversikt over sendingane, som viser at programma blei sende laurdag og søndag morgen og i høgtider, i tråd med kravet. TV 2 viser til at det framleis er interesse for barneprogram på lineær-TV på desse sendetidspunkta. TV 2 sende norskproduserte program som *Villmark uten voksnar*, *Klatrekampen*, *Barnehageliv*, *Du er min venn* og *Jul i historiehulen*. TV 2 sende også innkjøpte program tilpassa norske forhold og med norsk stemme, som *Vennebyen*, *Piknik med kake*, *Lille Jack* og *Polly Pocket*.

I allmennkringkastarrekneskapen viser TV 2 til at kostnaden for barneprogram på hovudkanalen var i overkant av 7 millionar kroner i 2019 (7,4 millionar kroner ifølge årsrekneskapen).

TV 2 viser også til eit spesielt prosjekt med å knyte barnestemmer til Kongens tale i jula 2019, og at dette var eit initiativ for og med barn. TV 2 har lagt dette prosjektet inn i kategorien «samfunn/informasjon».



Simon Simonsen og Isak
Knutsen fra Villmark uten
voksne. Foto: TV 2

!

Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om å tilby norsk-språkleg barne-TV minimum kvar veke, på laurdagar og søndagar. Ut frå utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot dei minste barna i alderen 0 til 12 år. TV 2 oppfyller vidare kravet om at tilbodet skal ha eit omfang på minimum totalt 72 timer årleg. Med 7,4 millionar kroner til norskspråklege program i 2019 er også kravet om minimum 5 millionar kroner til dette programområdet oppfylt.

3.2.2 Norskspråklege program for unge

TV 2 viser til at det er ei utfordring å gjere programma så relevante at dei unge finn den lineære programsette menyen til TV 2 attraktiv nok. TV 2 jobbar derfor målretta med multimediale konsept som treffer målgruppa unge på dei plattformene dei bruker, og har i tillegg til innhaldet på hovudkanalen ei betydeleg satsing på unge utanfor allmennkringkastaravtalen.

TV 2 sende 20,5 timer program for unge på hovudkanalen i 2019. I tilbodet til unge inngår norskproduserte program som *Singel*, *Hlesesista* og *Generasjon Z*. Oversikta over sendetidspunkta for ungdomsprogramma i 2019 viser at TV 2 har fordelt programma jamt gjennom heile året, med minst eitt ungdomsprogram kvar månad.

På spørsmål frå Medietilsynet har TV 2 gjort nærmare greie for innhaldet i dei tre programma. Serien *Generasjon Z* er retta mot gutter og jenter i alderen 13 til 19 år, og følger seks ungdommar i kvardagen deira i Noreg i 2019. I serien *Hlesesista* tar hlesesøster Tale Maria Krohn Engvik opp vanskelege og tabubelagde tema som sex, kropp, nakenbilde, sjølvordstankar og kjærleikssorg på ein enkel og ufarleg måte. *Hlesesista* er retta mot heile målgruppa frå 13 til 19 år. Dokumentarserien *Singel* er retta mot den øvre delen av målgruppa frå 16 til 19 år, og følger åtte single ungdommar gjennom oppturar og nedturar.

TV 2 nemner at også andre program i TV 2-tilbodet har brei appell til dei unge, men at desse programma ikkje er rekna med i det som er lagt til grunn for oppfyllinga av dette kravet. Årsaka er enten fordi programma ikkje oppfyller alle vilkåra knytte til kategorien, eller fordi dei blir publiserte på andre plattformer enn hovudkanalen.

Det går fram av årsrekneskapen til TV 2 at kostnaden for norskspråklege program for unge var 12,4 millionar kroner i 2019.



Frå *Hlesesista*. Tale Maria Krohn Engvik er hlesesøstera som bestemte seg for å nå breiare ut til ungdom ved å kommunisere med dei på deira eigen arena. Foto: TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 med 20,5 timer fordelt jamt gjennom dei tolv månadene i året oppfyller kravet om å tilby norskspråklege program for unge i eit omfang og med ei hyppigheit som er i tråd med kravet. Ut frå utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot unge i alderen frå 13 til 19 år. TV 2 oppfyller vidare kravet om at tilbodet skal ha eit omfang på minimum totalt 20 timer årleg. Med 12,4 millionar kroner til norskspråklege program i 2019 er også kravet om minimum 5 millionar kroner til dette programområdet oppfylt.

3.3 Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og TV-drama

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 Krav til allmennkringkastingsinnholdet

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 7, dvs:

(3) førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 5.4 *Førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama*

Gjennomsnittlig årlig nivå på planlagte økonomiske ressurser

TV 2 vil investere minimum 250 millioner kroner i avtaleperioden.

TV 2 viste i søknaden om allmennkringkastaravtalen til ein ambisjon om å fortsette satsinga på norsk film- og serieproduksjon, og til at norskspråkleg og norskprodusert drama skulle vere godt representert på hovudkanalen kvar sesong. TV 2 har forplikta seg til å investere minimum 250 millionar kroner i avtaleperioden, ei gjennomsnittleg investering på 50 millionar kroner per år. Produksjonen skjer, som på programområdet barn og unge, hos eksterne produksjonsselskap. Nivået på ressursbruken blir rekna ut frå årleg kostnadsførte ressursar til originalproduksjon av, eller innkjøp av, ferdig produsert norsk film og TV-drama.

TV 2 er opptatt av at dramaproduksjonane skal reflektere norsk røyndom og skal vere eit vindauge mot det moderne Noreg. Konkurransen frå dei globale strøymetenestene er sterk, og TV 2 kjenner eit ansvar både for at norske sjåarar skal finne innhald der dei kjenner igjen seg sjølv og livet sitt, og for å stimulere konkurranse-eva til norske produsentar i ein stadig meir internasjonal marknad.



I dramaserien *Mellan oss* følger vi blant anna Merete og Joacim (Agnes Kittelsen og Nicolay Cleve Broch). Foto: TV 2

Ifølge kunngjeringa skal norsk film og TV-drama ha originalskrivne manus på norsk eller samisk, og/eller skal hovedtemaet vere knytt til norsk historie, kultur eller samfunnsforhold. I 2019 har TV 2 innan kategorien norsk film og TV-drama sendt seriane *Best før* (sesong 2 og 3), *En får værra som en er*, *Mellom oss og Herteslag* og filmane *Askeladden i Dovregubbens hall* og *Storken Richard*.

Når det gjeld kravet om førstegongsvisning, er det lagt til grunn at dette gjeld lineær-TV, og at det ikkje er til hinder for at TV 2 i publiseringssstrategien sin kan nyte høva til å sende nye dramaseriar på si eiga strøymeteneste først. TV 2 publiserer dramasatsingane sine både lineært og på TV 2 Sumo. TV 2 har dokumentert at alle dei nemnde produksjonane som blei sende på TV 2 i 2019, var førstegongsvisningar på lineær-TV.

Det går fram av årsrekneskapen at TV 2 i 2019 har kostnadsført 66,3 millionar kroner til norsk film og TV-drama. I tråd med rekneskapsprinsippa til TV 2 blir ikkje investeringa kostnadsført før programmet er sendt, sjølv om ein stor del av investeringa blir gjord på produksjonsstadiet.



Vebjørn Enger og Thea Sofie Loch Naess spelar hovudrollene i drama-serien *Herteslag*. Foto: TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet til å formidle førstegongsvisninger av norsk film og TV-drama. TV 2 oppfyller også kravet til investeringar i norsk film- og TV-drama og klarer nivået for årleg gjennomsnitt for kostnader til innkjøp av produksjonar med god margin.

3.4

Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-2 Krav til distribusjon

Leverandøren skal gjøre allmennkringkastingsinnholdet definert i § 3-1 tilgjengelig lineært og ikke-lineært:

- (1) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles lineært via fjernsyn skal formidles på TV 2 Hovedkanalen. Kanalen skal kunne tas imot av minst 95 pst. av alle husstander i Norge.
- (2) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles ikke-lineært skal gjøres tilgjengelig i TV 2 Sumo. Tjenesten skal være åpent distribuert over Internett.

TV 2 viser til at endringane i brukarvanar har ført til endringar i publiseringsløpet til nyhetsmedium, der TV 2 som følge av skarp konkurranse frå ei rekke aktørar som publiserer løpende, ikkje lenger kan spare dagens viktigaste nyheter til 21 Nyhetene.


TV 2 har derfor jobba mykje med å vere sterke på løpende nyhetsdekning på tv2.no og TV 2 Nyhetskanalen og samtidig sikre meirverdi og eksklusivitet i dei viktige kveldssendingane på hovudkanalen (spesielt hovudsendinga 21 Nyhetene). TV 2 utviklar og tilpassar også nyhetsinnhaldet til å fungere på strøymeplattforma TV 2 Sumo. TV 2 samsender nyheter med TV 2 Nyhetskanalen i pausane mellom *God morgen Norge*-sendinga på hovudkanalen og oppdaterer tv2.no løpende. TV 2 opplever at samspelet med dei andre nyhetsplattformene styrker hovudkanalen.

TV 2 har forplikta seg til å formidle allmennkringkastingsinnhaldet som blir formidla lineært via fjernsyn på TV 2 hovudkanalen. Minst 95 prosent av alle husstandane i Noreg skal kunne ta imot kanalen. Det er presisert i kunngjeringa og vedtaket at kravet gjeld teknisk dekning.


TV 2 opplyser at allmennkringkastingsinnhaldet blir sendt på hovudkanalen. Vidare gjer TV 2 greie for at hovudkanalen i 2019 har vore tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle TV-distributørane i den norske marknaden. Dette gjeld både satellitt- og bakkenettplattformene, som begge dekker over 95 prosent av norske husstandar. Hovudkanalen til TV 2 er i praksis tilgjengeleg for alle TV-abonnentar i Noreg.

TV 2 er også forplikta til å gjøre allmennkringkastingsinnhaldet som blir formidla ikke-lineært, tilgjengeleg i TV 2 Sumo. Tenesta skal vere opent distribuert

over internett. TV 2 viser til at alt innhold på hovedkanalen også er tilgjengeleg i grunntilboden i TV 2 Sumo, både som lineær-kanal og enkeltprogram (live og on-demand). TV 2 Sumo er tilgjengeleg via internett for alle med normal breibanddekning.



TV 2 gjer allmennkringkastingsinnhaldet tilgjengeleg i grunntilboden i TV 2 Sumo.
Foto: Medietilsynet



3.5

Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør

Olav T. Sandnes er øvste leiar og ansvarleg redaktør i TV 2 og svarer til føresegne-
ne i Redaktørplakaten. Sandnes er medlem og styremedlem i Norsk Redaktørfore-
ning. TV 2 er også medlem i Norsk Presseforbund og har sluttat seg til
Ver varsam-plakaten.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at TV-
kanalen må ha ein ansvarleg redaktør som svarer til føresegne-
ne i Redaktørplakaten.

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2
skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:
(1) TV-kanalen må ha en ansvarlig redaktør som svarer til bestemmelsene i
Redaktørplakaten*

* <http://www.nored.no/Redaktoerplakaten/Redaktoerplakaten>

Olav T. Sandnes er
øvste leiar og ansvarleg
redaktør i TV 2. Foto:
Eivind Senneset, TV 2



3.6

Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen



Hovudredaksjonen til TV 2
i Bergen. Foto: Jan-Petter
Dahl, TV 2

Krava om lokalisering som gjeld for TV 2, er baserte på kultur- og mediepolitiske omsyn. Målet er å halde ved lag mediemangfaldet, sikre ein reell konkurrent til NRK og sikre at det blir produsert og sendt riksdekkande nyheitssendingar utanfor Oslo. Redaksjonelt nærvær og verksemd utanfor Oslo sikrar geografisk spreiing av redaksjonelle kontor og bidrar til ei breidde i utval av tema, vinklingar og formidling. I Noreg har mange nyheitsmedium med eit nasjonalt nedslagsfelt redaksjon i Oslo, noko som kan føre til at saker med nasjonal interesse blir presenterte med stor grad av sentraliserte perspektiv og vinklingar. I eit mediemangfaldsperspektiv er det derfor viktig med konkurranse mellom nyheits- og aktualitetsmedium om å sette dagsorden med ulike perspektiv, vinklingar og saker.

TV 2 har forplikta seg til at hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen skal ligge i Bergen.

I allmennkringkastaravtalen er det stilt ei rekke ulike krav knytte til å sikre TV 2s redaksjonelle nærvær og verksemd i Bergen, både gjennom eigne spesifikke krav til organiseringa av redaksjonelle avgjerder og til lokaliseringa av dei redaksjonelle medarbeidarane arbeidsstad i hovudredaksjonen og i den sentrale nyheitsredaksjonen. Det er også eit krav at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen.

I vedtaket som er ein del av allmennkringkastaravtalen, er det presistert at krava til lokalisering blant anna inneber at Medietilsynet skal føre årleg tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet slik dette går fram av kunngjeringa. Vedtaket inneholder vidare fleire presiseringar av lokaliseringskravet i kunngjeringa. Det går også fram av vedtaket at Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønnsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt, jf. vedtaket punkt 4.3.1.

I vedtaket punkt 4.1 går det fram at krava knytte til lokalisering (og distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet) skal vere oppfylte når avtalen trer i kraft.

Det vil seie at TV 2 skal oppfylle krava til lokalisering frå og med 1. januar 2019.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller dei fleste krava knytte til lokalisering og redaksjonelle avgjerder for hovudredaksjonen. TV 2 har lagt hovudredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisiert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum.

Det er to vilkår som må vere oppfylte når det gjeld hovudredaksjon. For det første betyr hovudredaksjon ifølge avtalen staden der majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene til TV-kanalen om programsamansettninga blir tatt. Medietilsynet vurderer at TV 2 oppfyller denne delen av kravet, og den nærmare vurderinga går fram i punkt 3.6.1.

Hovudredaksjon betyr også staden der majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til TV-kanalen, har arbeidsstaden sin. Medietilsynet vurderer at TV 2 ikkje oppfyller denne delen av kravet i heile 2019, og den nærmare vurderinga går fram i punkt 3.6.2.

TV 2 har lagt den sentrale nyhetsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstiller kravet om at den sentrale nyhetsredaksjonen skal vere lokalisiert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum.

Som for hovudredaksjonen er det to vilkår som må vere oppfylte når det gjeld den sentrale nyhetsredaksjonen. For det første skal majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene knytte til nyheitssendingane takast i den sentrale nyhetsredaksjonen. For det andre skal majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen. Medietilsynet vurderer at TV 2 oppfyller begge desse delane av kravet, og den nærmare vurderinga går fram i punkta 3.6.3 og 3.6.4.

Medietilsynet har komme til at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og den nærmare vurderinga går fram i punkt 3.6.5.

3.6.1

Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjørder ved hovedkontoret

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas

Jamfør vedtaket punkt 4.1 siste setning om at krava om lokalisering «skal være oppfylt ved avtalens ikrafttredelse» og punkt 4.3 som presiserer lokaliseringsskava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:
1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor

Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringsskavene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle skavene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringsskavet i Kunngjøringen.

4.3.2. Krav til TV 2s hovedredaksjon

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle beslutningene om programsammensetningen tas i hovedredaksjonen, ved eksempelvis å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet organiseres og hvor avgjørelsene tas. Med redaksjonelle beslutninger menes både større beslutninger om sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv., og mindre (løpende) beslutninger om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv. Majoriteten av både slike større og mindre beslutninger må tas ved TV 2s hovedredaksjon.



Redaktørgruppa i TV 2, øvst frå venstre sjefredaktør Olav T. Sandnes, nyhetsredaktør Karianne Solbrække, programredaktør Kathrine Haldorsen og sportsredaktør Vegard Jansen Hagen. Foto: Eivind Senneset, TV 2

TV 2 gjer greie for at hovudredaksjonen ligg i Bergen, og dei redaksjonelle avgjerdene knytte til programsamansetninga blir tatt der. TV 2 beskriv at redaktørsmøta som vedtar redaksjonell profil og strategi og treffer overordna redaksjonelle avgjerder, blir haldne i Bergen. I desse møta deltar sjefredaktør Olav T. Sandnes og redaktørgruppa hans.

I avtalen er det presisert at redaksjonelle avgjerder betyr «*både større beslutninger og sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv. og mindre (løpende beslutninger) om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv.*», jf. vedtaket punkt 4.3.2. TV 2 har stadfestat utgreiinga om organiseringa av den redaksjonelle verksemda i søkeren framleis er dekkande. I redaktørgruppa møter, i tillegg til redaktørane for dei innhaldsproduserande avdelingane nyheter, sport og program, også kanaldirektøren og innhaldsproduksjonsdirektøren. Større avgjerder knytte til endringar i sendeskjema, profil og nye satsingar ligg under kanaldirektøren og blir tatt i redaktørsmøtet i Bergen som er nemnt ovanfor. Redaktørsmøtet tar også redaksjonelle avgjerder knytte til innkjøp av nye program.

Nyheitsredaktøren er ansvarleg for all produksjon av nyheter og aktualitet utanfor sportsområdet, som i tillegg til nyhets- og aktualitetsprogram også omfattar blant anna redaksjonane for *God morgen Norge*² og *Vårt lille land*. Sportsredaktøren er ansvarleg for produksjonen av sportsnyheter og andre sportsprogram. Programredaktøren har både redaksjonelt og operasjonelt ansvar for eksterne produksjonar, som utgjer ein stor del av sendeflata på hovudkanalen. Kanaldirektøren er ansvarleg for planlegging og programsetting av kanalane, og innhaldsproduksjonsdirektøren har produsentansvar for all intern produksjon.

² TV 2 har i e-post av 17. juni 2010 orientert om at verksemda med *God morgen Norge* blei formelt overdratt til det eksterne produksjonsselskapet Mastiff med verknad frå 1. august 2019.

TV 2 har gjort greie for at dei løpende redaksjonelle avgjerdene knytte til nyhets-sendingane utgjer ein vesentleg del av dei redaksjonelle avgjerdene for kanalen sett under eitt. I tillegg har ein stor del av kanalavdelinga arbeidsstad i Bergen, blant andre leiaren for publisering og «playout». Kanalavdelinga er ansvarleg for planlegginga og avviklinga i kanalen, som sendeskjema og sendetidspunkt. Samla sett tilseier utgreiinga at majoriteten av redaksjonelle avgjelder for hovud-kanalen blir tatt ved hovedredaksjonen i Bergen.



Konklusjon:

TV 2 har gjort greie for korleis det redaksjonelle arbeidet er organisert, og kor dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt. Medietilsynet vurderer at TV 2 oppfyller kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjelder knytte til programsamansetninga blir tatt ved hovedredaksjonen i Bergen.

3.6.2

Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidrarar ved hovedredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte engasjert i TV-kanalens virksomhet har sitt arbeidssted

Jamfør vedtaket punkt 4.1 siste setning om at krava om lokalisering «skal være oppfylt ved avtalens ikrafttredelse» og punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte har sitt arbeidssted

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å

oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringskravet i Kunngjøringen.

4.3.2. Krav til TV 2s hovedredaksjon

TV 2 må årlig dokumentere hvor mange redaksjonelle årsverk som kreves totalt for å levere hovedkanalen. Flere enn halvparten av disse årsverkene skal ha hovedredaksjonen som sitt arbeidssted. Arbeidssted skal dokumenteres gjennom objektiv informasjon, f.eks. ved arbeidskontrakt, stillingsbeskrivelse eller annen dekkende informasjon. TV 2 må også årlig legge fram et oppdatert organisasjonskart for Medietilsynet, og vise hvor de redaksjonelt ansatte kan gjenfinnes i organisasjonskartet.

4.3.5. Særlig om redaksjonelle stillinger ved TV 2s distriktskontorer

De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved TV 2s distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

4.3.6. Særlig om redaksjonelle stillinger under «Teknologi»

Følgende stillingskategorier under området «Teknologi» er per nå å betrakte som redaksjonelle ansatte: Teknisk vaktsjef, TOM - teknisk leder og grafikkutvikler/avvikler. TV 2 må årlig dokumentere hvor mange årsverk under «Teknologi» som har de nevnte stillingstittlene, og løpende gjøre rede for at disse er redaksjonelle stillinger, og dokumentere hvor de har sitt arbeidssted.



Tonje Steinsland frå dokumentarserien *Vårt lille land*. Foto: TV 2

Ifølge lokaliseringskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som krevjast totalt for å levere hovudkanalen. Kravet om at majoriteten av redaksjonelt tilsette skal ha arbeidsstad ved hovedredaksjonen, er nytt samanlikna med tidlegare krav til lokalisering av allmennkringkastingsverksemda, og krev ei avgrensing av kven som er redaksjonelt tilsette sett opp mot andre tilsette.

TV 2 har lagt til grunn at redaksjonelt tilsette er tilsette som bidrar til eller har innverknad på korleis kanalen eller det redaksjonelle innhaldet er sett saman. TV 2 vurderer konkret funksjonsområde, stillingsbeskriving, ansvarsområde og faktiske arbeidsoppgåver i klargjeringa av kva for tilsette som kan reknast som redaksjonelle. Redaksjonelle medarbeidarar som ikkje leverer til hovudkanalen og/eller nyheitssendingane på hovudkanalen, blir trekte ut.

Medietilsynet har fått eit oppdatert organisasjonskart for 2019 frå TV 2. I tråd med utgreiinga i søknaden frå TV 2 og presiseringane som er gjorde i allmennkringkastaravtalen, blir følgande stillingar/område i TV 2-organisasjonen omfatta av omgrepet redaksjonelle medarbeidarar med relasjon til allmennkringkastingsoppdraget. **Kanal:** kanalsjef, planleggarar, «playout» og publisering, hovudkontroll, kreative leiarar, promo (produksjon), **program:** utvikling, prosjektleiarar/fagsjefar, talentutviklarar, programleiarar og produksjonsleiarar, **nyheiter og aktualitet/sport:** journalistar/reporterar, vaktsjefar, reportasjeleiarar, anker/programleiarar, kommentatorar, redigerarar, deskmedarbeidarar, **innhaltsproduksjon:** fotografar, fotoredigerarar, fleirkameraoperatørar, design- og grafikkmedarbeidarar, **teknologi:** teknisk vaktsjef, TOM – teknisk leiar, grafikkutviklarar/avviklarar.


TV 2 har gjort eit uttrekk frå personalsystemet sitt (Agresso) over alle tilsette og dei tilsette i engasjement, og tildelt ressursane som går til redaksjonen, til hovudkanalen og nyheitsredaksjonen ut frå stillingstittel, avdelings- og prosjektilhøyrsel. Vikarar i stillingar der ingen er fast tilsette, er lagde til.

TV 2 har nytta årsaksprinsippet som eit gjennomgåande prinsipp for fordelinga av redaksjonelle medarbeidarar, både mellom allmennkringkastingsverksemda og anna verksemder og mellom lokasjonar. I dette ligg at ressursane er fordelt til den lokasjonen der personen/stillinga er heimehøyrande, basert på registrert arbeidsstad i Agresso. TV 2 har tidlegare gjort greie for at det vanlegvis er eit samanfall mellom organisatorisk tilhørsel og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella dette ikkje er klart, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp, ved at ressursane er fordelt til det verksemdområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida si, altså meir enn 50 prosent. Nokre av dei tilsette jobbar berre for hovudkanalen, mens andre inngår i ein turnus som leverer eit visst tal årsverk til hovudkanalen. Dei redaksjonelle medarbeidarane er derfor oppgitt med årsverk frå større enn 0 og opp til 1. TV 2 har opplyst at leiarar med avgjerdsmynne innanfor det redaksjonelle området er rekna med, mens administrative stillingar ikkje er medrekna.

Medietilsynet legg til grunn at prinsippa TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanheng mellom dei redaksjonelle ressursane TV 2 nyttar til å levere hovudkanalen og allmennkringkastingsoppdraget.

Avdelingsleiarar og underredaktørar i TV 2 har gått gjennom oversikta over tilsette i sine respektive einingar og ut frå prinsippa som er nemnde ovanfor, dokumentert kor mange redaksjonelle årsverk som blir brukte til å løyse oppgåvane med å levere hovudkanalen. TV 2 har lagt fram for Medietilsynet dei rutinane og prinsippa som er nytta for å identifisere dei redaksjonelle årsverka som leverer til hovudkanalen. I tillegg har TV 2 lagt fram oversikt over dei tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidarar som leverer til hovudkanalen, med årsverk og lokalisering. Figur 1 viser korleis desse årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved hovudredaksjonen i Bergen, og dei som har arbeidsstad andre stader i landet.

Figur 1 – tal på redaksjonelle årsverk ved hovudredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2019



Kjelde: TV 2


Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til hovudkanalen, ligg til grunn for TV 2-rapporteringa av talet på redaksjonelle medarbeidarar i malen som Medietilsynet har utarbeidd for å rapportere det rekneskapsmessige skiljet³. Rapporteringa frå TV 2 viser i samsvar med figur 2 at det totalt er 240,8 redaksjonelle årsverk knytte til hovudkanalen, fordelt med 125,6 årsverk i Bergen og 115,2 årsverk på andre av kontora til TV 2. Oversikta viser at 52,2 prosent av dei redaksjonelt tilsette i hovudkanalen har Bergen som arbeidsstad.

Den eksterne revisoren til TV 2, EY, har i tråd med kontrollhandlingane Medietilsynet har utarbeidd, innhenta den aktuelle tabellen for redaksjonelle årsverk i årsrekneskapen til TV 2 og underliggende årsverksmodell per 31. desember utarbeidd av TV 2, og avstempt årsverka i tabellen mot underliggende grunnlag. Revisor har også for ti tilfeldig utvalde ressursar i årsverksmodellen kontrollert klassifiseringa av ressursen i reknearket med heimelsrapporteringa mot underliggende skjema gjennomgått av relevant avdelingsleiar/einingsleiar.

Medietilsynet vurderer at oversikta TV 2 har lagt fram, bekreftar at dei redaksjonelt tilsette med arbeidsstad ved distriktskontora til TV 2 ikkje er rekna med i delen redaksjonelt tilsette ved hovudredaksjonen i Bergen. For området teknologi er det særleg spesifisert i vedtaket at TV 2 årleg må dokumentere kor mange årsverk som har dei nemnde stillingstitlane, og løpende gjere greie for at desse er redaksjonelle stillingar. TV 2 har gjort greie for dei stillingane på området teknologi som er rekna som redaksjonelle, og Medietilsynet vurderer at desse stillingane kan rekna som redaksjonelle i tråd med presiseringane i allmennkringkastaravtalen.

Oversikta over redaksjonelt tilsette (hovudkontor og sentral nyhetsredaksjon)

Figur 2 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka i Bergen og andre kontor per 31. desember 2019



Kjelde: TV 2

³ I rapportmalen som TV 2 nyttar, blir desse tala rapporterte i tabell 4 Redaksjonelle medarbeidarar.

er basert på ei vurdering per 31. desember 2019. Lokaliseringsskravet skal forståast slik at det skal vere oppfylt gjennom heile året, og i vedtaket punkt 4.1 siste setning er det presisert at TV 2 må oppfylle krava til lokalisering når avtalen trer i kraft – det vil seie frå 1. januar 2019.

Medietilsynet bad derfor TV 2 om å gjere greie for om oversikta frå 31. desember var representativ for talet på redaksjonelle årsverk og fordelinga mellom ulike kontor for heile 2019.

TV 2 opplyste at det var eit avvik på 8,4 årsverk i hovudredaksjonen per 1. januar 2019 sett opp mot kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane skal ha arbeidsstad ved hovudredaksjonen i Bergen. Årsaka var at TV 2 i søknaden og arbeidet med allmennkringkastaravtalen la til grunn at lokalkontora ville bli rekna til Bergen, der dei slik TV 2 ser det, organisatorisk sett høyrer heime, eller at dei eventuelt ville bli haldne utanfor brøken. Før avtalen blei inngått, blei det klart at dei redaksjonelle medarbeidarane ved distriktskontora ikkje kunne rekna med til hovudredaksjonen eller den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen, noko som blei presisert i vedtaket punkt 4.3.5. Ved distriktskontora var det ved avtaleinngåinga totalt 6 årsverk, slik at «balansen» mellom nærværet i Bergen og andre kontor blei endra med 12 årsverk då det blei klart at desse ikkje kunne rekna med. Dersom dei redaksjonelle medarbeidarane ved lokalkontora hadde vore rekna med til hovudredaksjonen, ville TV 2 ha oppfylt kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane skal ha arbeidsstad i Bergen, med 3,6 årsverk i favør av Bergen.

TV 2 hadde behov for litt tid til å setje i verk nødvendige tiltak for å kompensere for at årsverka ved lokalkontora ikkje kunne rekna med. TV 2 sette i verk to tiltak. Det eine var å oppbemanne nyhetsredaksjonen med ti stillingar (ti årsverk). Dei

nye stillingane var oppretta og utlyste ved inngangen til 2019. 8,5 årsverk av dei ti stillingane var knytte til den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen, 0,5 årsverk til kontoret på Hamar og eitt årsverk til kontoret i Oslo. 2,5 av stillingane var bemanna innan utgangen av januar, ytterlegare 5,5 av stillingane blei bemanna innan 1. mai, og dei siste to blei bemanna i august og oktober. TV 2 opplyser at alle stillingane der ingen var fast tilsette per 1. januar, blei dekte opp med vikarar frå starten av året og fram til tidspunktet for fast tilsetting.

TV 2 har medrekna dei nye stillingane i berekninga av redaksjonelle medarbeidarar frå 1. januar 2019. Men for å innfri kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen, var ikkje oppbemanningstiltaket tilstrekkeleg, og TV 2 hadde framleis eit avvik på 8,4 årsverk.

Det andre tiltaket TV 2 gjorde, var å overdra verksemda med produksjon av *God morgen Norge* til det eksterne produksjonselskapet Mastiff. Verksemda blei formelt overdratt med verknad frå 1. august 2019 og medførte totalt ein reduksjon på 23,3 redaksjonelle årsverk ved hovudredaksjonen. Etter dette tidspunktet har TV 2 hatt majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudredaksjonen i Bergen.

Medietilsynet forstår at TV 2 trong tid for å få på plass fast tilsette i dei nyoppretta stillingane, og konstaterer at stillingane fortløpende og i all hovudsak blei fylte med faste tilsette i dei første fire månadene av året. Medietilsynet ser positivt på at TV 2 dekte opp dei ledige stillingane med vikarar frå avtalen tok til å gjelde, og fram til tidspunktet for fast tilsetting. Det har derfor vore redaksjonelle medarbeidarar i stillingane frå tidspunktet då avtalen blei sett i kraft.

Fram til TV 2 overdrog produksjonen av *God morgen Norge* 1. august 2019, var det likevel eit avvik på 8,4 årsverk ved hovudredaksjonen i Bergen. Dette betyr at TV 2 i sju av årets tolv månader ikkje oppfylte kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen.

**Konklusjon:**

Ettersom det følger av allmennkringkastaravtalen at dette kravet skal vere oppfylt frå tidspunktet då avtalen tok til å gjelde, 1. januar 2019, og TV 2 ikkje hadde majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudredaksjonen i Bergen før 1. august 2019, har Medietilsynet komme til at TV 2 bryt kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette i TV-kanalen som er engasjerte i verksemda til TV-kanalen, skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen.

Det følger av avtalen § 8-1 andre ledd at Medietilsynet ved brot på allmennkringkastingsoppdraget etter § 3 uansett skal redusere kompensasjonen til TV 2 med eit beløp som svarer til utgiftene for dei ikkje-oppfylte forpliktingane. Ifølge § 8-1 første ledd kan Medietilsynet gi sanksjonar etter gjeldande sanksjonsreglar i kringkastingslova, som er åtvaring, gebyr og tvangsmulkt.

Medietilsynet vil i ei eiga tilsynssak etter framlegginga av Allmennkringkastingsrapporten vurdere kva nettokostnadene utgjer for dei forpliktingane som ikkje er oppfylte, og som skal komme til frådrag eller krevjast tilbake frå TV 2.

Medietilsynet forventar at TV 2 har innretta seg slik at dette kravet blir oppfylt framover, og vil ikkje gi TV 2 sanksjon for å ikkje ha oppfylt kravet i heile 2019. I vurderinga legg Medietilsynet vekt på at dette er det første tilsynsåret med den nye avtalen om kommersiell allmennkringkasting. Avviket på 8,4 årsverk ved hovudkontoret i Bergen er relativt lite sett opp mot det totale talet på 240 redaksjonelle medarbeidrarar i hovudredaksjonen. Samtidig viser TV 2 at tiltak for å oppfylle kravet raskt blei sette i verk etter at avtalen blei inngått. I vurderinga av om TV 2 skal få sanksjon for brotet på kravet om at majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane skal vere knytt til hovudredaksjonen i Bergen, er det også lagt vekt på TV 2 oppfyller dei andre vilkåra knytte til lokaliseringskravet.

3.6.3

Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjørder ved den sentrale nyhetsredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørrelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørrelser:

- (3) TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.
- (4) Majoriteten av leverandørens redaksjonelle avgjørrelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen.

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

2. TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.
3. Majoriteten av søkerens redaksjonelle avgjørrelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen.

TV 2 har i sin søknad vist til at TV-kanalens hovedredaksjon og sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Bergen.

Departementet har i dialog med TV 2 presisert at kravene til lokalisering bl.a. innebærer at Medietilsynet vil føre et årlig tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet slik dette fremgår av Kunngjøringen. Medietilsynet vil legge til grunn en skjønnsmessig helhetsvurdering for oppfyllelsen av lokaliseringskravet.

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringskravet i Kunngjøringen.

4.3.3. Krav til TV 2s sentrale nyhetsredaksjon

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle avgjørelsene knyttet til nyhetssendingene tas i den sentrale nyhetsredaksjonen, ved f.eks. å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet i nyhetssendingene organiseres og hvor avgjørelsene tas.



Frå TV 2s nyheitsstudio i Bergen. Foto: TV 2

TV 2 har lagt den sentrale nyheitsredaksjonen sin til Bergen. I søknaden viste TV 2 til at nyheitssendingane blir avvikla frå studio i Bergen, at utspelinga skjer i Bergen, og at alle funksjonar/medarbeidarar knytte til publiseringa, er lokaliserete i Bergen. Vidare gjorde TV 2 greie for at dei daglege, løpende redaksjonelle avgjerdene om innhaldet i nyheitssendingane på hovudkanalen blir tatt på desken av vaktsjefar som held til i Bergen. I tillegg held produsentar, fotografar, grafikkaviklarar og andre som bidrar inn i produksjonen og avviklinga av nyheitssendingane, til i Bergen.

I allmennkringkastarrekneskapen bekreftar TV 2 utgreiinga i søknaden om at vaktsjefane har delegert redaktøransvar, er til stades i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og tar alle løpende redaksjonelle avgjelder knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen. I omfang blir dermed den største delen av dei

redaksjonelle avgjerdene tatt av vaktsjefane for kveldssendingane. Nyheitsredaktør Karianne Solbrække er fast i Bergen to dagar i veka, og er ved den sentrale nyheitsredaksjonen 80 prosent av den delen av stillinga (50 prosent stilling) som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.

TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at TV 2 Nyhetene har daglege felles morgonmøte (Bergen, Oslo og lokalkontora) om journalistisk retning og prioriteringar for plattformene og kanalen til TV 2, inkludert hovudsendingane på TV 2. Nyheitsredaktøren leier møtet som prioriterer dei mest omfattande journalistiske ressursane mot 18.30- og 21-nyheitene. Klokka 14.30 er det eit «fellesoverleveringsmøte» (Bergen, Oslo og lokalkontora) frå dagskiftet til vaktsjefen for kveldssendingane klokka 18.30 og 21.00. Leiarane for innanriksavdelinga i Bergen, utanriksredaksjonen i Bergen, leiaren for lokalkontora i Bergen og leiarane for innanriksavdelinga og samfunnsavdelinga i Oslo leverer innhaldet til vaktsjefane i Bergen. Vaktsjefen prioriterer og vel kva som skal publiserast i nyheitssendingane den dagen, fram i tid – eller som eventuelt ikkje skal publiserast og/eller bli sendt på TV 2 Nyhetskanalen.



Konklusjon:

TV 2 har gjort greie for korleis det redaksjonelle arbeidet er organisert, og kor dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt. Medietilsynet vurderer at TV 2 oppfyller kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjelder knytte til programsamansetninga blir tatt ved hovedredaksjonen i Bergen.

3.6.4

Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidrarar ved den sentrale nyhetsredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(5) Majoriteten av leverandørens redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen. De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved Leverandørens distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

Ifølge Kunngjøringen kapittel 6.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

4. Majoriteten av søkerens redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

Departementet har i dialog med TV 2 presisert at kravene til lokalisering bl.a. innebærer at Medietilsynet vil føre et årlig tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet slik dette fremgår av Kunngjøringen. Medietilsynet vil legge til grunn en skjønnsmessig helhetsvurdering for oppfyllelsen av lokaliseringskravet.

Departementet har i løpet av søknadsbehandlingen hatt dialog med TV 2 om lokaliseringskravene og TV 2s redegjørelse for hvordan selskapet har til hensikt å oppfylle kravene. Nedenfor følger en presisering av lokaliseringskravet i Kunngjøringen.

4.3.3. Krav til TV 2s sentrale nyhetsredaksjon


TV 2 må årlig dokumentere hvor mange redaksjonelle årsverk som kreves totalt for å levere nyhetssendingene knyttet til allmennkringkastingsoppdraget, og at flere enn halvparten av disse årsverkene har den sentrale nyhetsredaksjonen som sitt arbeidssted. Arbeidssted skal dokumenteres gjennom objektiv informasjon, f.eks. ved arbeidskontrakt, stillingsbeskrivelse eller annen dekkende informasjon.

4.3.5. Særlig om redaksjonelle stillinger ved TV 2s distriktskontorer

De redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved TV 2s distriktskontorer kan ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen.

4.3.6. Særlig om redaksjonelle stillinger under «Teknologi»

Følgende stillingskategorier under området «Teknologi» er per nå å betrakte som redaksjonelle ansatte: Teknisk vaktsjef, TOM – teknisk leder og grafikkutvikler/avvikler. TV 2 må årlig dokumentere hvor mange årsverk under «Teknologi» som har de nevnte stillingstittlene, og løpende gjøre rede for at disse er redaksjonelle stillinger, og dokumentere hvor de har sitt arbeidssted.



Ein stor del av den redaksjonelle verksemda i hovudkanalen til TV 2 er knytt til å levere nyheitssendingane i allmennkringkastingsoppdraget.

Ifølge lokaliseringskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som totalt trengst for å levere nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, og at fleire enn halvparten av desse årsverka har den sentrale nyheitsredaksjonen som arbeidsstaden sin. Ein stor del av den redaksjonelle verksemda i hovudkanalen til TV 2 er knytt til å levere nyheitssendingane i allmennkringkastingsoppdraget.

På same måten som for allokeringa av ressursar til redaksjonen i hovudkanalen har TV 2 tildelt ressursane til den sentrale nyheitsredaksjonen ut frå stillingstittel, avdelings- og prosjektilhøyrsel basert på eit uttrekk frå personalsystemet (Agresso) over alle tilsette og tilsette i engasjement. Dei redaksjonelle medarbeidarane er oppgitt med årsverk. I tråd med årsaksprinsippet, som det er gjort nærmare greie for i punkt 3.6.2 ovanfor, er ressursane fordelt til den lokasjonen der personen/stillinga hører heime, basert på registrert arbeidsstad i Agresso. TV 2 har tidlegare gjort greie for at det normalt er samanfall mellom organisatorisk tilhøyrsel og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella dette ikkje er klart, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp, der ressursane er fordelt til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida si, altså meir enn 50 prosent. Nokre av dei tilsette jobbar berre for hovudkanalen, mens andre inngår i ein turnus som leverer eit visst tal årsverk til hovudkanalen. Dei redaksjonelle medarbeidarane er derfor oppgitt med årsverk frå større enn 0 og opp til 1. TV 2 har opplyst at leiarar med avgjerdsmynde innafor det redaksjonelle området er rekna med, mens administrative stillingar ikkje er medrekna.


Medietilsynet legg til grunn at prinsippa TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanheng mellom dei redaksjonelle ressursane TV 2 nyttar til å levere hovudkanalen og allmennkringkastingsoppdraget. TV 2 har i tråd med retningslinene for det rekneskapsmessige skilje eit organisatorisk skilje av dei aktuelle

einingane som leverer til nyheitene innafor allmennkringkastingsoppdraget.

Avdelingsleiarar og underredaktørar i TV 2 har gått gjennom oversikta over tilsette i dei respektive einingane og ut frå prinsippa som er nemnde ovanfor, dokumentert kor mange redaksjonelle årsverk som blir brukte til å leverer nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget. TV 2 har lagt fram for Medietilsynet dei rutinane og prinsippa som er nyttar for å identifisere desse redaksjonelle årsverka. I tillegg har TV 2 lagt fram ei oversikt over dei tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidrarar som leverer til hovudkanalen og til nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, med årsverk og lokalisering. Figur 3 viser korleis desse årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen, og dei som har andre kontor som arbeidsstad. Figur 4 viser den prosentvise fordelinga mellom dei redaksjonelle årsverka i Bergen og andre kontor.

Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, ligg til grunn for rapporteringa TV 2 gjer av talet på redaksjonelle medarbeidrarar i malen som Medietilsynet har utarbeidd for korleis TV 2 skal rapportere det rekneskapsmessige skiljet⁵. Rapporteringa frå TV 2 viser i samsvar med figur 4 at det totalt er 165,9 redaksjonelle årsverk knytt til den sentrale nyheitsredaksjonen, fordelt med 100,6 årsverk i Bergen og 65,3 årsverk på dei andre kontora til TV 2. Oversikta viser at 60,6 prosent av dei redaksjonelt tilsette i hovudkanalen til TV 2 som er engasjerte i nyheitssendingane, har arbeidsstaden sin i Bergen.

Figur 3 – tal på redaksjonelle medarbeidrarar i den sentrale nyheitsredaksjonen per 31. desember 2019



Kjelde: TV 2

⁵ I rapportmalen TV 2 nyttar, blir desse tala rapporterte i tabell 4 Redaksjonelle medarbeidrarar.


Den eksterne revisoren til TV 2, EY, har i tråd med kontrollhandlingane Medietilsynet har utarbeidd, innhenta den aktuelle tabellen for redaksjonelle årsverk i årsrekneskapen til TV 2 og underliggende årsverksmodell per 31. desember utarbeidd av TV 2, og avstemt årsverka i tabellen mot underliggende grunnlag. Revisor har også for ti tilfeldig utvalde ressursar i årsverksmodellen kontrollert klassifiseringa av ressursen i reknearket med heimelsrapporteringa mot underliggende skjema gjennomgått av relevant avdelingsleiar/einingsleiar.

Medietilsynet vurderer det slik at oversikta TV 2 har lagt fram, bekreftar at dei redaksjonelt tilsette som har arbeidsstad ved TV 2 sine distriktskontor, ikkje er rekna med i delen redaksjonelt tilsette ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen. For avdelinga teknologi er det særleg spesifisert i vedtaket at TV 2 årleg må dokumentere kor mange årsverk som har dei nemnde stillingstitlane, og løpende gjere greie for at desse er redaksjonelle stillingar. TV 2 har gjort greie for dei stillingane på området teknologi som er rekna som redaksjonelle, og Medietilsynet vurderer at desse stillingane kan rekna som redaksjonelle i tråd med presiseringane i allmennkringkastaravtalen.

Oversikta over redaksjonelt tilsette (hovudkontor og sentral nyhetsredaksjon) er basert på ei vurdering per 31. desember 2019. Lokaliseringsskravet skal forståast slik at det skal vere oppfylt gjennom heile året, og i vedtaket punkt 4.1 siste settning er det presisert at TV 2 må oppfylle krava til lokalisering frå avtalen trer i kraft – det vil seie frå 1. januar 2019. Medietilsynet bad derfor TV 2 om å gjere greie for om oversikta frå 31. desember var representativ for talet på redaksjonelle årsverk og fordelinga mellom ulike kontor for heile 2019.

TV 2 bekrefta at tala var representative for den sentrale nyhetsredaksjonen gjennom året, og opplyste om at dei ti nye stillingane (ti årsverk) som var oppretta

Figur 4 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2019



Kjelde: TV 2

i nyhetsredaksjonen, har vore rekna med i totaltalet for årsverk heile året. TV 2 opplyser at alle stillingane der ingen var fast tilsette per 1. januar, blei dekte opp med vikarar frå starten av året og fram til tidspunktet for fast tilsetting. Tiltaket blei gjort for å kompensere for at årsverka ved lokalkontora ikkje kunne reknast med til Bergen, noko som førte til at TV 2 ikkje hadde majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudkontoret i Bergen, jamfør utgreiinga i punkt 3.6.2.

Av dei ti nye stillingane var 8,5 årsverk knytte til den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen, 0,5 årsverk til kontoret på Hamar og eitt årsverk til kontoret i Oslo. 2,5 av stillingane var bemanna innan utgangen av januar, ytterlegare 5,5 av stillingane blei bemanna innan 1. mai, og dei siste to blei bemanna i august og oktober.

Medietilsynet konstaterer at TV 2 sjølv utan å rekne med dei ti nye stillingane ville ha hatt majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved den sentrale nyhetsredaksjonen i Bergen per 1. januar 2019. Medietilsynet ser positivt på at den sentrale nyhetsredaksjonen blei ytterlegare styrkt gjennom dei nyopprettet stillingane, og legg til grunn at desse stillingane skulle reknast med frå årsskiftet, jf. vurderinga i punkt 3.6.2.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller krava om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, har arbeidsstaden sin ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

3.6.5

Allmennkringkastingsoppdraget – nyhetsredaktøren

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(6) Nyhetsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen

Jamfør vedtaket punkt 4.3 som presiserer lokaliseringskrava:

5. Nyhetsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.

4.3.4. Krav til nyhetsredaktørens arbeidssted

TV 2 må årlig dokumentere at nyhetsredaktøren har den sentrale nyhetsredaksjonen som sitt arbeidssted for den delen av vedkommendes stilling som er knyttet til allmennkringkastingsoppdraget.


Dersom TV 2 ansetter ny nyhetsredaktør i løpet av avtaleperioden skal vedkommende ha sitt hovedarbeidssted ved den sentrale nyhetsredaksjonen.



Nyheitsredaktør Karianne
Solbrække. Foto: Eivind
Senneset, TV 2

Allmennkringkastaravtalen stiller krav om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen. I søknaden gjorde TV 2 greie for at selskapet allereie hadde ein felles nyhets- og aktualitetsredaktør for alle kanalane og flatene, inkludert hovudkanalen, TV 2 Nyhetskanalen og tv2.no. TV 2 viste til at sjølv om både hovudkontor, hovedredaksjon og sentral nyheitsredaksjon ligg i Bergen, er det nødvendig med eit betydeleg tal på redaksjonelle medarbeidarar i Oslo.

TV 2 meinte at kravet om arbeidsstad for nyheitsredaktøren måtte kunne oppfyllast gjennom delt arbeidsstad mellom Bergen og Oslo. I vedtaket presiserte Kulturdepartementet at TV 2 årleg må dokumentere at nyheitsredaktøren har den sentrale nyheitsredaksjonen som sin arbeidsstad for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.



Nyheitsredaktøren har
50 prosent av stillinga
si i Bergen

TV 2 gjer greie for at redaktørmøta med sjefredaktøren og redaktørgruppa hans, blir haldne i Bergen. Nyhetsredaktør Karianne Solbrække er del av denne gruppa. TV 2 opplyser at ho har arbeidsstad i Bergen for oppgåvene knytte til leveransane som TV 2 Nyhetene har til hovudkanalen TV 2.

Kravet om arbeidsstad for nyhetsredaktøren er utforma ut frå at nyhetsredaktør Karianne Solbrække har kontraktsfesta delt arbeidsstad. 50 prosent av stillinga til nyhetsredaktøren er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og nyhetsredaktøren pendlar på fast basis mellom Bergen og Oslo. TV 2 har overfor Medietilsynet stadfesta at nyhetsredaktøren har to arbeidsdagar i Bergen fast kvar veke.

Ved tolkinga av kor dei redaksjonelt tilsette har arbeidsstaden sin, er det lagt til grunn eit årsaksprinsipp, jf. punkt 3.6.2. Det vil seie at ressursane er fordelt til den lokasjonen der personen/stillinga høyrer heime, ut frå registrert arbeidsstad i Agresso. Normalt er det samanfall mellom organisatorisk tilhørsel og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella ein medarbeidar også oppheld seg utanfor kontoret eller mellom kontor store delar av arbeidstida si, har TV 2 nyttat eit overvektsprinsipp. I det ligg det at ressursane blir rekna til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida si, altså meir enn 50 prosent. Medietilsynet har komme til at desse prinsippa også er relevante i vurderinga av om kravet om arbeidsstaden til nyhetsredaktøren er oppfylt.

Det går fram av oversikta over alle tilsette i redaksjonelle årsverk og kva for kontor dei høyrer til, at nyhetsredaktøren har 50 prosent av stillinga si i Bergen. Medietilsynet legg dermed til grunn at nyhetsredaktøren høyrer heime i Bergen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. Ekstern revisor har utført kontrollhandlingar knytte til denne oversikta (tabell 4 Lokaliseringsskrav og underliggende årsverksmodell per 31. desember 2019), som er utarbeidd av TV 2, jf. punkt 3.5 over.

Med to faste dagar i Bergen kvar veke oppheld nyheitsredaktøren seg ved den sentrale nyheitsredaksjonen 80 prosent av den delen av stillinga (50 prosent stilling) som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. Basert på overvektsprinsippet taler dette for at TV 2 oppfyller kravet om at arbeidsstaden til nyheitsredaktøren skal vere ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen. Det er også rimeleg å ta omsyn til at nyheitsredaktøren har behov for å vere til stades også på andre kontor, slik som redaksjonen i Oslo og distriktskontora. Organiseringa av nyheitsverksemda innanfor allmennkringkastingsoppdraget inneber at nyheitsredaktøren har redaksjonelt ansvar og personalansvar for dei tilsette også på desse kontora.

Det følger av allmennkringkastaravtalen at Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønnsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt. Medietilsynet peiker på at formålet med lokaliseringskrava i avtalen er å sikre eit sterkt redaksjonelt miljø utanfor Oslo, jf. kunngjeringa. Ei full utnytting av overvektsprinsippet kan i praksis innebere at nyheitsredaktøren er til stades noko meir enn éin dag i veka (rett i overkant av 50 prosent av stillinga knytt til allmennkringkastingsoppdraget). Dersom TV 2 skulle velje å utnytte overvektsprinsippet fullt ut for nyheitsredaktøren, vurderer Medietilsynet at nærværet i den sentrale nyheitsredaksjonen er såpass lite at det vil kunne få betydning i ei skjønnsmessig heilskapsvurdering der eitt moment i vurderinga er om formålet bak lokaliseringskravet blir innfridd.

Det går fram av allmennkringkastaravtalen at dersom TV 2 tilset ny nyheitsredaktør i avtaleperioden, skal vedkommande ha hovudarbeidsstaden sin ved den sentrale i nyheitsredaksjonen.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.

3.7

Dei andre krava til innhaldet til hovudkanalen til TV 2

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 4-3 Krav til innholdet i TV-kanalen

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. 3.2 skal oppfylle følgende innholdskrav:

- (1) Programtilbudet skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting
- (2) Programtilbudets profil skal være av allmenn karakter og interesse
- (3) Det skal tilbys programmer for både brede og smale grupper
- (4) Norskspråklige programmer skal utgjøre minst 50 pst. av sendetiden
- (5) Begge de offisielle norske målformene skal benyttes
- (6) Programtilbudet skal ha tematisk bredde på minst fem programkategorier med hyppighet og omfang iht. skjema i vedlegg B til kunngjøringen
- (7) Programtilbudet skal ha sjangermessig bredde, både når det gjelder sammensetningen av programkategorier og sammensetningen innenfor den enkelte programkategori

I allmennkringkastaravtalen er det stilt ei rekke krav som TV 2 også må oppfylle i det samla tilbodet i hovudkanalen, men som ikkje blir dekt med støtte frå staten. I desse såkalla minimumskrava ligg fleire av dei overordna krava som tidlegare er stilt til aktørar som har hatt status som kommersiell allmennkringkastar både på TV og radio. Dei inntektene og utgiftene som TV 2 har i tilknyting til desse krava, blir haldne utanfor berekninga av nettokostnader og rimeleg forteneste som staten vil kompensere.



Farmen Kjendis 2019. Bak frå venstre:
Ronald Pulk, Christer Rødseth, Erik Anders
Sæter, Trude Mostue, Tiril Sjåstad Christi-
ansen, Runar Søgaard, Martine Lunde, Ole
Klemetsen og Mina Hadjan. Foran: Svein
Østvik, Kathrine Sørland, programleiar
Gaut Grøtta Grav og Donna Ioanna. Foto:
Espen Solli, TV 2

Dersom TV 2 bryt nokre av desse krava, kan Medietilsynet sanksjonere TV 2 med åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt.

3.7.1 Prinsippa for allmennkringkasting

I søknaden la TV 2 fram ein plan om å vidareføre profilen som er bygd opp sidan oppstarten som allmennkringkastar i 1992, og forplikta seg til å vidareføre eit tilsvarande breitt og variert programtilbod som i den førre allmennkringkastaravtalen. I allmennkringkastarrekneskapen gjer TV 2 greie for at profilen til hovudkanalen gjennom 27 år har vore basert på prinsippa for allmennkringkasting. Sendeskjema blir lagde på ein slik måte at det sikrar at flest mogleg sjåarar blir eksponerte for innhald dei normalt ikkje ville oppsøkt av seg sjølve. TV 2 understrekar verdien av at redaktørstyrte medium held fram med å eksponere mediebrukarane for ulikt innhald i ei tid med stadig større algoritmebasert innhaldskonsum. TV 2 legg vekt på å vere viktige og relevante for sjåarane sine og har eit mål om at publikum opplever ein meirverdi i programtilbodet til TV 2.


TV 2 gjer greie for den redaksjonelle tilnærminga si om å formidle nedanfrå og opp, ikkje ovanfrå og ned. Det betyr at reporterane til TV 2 intervjuar innbyggjarane og ikkje berre offentlege instansar i ei sak. Det er eit mål å skildre kjensler, lengslar og mellommenneskelege relasjonar som dei fleste kan kjenne seg igjen i og referere den røyndommen som TV 2-publikummet møter i dagleglivet sitt. Andre eksempel der TV 2 peiker på effektar av allmennkringkastaravtalen, er korleis kanalen dekker sport ved å legge vekt på å kombinere høgt engasjement med ny kunnskap. *Farmen* er ikkje berre røyndoms-TV, men TV 2 har også eit mål om å formidle kunnskap om gardsdrift, norsk kultur og historie. Dette er val TV 2 tar med eit ønske om formidle noko meir enn det som er strengt nødvendig for å hente inn dei kommersielle inntektene. Etter at allmennkringkastaravtalen starta, har det ifølge TV 2 også vore ei ytterlegare satsing på norsk innhald innanfor alle

kategoriane på hovudkanalen og også på dei andre plattformene til TV 2. Samla sett meiner TV 2 at dette har styrkt profilen basert på prinsippa for allmennkringkasting.

Vurderinga av korleis TV 2 oppfyller kravet om å basere programtilbodet på prinsippa for allmennkringkasting, bygger på ei samla vurdering av korleis TV 2 oppfyller dei andre krava til innhaldstilboden. Prinsippa for allmennkringkasting handlar om at heile befolkninga er målgruppa, og at TV 2 har eit ansvar for å tilby eit mangfoldig og meiningsfullt innhaldstilbod som treffer eit breitt publikum. Samtidig skal allmennkringkastinga ta vare på smalare publikumsgrupper og smalare temaområde. Programstatistikken for 2019 viser at TV 2 tilbyr stoffområde som ofte blir rekna som smalare innhaldstilbod, men at enkelte av desse stoffområda har relativt lite omfang. Samanlikna med tidsseriane med programstatistikkar for den førre perioden TV 2 hadde eit allmennkringkastingsoppdrag, er profilen i alt vesentleg den same, noko som bekreftar at TV 2 har vidareført ein programprofil som er basert på prinsippa for allmennkringkasting.

Eit sentralt mål med allmennkringkastingsoppdraget er å styrke norsk kultur, identitet og språk, noko som både blir gjort gjennom eigenprodusert innhald og ved å bruke eksterne produksjonsmiljø. Medietilsynet vurderer det derfor som positivt at TV 2 satsar ytterlegare på norsk innhald innanfor alle kategoriar på hovudkanalen, og at denne satsinga også blir gjord på dei andre plattformene til TV 2. Medietilsynet er vidare einig med TV 2 i at ei programlegging i tråd med prinsippa for allmennkringkasting bidrar til å motverke tendensen til at publikum hovudsakleg blir eksponert for tilsvarande type innhald som dei allereie har valt, noko som blir forsterka av individuelt tilpassa medienester og algoritmestyringa til sosiale medium. Allmennkringkastinga er derfor eit viktig mediepolitisk verkemiddel for å sikre eit mangfoldig innhaldstilbod og at befolkninga møter ulike perspektiv og stemmer i mediebruken sin.

Figur 5 – programstatistikk TV 2 hovudkanalen



Kjelde: TV 2



I dokumentarserien *Norge bak fasaden* rettar Kadafi Zaman og Janne Amble blant anna søkelyset mot kva som er dei menneskelege konsekvensane av ein streng og rettferdig innvandringspolitikk.

Medietilsynet vurderer at TV 2 har vidareført og på nokre område styrkt profilen som over mange år er utvikla med grunnlag i eit allmennkringkastingsoppdrag. Delvurderingane knytte til dei andre krava viser slik Medietilsynet vurderer det, samla sett at TV 2 nyttar prinsippa for allmennkringkasting i verksemda si i tråd med avtalen.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om å basere programtilbodet i hovudkanalen på prinsippa for allmennkringkasting.

3.7.2 Profil av allmenn karakter og interesse

Kravet om at hovudkanalen til TV 2 skal ha eit programtilbod av allmenn karakter og interesse, er eitt av prinsippa for allmennkringkasting. Det handlar om å tilby eit mangfaldig og meiningsfullt innhald som treffer eit breitt publikum. TV 2 har i søknaden forplikta seg til å vidareføre profilen og eit tilsvarende breitt og variert programtilbod som i perioden før då verksemda hadde eit allmennkringkastingsoppdrag.

Som tidlegare år løftar TV 2 betydninga av å oppretthalde posisjonen som ei alternativ stemme i det offentlege ordskiftet, der TV 2 løftar fram andre stemmer og dekker saker frå andre vinklar. TV 2 viser til at *TV 2 Nyhetene* og *TV 2 Sporten* set dagsordenen med viktige nyheitssaker. Programmet *Norge bak fasaden* er eit undersøkande graveprogram der journalistane går i djupna på miljø få i Noreg

kjenner til. I 2019 tok programmet i ni episodar opp saker som moderne slaveri, løpargutar på Oslos austkant, lukka kristne miljø, abort, norsk helsestell og historier om menneske som ønsker eit nytt liv i Noreg, men ofte får draumen knust.

Vidare peiker TV 2 på at breidda i underhaldningsprogramma frå aktualitet til rein underhaldning har ein viktig funksjon. TV 2 vil også vere ein samlande arena i det norske samfunnet. Dette gjer TV 2 på fleire måtar. Satsingar som *Farmen* samlar befolkninga og gir folk noko å snakke om og danne eit fellesskap rundt. TV 2 tar rolla med å formidle kvifor ei sak har betydning for samfunnet og sjåarane til TV 2,

presentert ut frå premissa dei ulike programma er baserte på. Nokre andre eksempel frå underhaldningstilbodet i 2019 er *Huskestue*, der kjende personar løyser ulike utfordringar og oppgåver, og *Sommerhytta*, som er eit eigenutvikla konsept der deltakarane pussar opp kvar si sommarhytte og konkurrerer om å vinne hytta, og der TV 2 legg vekt på å finne deltakarar som har ei historie å fortelje. I 2019 tilbaud TV 2 også fleire reiseprogram, som *Gutta på tur*, *På tur med Dag Otto og Truls à la Hellstrøm*. Ein fellesnemnar i desse programma er ifølge TV 2 ein nær og humoristisk tone mellom dei kjende profilane og ei formidling av kultur og underhaldning frå ei rekke ulike stader i verda.

Thomas Numme og Harald Rønneberg er med *Gutta på tur* til Burgund. Foto: TV 2





Forbrukarprogram er også ein viktig berebjelke i programtilbodet på TV 2, der TV 2 både hjelper med små og store forbrukarrelaterte utfordringar og kjem med avsløringar baserte på undersøkande journalistikk. I 2019 har TV 2 hatt *Forbrukertimen* med *TV 2 Hjelper deg*, *Matkontrollen* og *Helsekontrollen*. *TV 2 hjelper deg* avdekte i 2019 blant anna at det jamleg blir gitt parkeringsbøter sjølv om bilførar kan bevise at dei har betalt parkering. *Helsekontrollen* sette dagsordenen med avsløringa av at Vitus Apotek arrangerte konkurransar blant dei tilsette for å selje meir.

25-årsjubileet til *TV 2 hjelper deg* blei markert med ei eiga jubileumssending, der alle avdelingar og medarbeidrarar i TV 2 engasjerte seg i ulike hjelpeaksjonar. Nokre eksempel var søppelplukking langs kysten, dans på sjukeheim med programleiarane i *Skal vi danse*, og at *Tid for hjem* pussa opp ein togstasjon.

Einar Nilsson, Andreas Nygaard og programleiar
Kjersti Bergersen i *Tid for hjem*. Foto: TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at profilen i programtilbodet skal vere av allmenn karakter og interesse.

3.7.3 Program for både breie og smale grupper

Kravet handlar om at TV 2 som allmennkringkastar skal veksle mellom programtilbod som i prinsippet er vendt mot heile befolkninga, og program som tar vare på smalare publikumsgrupper og smalare temaområde. Programstatistikken i figur 5 viser at TV 2 leverer ein programprofil i hovudkanalen med brei appell. I tråd med det TV 2 har forplikta seg til som kommersiell allmennkringkastar, er mange av dei største programsatsingane til TV 2 retta mot eit breitt publikum. Profilen TV 2 har hatt som allmennkringkastar i tidlegare år, er i stor grad vidareført i 2019.

TV 2 gjer greie for at det er ei tematisk breidde i programtilbodet på hovudkanalen. Innanfor dei tre hovudkategoriane nyheter/aktualitet, sport og underhaldning/drama tilbyr TV 2 eit samansett programtilbod for både breie og smale sjåargrupper. Dette gjeld også for programkategoriane TV 2 har valt å levere for å ta hand om det spesifikke kravet knytt til tematisk breidde, sjå punkt 3.7.6 om tematisk breidde nedanfor.

TV 2 har også sendt programsatsingar der meir smale, men allmenngyldige tema blir formidla på ein måte som treffer breitt, som for eksempel i dokumentarserien *Det jeg ikke fikk sagt*. I serien formidlar Solveig Kloppen si personlege historie om tapet av mora og søstera si.

Medietilsynet legg vekt på at TV 2 oppfyller krava i allmennkringkastingsoppdraget om program for både barn og unge. TV 2 oppfyller i all hovudsak krava til tematisk breidde gjennom å levere innanfor dei fem temaområda samfunn/informasjonsprogram, dokumentarprogram, underhaldning, sport og religion/livssyn/livsfilosofi. Dette betyr at TV 2 også har program innanfor smalare temaområde, som for eksempel religion og livssyn, sjølv om kravet ikkje var fullt ut innfridd i 2019.



Programleiar Solveig Kloppen opplevde å miste både mora og søstera si i løpet av seks veker. I serien *Det jeg ikke fikk sagt* deler ho si personlege historie om sine eigne møte med døden. Foto: TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om å tilby program både for breie og smale grupper.



3.7.4 Norskspråklege program

TV 2 har ein uttalt ambisjon om å styrke det norske og det nære innhaldet i sendeskjemaet sitt. I hovudkanalen er det aller meste av innhaldet norsk, spesielt i beste sendetid. Norsk innhald og norsk språk og kultur er viktig for TV 2, både som et konkurransefortrinn overfor globale konkurrentar og for å ta norsk røyndom og norske referansar på alvor. TV 2 opplyser at delen norskspråklege program var på 60 prosent i 2019. Delen er berekna ut frå totaltalet på programtid og utan kringkastarens promotering av desse programma, i tråd med forståinga av kravet til norskspråklege program.

Frå Sommerhytta. Finn Schjøll, Aina Sollie Steen og Lars Fossum og programleiar Guri Solberg. Foto: Espen Solli/TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av sendetida.

3.7.5 Målveksling

TV 2 har lang tradisjon for å oppfordre programleiarar og nyheitsanker til å nytte dialektar og nynorsk. I 2019 har TV 2 hatt ei rekke nynorsktalande nyheitsanker og programleiarar. Fleire nyheitsinnslag er også teksta på nynorsk. TV 2 har ein ambisjon om å tilby meir teksting på nynorsk i sendingane sine når løysingar for automatisk teksting kjem på plass. Automatisk teksting er allereie testa på *God morgen Norge*.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om å nytte begge dei offisielle målformene.

3.7.6 Breidde i tema

Kunngjeringa av avtalen om kommersiell allmennkringkasting stilte krav om å i det minste leve i et tilbod innanfor fem av ti oppgitte programkategoriar. Kvar av kategoriane hadde også eigne minimumskrav om omfang og hyppigheit. Omfanget måtte vere på minst 30 minutt programtid innanfor enten kvar veke eller månad. Reprisar kan ikkje reknast med, og heller ikkje nyheitssendingar med base i sentrale, norskspråklege program for barn og unge og førstegongsvisningar av norsk film og TV-drama.



Journalist Arill Riise er ein av dei mest profilerte nynorsktalande programleiarane i TV 2 og har fått fleire priser for nynorskbruk sin. Foto: Espen Solli, TV 2

Dei ti kategoriane med minstekrava til omfang og hyppigheit er:

- 1 undervisningsprogram – minst 30 minutt kvar månad
- 2 samfunns-/informasjonsprogram – minst 30 minutt kvar veke
- 3 underhaldning – minst 30 minutt kvar veke
- 4 sport – minst 30 minutt kvar veke
- 5 kunst, kultur og musikk – minst 30 minutt kvar månad
- 6 religion, livssyn og livsfilosofi – minst 30 minutt kvar månad
- 7 natur og vitskap – minst 30 minutt kvar månad
- 8 program for språklege eller etniske minoritetar – minst 30 minutt kvar månad
- 9 program for den samiske befolkninga – minst 30 minutt kvar veke
- 10 dokumentarprogram – minst 30 minutt kvar månad



TV 2 har i 2019 valt å dekke dei fem kategoriane samfunn/informasjonsprogram, sport, underhaldning, dokumentarprogram og religion/livssyn/livsfilosofi⁶. For kategoriane samfunn/ informasjonsprogram, sport og underhaldning er kravet å sende minst 30 minutt kvar veke. Til kunngjeringa har Kulturdepartementet presisert at det ikkje blir rekna som eit brot på kravet til sendingar kvar veke at dei aktuelle programma blir sende i 32 av 52 veker gjennom eitt kalenderår, dersom det totale timetalet er minst 26 timer. For kategoriane dokumentar og religion/livssyn/livsfilosofi er kravet å sende minst 30 minutt kvar månad. Her er det presisert at det ikkje blir rekna som eit brot på kravet til månadlege sendingar at dei aktuelle programma blir sende i ni av tolv månader gjennom eitt kalenderår dersom det totale timetalet er minst seks timer. Medietilsynet har i dialog med TV 2 slått fast at minuttkravet skal bereknast ut frå klokketimar og ikkje kommersielle timer/«slot».

Frå programmet *Brente minner*.

Frå venstre programleiar Marco
Elsafadi, interiørdesignar Aina Sollie
Steen, Merete Boldermo og Odd
Inge Ulriksen frå Velfjord og Therese
Nielsen frå forsikringsselskapet.

⁶ Valet av desse fem kategoriane er ikkje forpliktande for heile avtaleperioden, men berre for eitt år om gongen. TV 2 kan i forkant av eit nytt programår velje å dekke fem andre temakategoriar i det kommande året.

I 2019 har TV 2 sendt samfunns-/informasjonsprogram i 40 av 52 veker, med eit totalt timetal på i overkant av 79 timer. TV 2 har lagt fram tilleggsinformasjon på førespurnad frå Medietilsynet som dokumenterer at minuttkravet på 30 minutt er oppfylt i desse vekene, og at ingen av programma er reprisar.

Innanfor kategorien samfunn/informasjon har TV 2 nytta ulike programformat som magasinformat, livesendingar og underhaldningskonsept. TV 2 har sendt forbrukarmagasina *TV 2 hjelper deg* med aktuelle forbrukarsaker og presentasjonar av produkttestar, og *Matkontrollen* og *Helsekontrollen* med undersøkande journalistikk og kritisk sokelys på matvarebransjen og helseprodukt og -tenester.

I den direktesende serien *Hele historien – Åsted Norge* tar redaksjonen opp uløyste kriminalsaker. I 2019 sende TV 2 *Barnas tale*, som var eit samarbeid med Unicef. Barn frå heile Noreg sende inn bidraga sine for å få halde den første barnas tale i Noreg frå rikssalen på Eidsvoll. Programmet formidla viktige augneblink frå unge stemmer i 2019 og komiteens val av talar.

Serien *Brente minner* følgde menneske som har mista heimen sin i husbrann, der dei får hjelp til å bygge ein ny heim, og dei to seriane *Tid for hjem* og *Tid for hage* hjelper folk med oppussing av hus og hage. TV 2 sende også ulike program om mat i 2019, som serien *Bra godt, Kystmat* og *Det beste fra Truls à la Hellstrøm*. *I Wenches julekalender* formidlar kokk Wenche Andersen gode råd om tillaging av julemat og julebakst og etande julegåver.

Innanfor kategorien sport har TV 2 sendt program i 40 av 52 veker, med eit totalt timetal på over 322 timer. Dei daglege sportsnyheitssendingane er ikkje tatt med. TV 2 har lagt fram tilleggsinformasjon på førespurnad frå Medietilsynet som dokumenterer at minuttkravet på 30 minutt er oppfylt i desse vekene, og at ingen



Gunhild Gjøsund Kleppen frå Rosenborg ungdomsskole i Trondheim blei vald ut til å halde *Barnas tale* 2019 i Riks-salen i Eidsvollsbygningen.

Foto: TV 2



I programmet *Kystmat* reiser Trond Andersen, Margit Dale og Trond Moi på kulinarisk skattejakt langs sørlandskysten. Foto: TV 2



Camp Seefeld med Ida Moseng, Petter Nortug, Siri Avlesen-Østli og Marius Skjelbæk.

Foto: TV 2

av programma er reprisar. Ein stor del av programma er naturleg nok direktesendingar frå sportshendingar, men TV 2 har også sendt sportsjournalistikk, konkurranseprega røyndomsprogram, underhaldningsprogram, dokumentarar og magasin.

I 2019 sende TV 2 ei rekke program om vinteridrett, med Camp Seefeld frå VM, Janteloppet: Tremil, Kirkebakken Grand Prix, Skifest frå TelemarksVeka, og ei rekke øvingar frå Tour de Ski og V-cup innanfor alpint, langrenn, skicross og hopp landskamp. TV 2 viser til at sykkelsport er ein viktig grein for TV 2 Sporten. I 2019 sende TV 2 blant anna frå Arctic Race, Amstel Gold Race, Flandern rundt, Tour de France, sykkel-VM 2019 (landevegsritt, kvinner elite, menn elite, lagtempo mix) og Tour of Norway 1. etappe.

TV 2 dekte også fotball og handball, som eFotball, Norway Cup 2019, FIFA Fotball-VM, fleire kampar frå UEFA Champions League, UEFA Europa League og UEFA EM-kvalifisering, landskampar i handball og handball-NM. TV 2 dekte også frå Ekstremsportveko 2019 og sende dokumentaren *Northug Spesial* og serien *Solskjær & æ*, der fotballinteresserte Erik Solbakken følger Ole Gunnar Solskjær og menneska rundt han.

Innanfor kategorien underhaldning sende TV 2 program i alle dei 52 vekene i året, med eit totalt timetal på over 296 timer. TV 2 har lagt fram tilleggsinformasjon på førespurnad frå Medietilsynet som dokumenterer at minutkravet på 30 minutt er oppfylt i desse vekene, og at ingen av programma er reprisar. Underhaldningsporteføljen til TV 2 er brei, med både gamle, kjente format og nye programkonsept. Tilbodet omfattar både påkosta musikk- og dansekonkurransar, lette konkurranseprogram, talkshows, røyndoms-TV, underhaldningsbaserte aktualitetsmagasin og store arrangement utandørs med publikum som *Allsang på grensen* og *Sommerfest frå Telemark*.



Frå Tour de France. Foto: Lionel Bonaventure

Blant underhaldningsprogramma TV 2 har sendt i 2019 er musikk- og dansekonkurransane *Norske Talenter*, *The Voice – Norges beste stemme* og *Skal vi danse* og konkurranseprogramma *Familieduellen*, *Landskampen* og *Huskestue*. TV 2 sende

også seriane *Ari, Moi og Magnus*, *Gutta på tur* og *Min første ferie*, og i den siste programserien følgde TV 2 folk som reiste på ferie for første gong.



I serien *Ari, Moi og Magnus* la Ari Behn, Trond Moi og Magnus Grønneberg ut på ei reise der kunsten og personlege historier var målet, så vel som destinasjonen. Foto: TV 2

Nokre eksempel på talkshow og større underhaldningsbaserte magasin er *Senkveld med Helene og Stian*, *Skavlan*, *God kveld Norge*, *God sommer Norge* og *Underholdningsåret 2019*. Røyndomsprogramma *Farmen*, *Jakten på kjærligheten*, *Kjendis søker kjæreste*, *Sommerhytta* og dokusåpene *Dyrepasserne* og *Sporløs* blei sende i 2019. I serien *En kveld hos Kloppen* inviterte Solveig Klokken kjende gjester heim til seg for å samtale. I jula sende TV 2 *Juleaksjonen 2019* og *Julekveld hos Prøysen*.

Innanfor kategorien dokumentar sende TV 2 program i ti av tolv månader med eit totalt timetal på over 26 timer. TV 2 har lagt fram tilleggsinformasjon på førespurnad frå Medietilsynet som dokumenterer at minuttkravet på 30 minutt er oppfylt i desse månadene, og at ingen av programma er reprisar. Dokumentarane TV 2 sende i 2019, spenner over ulike tema og handlar om både nasjonale og internasjonale forhold: *Da Norge sto stille*, *Det jeg ikke fikk sagt*, *Fregatten*, *Klopp møter*



I Korrespondentene drog blant anna Pål T. Jørgensen og fotograf Halkawt Mustafa til fronten i Irak for å rapportere frå kampen mot IS. Foto TV 2

Bjørndalen, Korrespondentene, Mer enn gull, Norge bak fasaden, Petter uteligger – Femundløpet, Våre håpefulle, Vårt lille land, Vårt lille land: Trond Giske og Haddy Njies historie og Åsted Norge: Kidnappingen.

Innanfor kategorien religion/livssyn/livsfilosofi sende TV 2 program i ni av tolv månader, med eit totalt timetal på nær 10,5 timer. TV 2 har lagt fram tilleggsinformasjon på førespurnad frå Medietilsynet som viser at programma TV 2 sende i

januar, februar, mars, mai og juni, hadde ein varigheit på 22 minutt. Det betyr at minuttkravet på 30 minutt per månad ikkje er oppfylt for fem av desse ni månadene. Ingen av programma er reprisar.

Programma TV 2 har sendt innanfor kategorien religion/livssyn/livsfilosofi, er *Håp i ei gryte*, *Påskereisen*, *Spesialprestene* og *Verdens helligste underverk*. Serien *Håp i ei gryte* gir eit innblikk i Frelsesarmeens sitt arbeid med barn, familiar og

menneske med rusproblem. I serien *Påskereisen* er påsken ramma for ei reise to menneske i svært ulike livssituasjonar tar saman, og som blir avslutta i Tøyen-kirken. Serien *Spesialprestene* formidlar kvardagen til prestar som jobbar på sjukehus, i politiet, i norske fengsel, på oljeplattformer, i forsvaret og på Gardermoen flyplass. Den britiske dokumentarserien *Verdens helligste underverk* viser at mange av dei mest kjende landemerka i verda er inspirerte av religion.

I *Spesialprestene* blir vi kjende med prestar i Noreg som har en kvardag utanom det vanlege. Berit Bjørnerud er Nordsjøprest på plattforma Draugen. Foto: TV 2



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 delvis oppfyller kravet om at programtilbodet skal ha ei tematisk breidde på minst fem programkategoriar. TV 2 har valt å dekke dei fem kategoriene samfunn/informasjonsprogram, dokumentarprogram, underhaldning, sport, og religion/livssyn/livsfilosofi. Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 for fire av dei fem kategoriene oppfyller alle krava om hyppigkeit og omfang som er stilte. Dette gjeld samfunn/informasjonsprogram, sport, underhaldning og dokumentarprogram.

Når det gjeld kategorien religion/livssyn/livsfilosofi, oppfyller TV 2 det månadlege minimumskravet for å sende slike program i ni av dei tolv månadene i året, med eit totalt timetal på 10,5 timer. TV 2 oppfyller ikkje kravet om å sende minst 30 minutt religion/livssyn/livsfilosofi i januar, februar, mars, mai og juni.

Medietilsynet legg vekt på at dette er det første tilsynsåret med den nye avtalen om kommersiell allmennkringkasting. Avviket frå det månadlege minimumskravet på 30 minutt er åtte minutt for kvar av dei fem månadene, noko som representerer nær ein tredel av kravet til talet på minutt. Samtidig har TV 2 sendt fleire program innanfor religion/livssyn/livsfilosofi i andre halvår og innfri i desse månadene minuttkravet per månad med god margin. Samla sett bidrar programsettinga på hausten til at timetalet for året også er oppfylt med god margin.

Medietilsynet vil på denne bakgrunnen ikkje reise tilsynssak for brotet på minuttkravet i delar av året innanfor religion/livssyn/livsfilosofi, men forventar at TV 2 nå har innretta programlegginga slik at kravet blir oppfylt framover. I vurderinga av om det skal reisast tilsynssak for brotet knytt til kravet om tematisk breidde, er det også lagt vekt på TV 2 i all hovudsak oppfyller dei ulike vilkåra knytte til dei fem temakategoriane.



Åsted Norge. Frå venstre forsvarsadvokat John Christian Elden, tidlegare politileiar Hanne Kristin Rohde, tidlegare Kripos-etterforskar Asbjørn Hansen, politioverbetjent Rune Utne Reitan og programleiar Jens Christian Nørve.

Foto: TV 2

3.7.7 Breidde i sjangrar

TV 2 viser til at hovudkanalen tilbyr eit breitt utval av programsjangrar innanfor alle kategoriane, og at TV 2 stadig utviklar nye konsept. Utgreiinga knytt til programtilbodet i 2019 viser breidda i tilboden og korleis TV 2 arbeider bevisst med allmennkringkastarprinsippa i alle delar av programtilboden.

Breidde i sjangrar dreier seg om å ta i bruk eit breitt utval av typar innslag/program eller måtar å behandle og formidle temaat på. Kravet inneber at TV 2 skal veksle mellom sjangrar både i programsamansetninga og innanfor den enkelte programkategorien. TV 2 gjer greie for ei breidde i samansetninga av programkonsept og sjangrar i det totale programtilboden, med blant anna nyheter, dokumentar, studiobaserte program, magasin- og reportasjeprogram, direktesendingar, drama, røyndoms-TV og underhaldning. TV 2 viser også at det er nytta ulike sjangrar som blant anna intervju, dramatisering, reportasjar, analysar og kommentarar innanfor dei ulike program- og temakategoriane.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2019 oppfyller kravet om at programtilboden i hovudkanalen skal ha breidde i sjangrar, både når det gjeld samansetninga av programkategoriar og samansetninga innanfor den enkelte programkategorien.

3.8

Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for regnskapsmessig skilje

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 5-1 Kompensasjon

Departementet skal yte en årlig kompensasjon oppad begrenset til 135 millioner NOK. Kompensasjonen vil bli nedjustert dersom endringer i valutakursen innebærer at beløpet overstiger 15 millioner EURO i snitt over hele avtaleperioden.

Kompensasjonen skal dekke leverandørens nettokostnader knyttet til oppdraget definert under § 3, og en rimelig fortjeneste.

Med nettokostnader menes differansen mellom leverandørens kostnader og inntekter knyttet til allmennkringkastingsoppdraget. Det vises for øvrig til Retningslinjene for regnskapsmessig skille.

Med *rimelig fortjeneste* menes 10 pst. driftsmargin (EBIT) på den virksomheten som omfattes av allmennkringkastingsoppdraget.

Det tas forbehold om at Stortinget ved de årlige budsjettvedtakene stiller det nødvendige beløpet til disposisjon.

Det er utarbeidet en modell for regnskapsmessig skille som skal sikre at statlige kompensasjonen ikke brukes til å kryss-subsidiere virksomhet som faller utenfor oppdraget definert i § 3 i Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester, jf. § 4-4 Krav til disponering av statens kompensasjon m.v og 4.5 Krav til disponering av statens kompensasjon

Nærmere krav til det regnskapsmessige skillet, herunder rapportering er fastsatt i vedlegget Retningslinjer for regnskapsmessig skille i TV 2 av 26. september 2018.



Frå TV 2 lokale i Media City,
Bergen. Foto: Jan-Petter
Dahl, TV 2

I tråd med avtalen § 5-2 har Medietilsynet utbetalt kompensasjonen til TV 2 etter-skottsvis kvart kvarthal gjennom 2019. Medietilsynet fastset storleiken på kom-pensasjonen og kan gjere vedtak om at eventuell overkompensasjon (det vil seie beløp som overstig den kompensasjonen som skal ytast for å dekke nettokost-nadene til TV 2 inkludert ei rimeleg forteneste, og som skal tilbakebetalast eller avkortast ved neste utbetaling).

Kontrollen med at TV 2 berre får dekt nettokostnadane og at det ikkje ligg føre overkompensasjon eller kryss-subsidiering, skjer etterskottsvis i det årlege all-mennkringkastingstilsynet. Årsrekneskapen til TV 2 er ein viktig del av dokumen-tasjonen som skal gi grunnlag for å kontrollere om den totale kompensasjonen som TV 2 har fått utbetalt, er i samsvar med nettokostnadane TV 2 har hatt for å utføre allmennkringkastingsoppdraget.

Ettersom kompensasjonsmodellen er basert på at staten kompenserer nettokost-nadene til TV 2 for å levere allmennkringkastingsoppdraget, inkludert ei rimeleg forteneste, kan storleiken på den endelege støtta bli bestemt av det rekneskaps-messige resultatet for allmennkringkastingsverksemda. Avtalen har derfor eigne retningslinjer for eit rekneskapsmessig skilje i TV 2, som skal sikre at det ikkje ligg føre kryss-subsidiering av verksemda utanfor allmennkringkastingsoppdraget.

Eit rekneskapsmessig skilje betyr at det skal lagast delrekneskap for allmennkring-kastingsoppdraget og den andre verksemda til TV 2. Det skal også trekkast eit rekneskapsmessig skilje mellom TV 2 Nyhetsskanalen og den andre verksemda til TV 2, fordi Nyhetsskanalen bruker på nytt produksjonar frå allmennkringkastings-oppdraget. TV 2 skal årleg sette opp delrekneskapane når selskapet rapporterer til Medietilsynet. I tillegg skal TV 2 som ein del av det ordinære reknekapsys-temet sette opp ein rekneskap for nyheitsområdet samla (Nyheter Samlet),

som deretter blir grunnlaget for å fordele inntekter og kostnader mellom allmennkringkastingsoppdraget og TV 2 Nyhetskanalen.

Dei fire hovudpostane i allmennkringkastingsoppdraget er: (1) Inntekter og kostnader ved eigenproduserte daglege riksdekkande nyhetsprogram med base i den sentrale nyhetsredaksjonen, dvs. ordinære nyheitssendingar og sportsnyheitssendingar på hovudkanalen, (2) inntekter og kostnader ved norskspråklege program for barn og for unge på hovudkanalen, (3) inntekter og kostnader ved førstegongsvisning av norsk film og TV-drama på hovudkanalen, og (4) meirkostnader knytte til lokaliseringsskrav for hovedredaksjon og sentral nyhetsredaksjon for hovudkanalen.


Medietilsynet har i tråd med retningslinjene utforma malar for korleis TV 2 rapporterer om det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda til TV 2. Vidare har Medietilsynet fastsett kontrollhandlingane revisoren til TV 2 skal bruke.

TV 2 har lagt fram årsrekneskap for allmennkringkastingsverksemda i 2019 med eit resultat på netto meirkostnad inkludert 10 prosent driftsmargin på 143,8 millionar kroner. Rekneskapsresultatet for TV 2 tilseier dermed at staten skal yte full kompensasjon på 135 millionar kroner for 2019 under føresetnad at andre vilkår for allmennkringkastingsverksemda er oppfylte.

Den eksterne revisoren til TV 2 har lagt fram ein rapport om resultatet av kontrollhandlingane for allmennkringkastingsrekneskapen for 2019. Dei avtalte kontrollhandlingane skal sikre at rapporterte opplysningar i allmennkringkastarrekneskapen til TV 2 samsvarer med den underliggende allmennkringkastarmodellen og selskapsrekneskapen til verksemda. Rapporten bekreftar at revisor har utført



Medietilsynet har fastsett kontrollhandlingane revisoren til TV 2 skal bruke.



Med dette stadfestar revisor at det ikkje er avdekt avvik i rapporteringa av rekneskapsresultat av allmennkringkastingsverksemda frå TV 2 til Medietilsynet

oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane. Dette betyr at alle kontrollerte beløpsstorleikar samsvarer med TV 2s årsrekneskap og regnskapsystem, at alle kontrollerte opplysningar som blir nytta til å fordele inntekter og kostnader i allmennkringkastarrekneskapen, kan avstemmast mot opplysningar i underliggende data, rekneark og modellar utarbeidde av selskapet eller statistikkverktøya Instar og Kibana, og at alle kontrollerte framgangsmåtar for fordeling er i tråd med avtalte fordelingsprinsipp og metodar beskrivne i retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i TV 2.

Med dette stadfestar revisor at det ikkje er avdekt avvik i rapporteringa av rekneskapsresultat av allmennkringkastingsverksemda frå TV 2 til Medietilsynet.

I tilsynet med at TV 2 har rapportert det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda i TV 2, har Medietilsynet innhenta fagleg bistand frå BDO. BDO har gått gjennom sjølv rapporteringsmodellen som TV 2 nyttar, kontrollert innrapporteringa til TV 2 opp mot dei fastsette retningslinjene for rekneskapsmessig skilje og gått gjennom kontrollhandlingane til revisor.

I kontrollen av excelmodellen for rapportering av allmennkringkastingsverksemda til TV 2 er det gjort ein manuell kontroll av summeringsarka for å sikre at modellen framleis hentar riktige data frå input-arka. I tillegg er formlane i arka kontrollerte ved hjelp av eit analyseverktøy for å sikre at formlane bidrar til korrekt rapportering. Eventuelle endringar i modellen som er gjorde av TV 2 i årsrekneskapsrapporteringa, er gjennomgått, og det er innhenta ei grunngiving frå TV 2. BDO har også kontrollert at endringar er tatt inn i modellen på rett måte, og at tala som blir rapporterte i summeringsarka, stemmer overeins med input-data. Det er ikkje avdekt feil i funksjonaliteten eller sporbarheita i modellen. Kontrollen av endringar

som TV 2 har lagt inn, ser ut til å gi ei korrekt framstilling av kostnadsbildet i 2019.

I kontrollen av korleis TV 2 har følgt retningslinjene for rekneskapsmessig skilje, er dei enkelte retningslinjene vurderte opp mot TV 2s rapporterte allmennkringkastingsrekneskap for 2019 for å kontrollere at alle prinsippa er følgde i rekneskapen. Kontrollen avdekte ikkje avvik mellom TV 2s innrapporterte allmennkringkastingsrekneskap for 2019 og retningslinjene for rekneskapsmessig skilje. TV 2 har følgt retningslinjene som handlar om avgrensing av rekneskapsmessig skilje, grunnlag og revisjon, hovudprinsipp og særskilde krav til rapportering av «Nyheter Samlet». TV 2 har vidare følgt retningslinjene for fordeling av inntekter og kostnader.

Bak kamera i TV 2. Foto: TV 2



BDO har kome med ein merknad om at reklameinntektene frå TV 2 Sumo er fordelte flatt etter kor mange som har sett programma, der alle aldersgrupper tel likt, og at desse inntektene i prinsippet burde vore fordelte som andre reklameinntekter, det vil seie etter vekting av dei ulike aldersgruppene. For 2019 har fordelinga av denne inntekta i realiteten inga betydning for storleiken på kompensasjonen.

Det er grunn til å forvente at desse inntektene kjem til å auke i framtida. Medietilsynet vil vurdere å fastsette ein ny fordelingsnøkkel basert på vekta sjäing etter aldersgrupper for reklameinntekter frå TV 2 Sumo, med det vilkåret at TV 2 har tilgang til nødvendig datagrunnlag. Formålet er å sikre at fordelinga av desse reklameinntektene samsvarer med fordelingsprinsippet for andre reklameinntekter.

I gjennomgangen av kontrollhandlingane til revisor har BDO både gått gjennom funna til revisor per kontrollhandling, vurdert omfanget av og innhaldet i kontrollhandlingane til revisor. Gjennomgangen av funna til revisor viste at revisor har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og at ingen av

kontrollhandlingane har avdekt avvik. Vidare viste vurderinga av omfanget av kontrollhandlingane til revisor at alle dei avtalte kontrollhandlingane er gjennomførte, og at revisor enten direkte eller indirekte har kontrollert alle tabellane i allmennkringkastingsrekneskapen frå TV 2 for 2019. Dette betyr at kontrollen til revisor er i samsvar med det avtalte omfanget. Vurderinga av innhaldet i kontrollhandlingane til revisor viser at dei rapporterte kontrollhandlingane ser ut til å vere tenlege og tilstrekkelege for å sikre at den rapporterte allmennkringkastingsrekneskapen er rett og samsvarer med selskapsrekneskapen til verksemda. I vurderinga er det lagt vekt på kontrollen revisor har gjort av beløpsstorleikar og informasjon mot regnskapssystem, modellar og statistikk- og rapporteringsverktøy som ikkje andre enn TV2 og revisor har tilgang til.

BDO har gitt ein merknad om at det bør leggast inn eit nytt punkt i dei avtalte kontrollhandlingane som legg til rette for at kontrollen til revisor blir meir dynamisk utforma i framtida. Medietilsynet vurderer at det er viktig å sikre at eventuelle nye opplysningar eller tabellar i allmennkringkastarrekneskapen utover dei som er spesifiserte i kontrollhandlingane, også er avstemte og i tråd med retningslinjene for rekneskapsmessig skilje, og vil følge opp dette i fastsettinga av kontrollhandlingane for TV 2s revisor i forkant av neste års tilsyn.



Konklusjon:


Medietilsynet vurderer at TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2019. Revisoren til TV 2 har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og ingen av kontrollhandlingane har avdekt avvik. Rekneskapsresultatet tilseier dermed at TV 2 skal få full kompensasjon på 135 millionar kroner for 2019 for å levere allmennkringkastingsoppdraget.

Medietilsynet har komme til at TV 2 bryt eitt av vilkåra i lokaliseringskravet ettersom TV 2 ikkje fekk majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved hovudredaksjonen i Bergen før 1. august 2019, og det følger av allmennkringkastaravtalen at dette kravet skal vere oppfylt frå avtalen trer i kraft.

Medietilsynet vil reise eiga tilsynssak for brotet på kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette i TV-kanalen som er engasjerte i verksemda til TV-kanalen, skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen. I tilsynssaka vil Medietilsynet vurdere kva som utgjer nettokostnadene for dei forpliktingane som ikkje er oppfylte, og som skal komme til frådrag frå eller krevjast tilbake frå TV 2.

4

Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK



Eit av dei nye krava var at NRK fekk eit sjølvstendig ansvar for mediemangfaldet regionalt og nasjonalt.

Stortinget fastset dei overordna rammene for NRK i NRK-plakaten. Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i vedtekten til NRK, der NRK-plakaten er tatt inn i sin heilskap og utdjupa med meir detaljerte krav til allmennkringkastingsverksemda.

Oppdraget til NRK er blitt utvida og presisert gjennom dei siste åra. I desember 2017 blei vedtekten endra i tråd med den nye NRK-plakaten som Stortinget vedtok i juni same året. Innhaldet i den tidlegare NRK-plakaten blei i stor grad vidareført. NRK fekk samtidig nokre nye krav, og andre krav blei skjerpa. Eit av dei nye krava var at NRK fekk eit sjølvstendig ansvar for mediemangfaldet regionalt og nasjonalt. I desember 2019 blei enda eit nytt punkt i NRK-plakaten om at NRK skal ha eit særleg ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, tatt inn i del II av vedtekten til NRK. Det nye kravet gjeld frå 2020. Det blei samtidig gjort endringar i vedtekten som reflekterer at NRK framover skal finansierast over statsbudsjettet.

2019 var det siste året NRK blei finansiert gjennom ei kringkastingsavgift der NRK sjølv administrerte innkrevjing av avgifta. Stortinget sluttar seg til forslaget til regjeringa i Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – mediepolitikk for ei ny tid* (mediestøttemeldinga) om å avvikle kringkastingsavgifta frå 1. januar 2020. Frå same tidspunkt blir NRK finansiert gjennom ei løyving over statsbudsjettet. Omlegginga er grunngitt med at finansiering over statsbudsjettet er enkelt og ubyråkratisk, og at ein slik modell tar sosiale omsyn gjennom fordelingseigenskapane i det allmenne skattesystemet. Samtidig er modellen framtidsretta fordi han er uavhengig av den teknologiske utviklinga.

Den nye finansieringsmodellen saman med den nye ordninga med fireårige styringssignal for dei økonomiske rammene skal bidra til å gjere økonomien meir

føreseieleg og styrke sjølvstendet for NRK. Stortinget har også sluttat seg til at departementet kvart fjerde år skal vurdere om det er behov for endringar i allmennkringkastingsoppdraget, og sjå på korleis tilbodet til NRK påverkar kommersielle medium og det totale medietilbodet til publikum.

I første omgang er styringssignalene fastsette for perioden 2020–2022, der den økonomiske ramma for NRK blir justert årleg i takt med pris- og lønnsveksten, minus eit effektiviseringskrav på 0,5 prosent. Overgangen til den nye finansieringsordninga tar utgangspunkt i eit anslag for NRKs inntekter frå kringkastingsavgifta i 2019, og effektiviseringskravet er det same som regjeringa har stilt til andre statlege verksemder. Styringssignalene for NRK blir frå 2022 fastsette for fire år om gongen.

Krava i vedtekten til NRK ligg til grunn for Medietilsynets vurdering og tilsyn med korleis NRK oppfyller oppdraget sitt. 2019 er det andre året Medietilsynet har vurdert NRK etter dei nye vedtekten.

Det følger av kringkastingslova at Medietilsynet kvart år skal utarbeide ein rapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine. NRK og TV 2 har kvart sitt konkret definerte allmennkringkastaroppdrag. Tilsynet med allmennkringkastingsforpliktingane er basert på ein gjennomgang av allmennkringkastarrekneskapen til den enkelte kringkastaren, som gjer greie for programtilbodet det siste året og korleis forpliktingane er oppfylte. Generalforsamlinga til NRK følger opp Medietilsynets vurdering av NRK og eventuelle brot på krava i vedtekten. TV 2 kan ved brot på krava i allmennkringkastaravtalen få sanksjonar i form av åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt, i tillegg til ei avkorting i kompensasjonen.



Krava i vedtekten til NRK ligg til grunn for Medietilsynets vurdering og tilsyn med korleis NRK oppfyller oppdraget sitt.

4.1

Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2019 med utvalde hovudkonklusjonar

Tilsynsresultatet for programåret 2019 viser at NRK i det store og det heile oppfylte samfunnsoppdraget sitt i samsvar med krava. NRK har fått på plass eit jamleg program på radio for ungdom på samisk, og oppfyller for første gong på tre år kravet om eigne program for unge på dei samiske språka. NRK har i fleire år brote kravet til nynorsk på alle medieplattformer, men har i dei to siste åra auka bruken av nynorsk både på radio, tv og nett. I 2019 oppfylte NRK nynorskkravet på både radio og TV. Delen nynorsk på nett har auka til 18 prosent, men NRK er framleis langt unna kravet på minst 25 prosent.



Ihán er eit dagleg direktesend radioprogram til unge i tenåra på NRK Sàpmi DAB. Her med programleiarane Irjan Balto, Anders Nils Gaup og Kolbjørn Norvang. Foto: NRK



Nokre utvalde konklusjonar:

- NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt. Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga.
- NRK bidrar også til mediemangfald gjennom å legge til rette for samarbeid med andre medieaktørar. I 2019 er det gjennomført fleire kompetansetiltak der andre medieaktørar er inviterte til å delta, og NRK har deltatt i fleire journalistiske samarbeidsprosjekt.
- Allmennkringkastarrekneskapen til NRK for 2019 viser at NRK har eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, ei rekke debattprogram og faste program som forklarer nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. NRK hadde ei brei dekning av kommune- og fylkestingsvalet i 2019.
- NRK Nyheter produserer løpende nyhetsdekning på radio, TV og nett. NRK har i tillegg ein eigen nyhetskanal på radio, NRK Nyheter. Det lineære nyhetstilbodet på radio og TV er tilgjengeleg digitalt gjennom NRK TV og NRK Radio, og nyheter blir også publiserte gjennom sosiale medium. NRK produserer eigne nyhetsprogram for ulike aldersgrupper, blant anna *Supernytt* for barn, *N17* og *P3nyheter* for ungdom. NRK jobbar med å treffe fleire unge med nyhetsinnhaldet sitt, og lanserte i 2019 nyhetspodkasten *Oppdatert*, som er retta mot unge vaksne.
- Det samla tilbodet til NRK i 2019 hadde høg kvalitet og ei stor breidde i tematikk og sjangrar. NRK hadde eit solid innhaldstilbod som er ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap.
- NRK oppfyller krava til lokalt nærvær og lokal innhaldsproduksjon, og har

distriktsendingar alle kvardagar. I 2019 la NRK om distriktskontorstrukturen for å tilpasse seg den nye fylkesinndelinga frå 2020.

- NRK oppfyller kravet om å ha eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga og tilbod som appellerer til ulike aldersgrupper. NRK har også sendt program for nasjonale og språklege minoritetar i 2019.
- NRK har daglege program for den samiske befolkninga og bidrar gjennom programtilbodet sitt til å styrke samisk språk, identitet og kultur. NRK oppfyller også krava om jamlege program for både barn og unge på samisk.
- NRK oppfyller krava til å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon. NRK har daglege norskspråklege program for barn under tolv år og jamlege norskspråklege program for unge.
- NRK oppfyller kravet om 25 prosent nynorsk på radio og TV, men ikkje på nett.
- NRK oppfyller krava om å spele minst 40 prosent norsk musikk i NRK P1 og NRK P3 med god margin, og delen norsk musikk i NRK P2 ligg med 39,6 prosent marginalt under kravet.
- NRK arbeider systematisk og godt med universell utforming av innhaldstilbodet sitt og har eit breitt tilbod til syns- og høyrselshemma.
- NRK har hatt sportssendingar som dekker både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar, inklusive idrettsutøvingane til dei funksjonshemma.
- NRK oppfyller krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt og at NRK skal utvise særleg varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press, særleg i program retta mot barn og unge.

5

Vurdering av programverksemda til NRK i 2019

5.1

Den demokratiske rolla til NRK

Grunnlova § 100, sjette ledd

Dei statlege styresmaktene skal legge til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.

Vedtekten

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

NRK skal med det samla allmennkringkastingstilbodet sitt støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Det overordna kravet i § 12 fortel om formålet med allmennkringkastingsoppdraget til NRK. Vidare reflekterer § 13 korleis NRK har ein viktig funksjon knytt til det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjette ledd, som inneber at staten har ansvar for å legge til rette for kanalar og institusjonar som bidrar til ein open og opplyst offentleg samtale. NRK har eit særleg ansvar for å fremme den offentlege samtalen, og § 13 presiserer at dette inneber å legge til rette for ytringsfridommen og ytringsvilkåra til borgarane. Oppdraget til NRK inneheld fleire krav som skal sikre at NRK gir løpende oppdatert og fordjupande informasjon som er relevant for den offentlege debatten i eit velfungerande demokrati.

Vurderinga av korleis NRK oppfyller dei overordna krava i §§ 12 og 13, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller dei meir spesifikke krava til innhaldstilbodet i oppdraget sitt. Delvurderingane viser samla sett om NRK på eit overordna plan kan seiast å løyse allmennkringkastingsoppdraget på ein god måte.

Allmennkringkastarrekneskapen til NRK for 2019 viser at NRK har eit breitt innhaldstilbod på nyheits- og aktualitetsfeltet, ei rekke debattprogram og faste program som forklarer nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. I tillegg til den viktige funksjonen som nyheits- og debattformidlinga har for ein open og opplyst offentleg samtale, har NRK ein sentral funksjon i arbeidet for å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur – gjennom innhaldstilbodet og gjennom å synleggjere mangfaldet av språk, identitetar og kulturar i Noreg. NRKs samla publisering og innholdsproduksjon skal informere og opplyse, og ifølge NRK har borgarane mange høve til å ytre seg fritt om aktuelle saker gjennom NRKs tilbod på ulike medieplattformer.

Hovudmål og delmål i langtidsstrategien til NRK

NRK styrker og utvikler demokratiet

NRK bidrar til at folk forstår samfunnet, hverandre og seg selv bedre

NRK bidrar til et inkluderende og nysgjerrig Norge

NRK styrker norsk og samisk mediemangfold

NRK samler og engasjerer alle som bor i Norge

NRK tilbyr innhold som folk finner, velger og elsker

NRK er tett på publikum og er til for alle

NRK er den beste formidleren for norsk og samisk virkelighet

NRK skaper åpne møteplasser, ny forståelse og opplevelser som setter spor

NRK er en publisist og innholdsprodusent i verdensklasse

Vi kjenner folk i Norge best

Vi speiler befolkningen i innhold og organisasjon

Vi lærer, samarbeider og utforsker nye idéer

Vi styrker samspillet mellom innhold, teknologi og produktutvikling

Vi øker andelen ressurser til publisering og innhold

Politiske val er ein av dei viktigaste prosessane i eit velfungerande demokrati, og tilgangen til påliteleg og uavhengig informasjon er ein føresetnad for at borgarane skal kunne danne seg ei mening og gjere opplyste val. Under politiske val blir det stilt særskilde krav til NRK om å ha ei brei og balansert dekning, og til at alle parti over ein viss storleik skal bli omtalte, jf. vedtekten § 26. I 2019 var det kommune- og fylkestingsval i Noreg. NRK gjer greie for ei brei valdekning, både lokalt, regionalt og nasjonalt, der formålet er å bidra med relevant informasjon slik at publikum skal kunne delta aktivt og gi si stemme ved valet. NRK har også gjort undersøkingar som viser at innhaldet trefte breitt i befolkninga både aldersmessig og demografisk. I dekninga av valkampen samarbeidde NRK med andre mediehus på regionalt og lokalt nivå. Gjennom valdekninga bidrar NRK til å oppfylle det overordna kravet om å medverke til at befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne vere aktivt med i demokratiske prosesser.

NRKs langtidsstrategi for 2019 til 2022 reflekterer korleis NRK styrer verksemda etter formålet med allmennkringkastingsoppdraget. Hovudmåla i langtidsstrategien er at NRK styrker og utviklar demokratiet, samlar og engasjerer alle som bur i Noreg, og er ein publisist og innholdsprodusent i verdensklasse. Dei konkrete måla for prioritering av innhald og produktutvikling set NRK i publikumsstrategien. Delmåla blir reviderte kvart år, blant anna basert på analysar av utviklinga i samfunnet og i mediemarknaden. I 2019 la NRK særleg vekt på at endra mediebruk skaper behov for å finne nye måtar å samle og engasjere folk på, slik at NRK kan bidra til eit fellesskap der alle i Noreg kan delta i samfunnet og demokratiet. NRK vil derfor styrke samspelet mellom innhold, teknologi og produktutvikling og jobbar kontinuerleg for at publikum skal finne og velje innhald frå NRK i konkurransen med det beste medieinnhaldet frå heile verda.


I 2019 hadde NRK totalt 89 prosent dagleg dekning, ein auke på to prosentpoeng frå 2018. Bruken av innhaldet frå NRK på nett og mobil aukar i tråd med dei endra medievanane i befolkninga.

Prinsippet om at NRK skal vere redaksjonelt uavhengig, er grunnleggande for at NRK skal kunne ta hand om allmennkringkastingsoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Det er også viktig at NRK, ikkje minst i opplysningsaktiviteten sin, er balansert over tid.

NRK gjer greie for at verksemda jobbar målretta for å halde ein høg etisk standard i det journalistiske arbeidet, og følger medias felles etiske regelverk som Redaktørplakaten og Ver varsam-plakaten. NRK har på nokre område utarbeidd eigne presiseringar i ei eiga etikkhandbok som redaksjonelle medarbeidarar i NRK skal følge. Presseetikken gjeld heile den journalistiske prosessen, frå innsamling til presentasjon av det journalistiske materialet.

NRK viser vidare til at tilliten i befolkninga og eit godt omdømme er ein viktig indikator på at NRK har legitimitet i samfunnet. NRK har over fleire år lege høgt oppe på Ipsos MMIs liste over dei verksemde med best omdømme i Noreg. I 2019, som i 2018, var NRK nummer tre av 109 verksemder på denne lista. 82 prosent svarte at dei har eit særslig ganske godt totalinntrykk av NRK, ein auke på eitt prosentpoeng frå året før. 74 prosent svarte at dei har eit særslig ganske godt inntrykk av samfunnsansvaret og moralen til NRK, der NRK skårar høgare enn nokon av dei 109 andre verksemde. NRK gjennomfører også si eiga profilundersøking kvart år som målar kva oppfatning befolkninga har av NRK, og kor tilfredse dei er med NRK. NRK opplyser at også profilundersøkinga viser at den største styrken til NRK er at kringkastaren har så stor tillit og stort truverd i befolkninga.

Figur 6 – del som brukte dei ulike plattformene til NRK i 2018 og 2019 i prosent



* NRKs tilbod på nett omfattar nrk.no (på nett og mobil), NRK TV, NRK Radio, NRK via sosiale medium og podcastar frå NRK. Dagleg dekning i prosent. Frå og med juli 2018 blir også NRKs podcastar og NRK Radio målte i Forbruker & Media. Kjelde: Kantar, Forbruker & Media.

Konklusjon:

Medietilsynet har etter ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller dei ulike forpliktingane som blir stilte til allmennkringkastingsverksemda, komme til at dei overordna krava i vedtekten § 12 og 13 er oppfylte i 2019.



5.2

Bidrag til det norske mediemangfaldet

Vedtekten

§ 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt).



I 2019 blei Grethe Gynnild-Johnsen tilsett som NRKs første redaktør for mangfold og samarbeid. Foto: Anne Liv Ekroll, NRK

NRK oppfyller kravet om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet nasjonalt og regionalt blant anna gjennom oppdraget i NRK-plakaten, og gjennom samarbeid med andre aktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Da kravet blei innlemma i allmennkringkastaroppdraget i 2017, var det einigkeit i Stortinget om at NRK har eit ansvar for å sjå til at aktiviteten deira ikkje er til hinder for andre aktørar i den norske mediemarknaden.

For å kunne vurdere kva for følger NRKs nærvær har for konkurransen, må det gjennomførast empiriske analysar av konkurrancesituasjonen i dei ulike marknadene der NRK finst. Stortinget har sluttat seg til at det skal fastsettast fireårige styringssignal for dei økonomiske rammene for NRK, og at det i samband med desse styringssignalene er naturleg å vurdere kva for følger verksemda til NRK har for konkurrancesituasjonen.

I 2018 la Medietilsynet fram ei brei vurdering av korleis NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg. I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfold og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* (mediestøttemeldinga) la departementet til grunn dei vurderingane Medietilsynet hadde gjort av korleis nyheits- og aktualitetstilbodet til NRK på nett verka inn på konkurrancesituasjonen. Dei empiriske analysane som Medietilsynet henta inn i 2018, påviste ikkje at konkurransen frå NRK er årsaka til utfordringane dei kommersielle aktørane har. Det er dermed ikkje grunnlag for å meine at verksemda til NRK på nett i vesentleg grad innskrenkar høva dei kommersielle medieverksemndene har til å ta betalt for digitale nyheter. Men mediemarknaden er i stadig utvikling, og i meldinga kom det fram at departementet vil følge med på konkurransen frå NRK.

Medietilsynet legg til grunn at måten NRK påverkar kommersielle medium og det totale tilbodet til publikum på, skal vurderast i samband med dei fireåriga

styringssignal, og at Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for å initiere analysar av kva for innverknad NRK har på konkurransen i medie-marknaden. Medietilsynet kjem derfor ikkje til å vurdere kva for betydning NRK har for konkurransesituasjonen i mediemarknaden, i si årlege vurdering av kravet i NRK-plakaten om at NRK skal ha eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet.

Medietilsynet vil i vurderinga av dette kravet legge vekt på korleis NRK samla sett oppfyller oppdraget som er nedfelt i NRK-plakaten, og på det samarbeidet NRK har med andre medieaktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Medietilsynet vil også sjå på praksisen NRK har for ekstern lenking, kreditering og sitering.

NRK bidrar til mediemangfaldet i Noreg gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt. Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. I allmennkringkastarrekneskapen viser NRK at verksemda bidrar til innhaldsmangfold gjennom ei stor sjangerbreidde for breie og smale grupper, med innhald for alle aldersgrupper, ved å vere til stades i heile landet og kringkaste nyheter og aktualitet frå distrikta til eit nasjonalt publikum, og gjennom å tilby ei omfattande utanriksdekning. NRK gjer innhaldet tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne.

NRK viser til at ei av dei største utfordringane for norske medium er den globale konkurransen om tida og merksemda til publikum. NRK opplyser at ulike undersøkingar viser at globale aktørar tar ein stadig større del av mediebruken i befolkninga, særleg i dei yngre målgruppene. Norske redaktørstyrte medium er ifølge desse undersøkingane ikkje blant dei fem mest føretrekte plattformene for norske tenåringer, som er Snapchat, Instagram, YouTube, Facebook og Netflix. NRK meiner det handlar om å lage norsk kvalitetsinnhald som publikum ønsker



NRK viser til at ei av dei største utfordringane for norske medium er den globale konkurransen om tida og merksemda til publikum.

89%

av befolkninga brukte NRK kvar dag i 2019

å bruke tid på, innanfor dei åtte timane som befolkninga i gjennomsnitt bruker på ulike plattformer kvar dag.

I allmennkringkastarrekneskapen har NRK lagt ved tal frå Forbruker & Mediaundersøkinga til Kantar som viser at delen som bruker NRK kvar dag, har auka til 89 prosent i 2019 frå 87 prosent i 2018. NRK har eit mål om 80 prosent dagleg dekning i alle målgrupper. NRK viser til at innvandrarbefolkninga har ei yngre alderssamsetning enn befolkninga elles, og at medievanane deira samsvarer meir med mediebruken til dei yngre målgruppene. I gruppa 12 til 29 år bruker 80 prosent NRK dagleg. I innvandrarbefolkninga bruker 79 prosent NRK dagleg, noko som viser at NRK ikkje når målet om å nå fire av fem dagleg i denne gruppa.

Medietilsynet vurderer at tala viser at NRK langt på veg lukkast med målet sitt om å nå breitt ut, både gjennom å publisere innhaldet på dei medieplattformene folk bruker, og ved å ha eit variert innhaldstilbod til både breie og smale grupper i befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK har vist at verksemda jobbar aktivt med å nå fleire av dei yngre publikumsgruppene og ulike minoritetsgrupper som i mindre grad nyttar norske nyheitsmedium, blant anna gjennom ulike strategiar for publisering på dei medieplattformene som dei ulike gruppene bruker, og ved å sikre representasjon frå ulike kulturar. Samla sett bidrar det til å gjøre NRK til ein felles referanse for aldersgrupper og målgrupper som elles har svært ulike medievanar.

Medietilsynet vurderer om NRK bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom samarbeid med andre, ut frå om NRK kan dokumentere at dei er ein open og aktiv initiativtakar til samarbeid, og om alle medieaktørar på regionalt og nasjonalt nivå får like høve til å inngå samarbeid. Frå 1. april 2019 har NRK hatt ein eigen redaktør for mediemangfald og samarbeid. Ho skal vere pådrivar og initiativtakar

til auka samarbeid og kompetansedeling med norske medieaktørar og samfunnsaktørar til beste for publikum. I løpet av 2019 har redaktøren hatt 34 møte med andre mediehus, mediekonsern og premissleverandørar som medieorganisasjonar, redaktørforeiningar, Norsk Journalistlag, forskrarar, utdanningsinstitusjonar, Medietilsynet, kompetansebedrifter og interessegrupper.

NRK gjer greie for at to ønske går tydeleg igjen frå aktørane dei har hatt møte med: 1) hjelp til kompetanseløft, spesielt hos små og mellomstore mediehus, og 2) hjelp til å lage kvalitetsjournalistikk for publikum over hele landet. I 2019 har NRK gjennomført desse kompetansetiltaka der andre er inviterte til å delta:

- NRK opna den interne årlege fagdagen sin med 26 ulike sesjonar på Marienlyst for andre mediehus og produksjonsselskap. 102 eksterne aktørar frå heile landet var påmelde. NRK opna også faglege arrangement ved distriktskontora og i NRK Sápmi, og vil vidareføre dette.
- NRK heldt to kurs i «sjølvgrabbing» av klipp frå arkivet sitt med nærmare 60 påmelde mediehus og produksjonsselskap. Planen er å vidareføre dette opplegget årleg. NRK vurderer å plassere ut PC-stasjonar ved distriktskontora til NRK for å forenkle tilgangen på arkivklipp for mediehus over heile landet.
- NRK hadde ein innovasjons- og utviklingsdag med innføring i korleis NRK fornyar og forbetrar eksisterande program på alle plattformer. Det var 57 påmelde frå mediehus over heile landet. Dei hadde også eigne idear som blei utvikla i arbeidsgrupper under arrangementet. NRK vil vidareføre dette i 2020 med eit regionalt arrangement i nord og eit nasjonalt arrangement.
- NRK-medarbeidarar har bidratt med spisskompetanse gjennom å delta på ulike landsmøte og konferansar. Analyseavdelinga til NRK har også delt innsikta si og bidratt med målretta analysar til andre.
- NRK har opna etikk-kurs over heile landet for lokale mediehus/lokalradioar.



I oktober 2019 inviterte NRK medieaktørar frå heile landet til kurset «Opent arkiv» om tilgang til arkivklipp frå NRK.

Foto: Lotten Christiansen



Under valet gjennomførte NRK fleire journalistiske samarbeidsprosjekt. Her fra Trøndelag der NRK samarbeidde med lokale og regionale medium.
Foto: Linda Bjørgan, NRK

I 2019 gjennomførte NRK fleire journalistiske samarbeidsprosjekt. Under kommune- og fylkestingsvalet hadde NRK eit omfattande samarbeid over heile landet gjennom folkmøte og debattar. Samarbeidet resulterte i overkant av 100 arrangement som blei sende på nett, TV og radio. På initiativ frå Morgenbladet samarbeidde NRK, Dagens Næringsliv og Morgenbladet om eit større demokratiprojekt der meiningsmotstandarar møttest i opne samtalar der dei skulle lytte til kvarandre. 25. mai deltok rundt 1000 samtalepar i «Hele Norge snakker», som blei sendt på mange plattformer over heile landet. NRK har også deltatt i fleire enkeltståande, mindre samarbeidsprosjekt, for eksempel mellom NRK Innlandet og avisas Dølen i dekninga av saka om omgjeringa av høgfjellshotellet Rondablikk til asylmottak. NRK bidrog primært med reportasjeleiing (i samarbeid med Senter for undersøkande journalistikk i Bergen, SUJO) og forundersøking. NRK og Landslaget for lokalaviser starta i september 2019 eit fellesprosjekt som skal gi meir journalistikk og bidra til auka deltaking og opplysning for publikum i lokalsamfunn over heile landet. Konkrete resultat av prosjektet er forventa våren 2020. SUJO deltar også i prosjektet.

NRK deler systematisk på videostrøymar av hendingar som blir definerte som felleshendingar slik at media i større utstrekning kan konkurrere på journalistikk rundt hendingane. NRK har eit prinsipp om at NRKs delepraksis ikkje skal vere i konkurranse med kommersielle tilbod.

I 2016 vedtok NRK retningslinjer for sitering og kreditering. NRK skal ha ein rettskaffen siteringspraksis og vere forsiktig med å sitere for mykje for å unngå å fjerne insitamentet til å lese originalsaka. NRK skal alltid ha som mål at publikum får ein meirverdi ved å gå til den opphavlege kjelda. Krediteringspraksisen til NRK skal vere konsekvent og raus, og NRK har som mål at kreditering gjennom lenking kan gi meirverdi for dei medieaktørane som NRK lenkar til.

Medietilsynet vurderer det slik at NRK har ein formålstenleg strategi for sitering og kreditering som er i tråd med føresetnadene om at NRK bør ha ein konsekvent og raus praksis, vere tilbakehalden med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert berre for abonnentane, og at NRK aktivt bør samarbeide med andre medieaktørar der det er naturleg. Dette bidrar til å halde ved lag eit mangfald av uavhengige nyheits- og aktualitetsmedium og er derfor viktig i eit mediemangfaldsperspektiv.


NRK har ikkje lagt fram statistikk for lenking i 2018 og 2019. Tidlegare analysar som Medietilsynet har henta inn, indikerte at NRK i avgrensa grad viser til nettavisene til andre medieaktørar, men i stort omfang lenkar til eigne nettsider. Dette blei også bekrefta i spørjeundersøkinga Medietilsynet gjennomførte i 2018, der mange aktørar svarte at dei opplever at NRK i mindre grad lenkar til originalinnhaldet deira enn siterer og krediterer. Medietilsynet meiner den eksterne lenkinga til NRK har størst effekt i eit mediemangfaldsperspektiv dersom det blir lenka til andre redaktørstyrte medium som produserer originaljournalistikk. Gjennom ekstern lenking kan NRK også sjølv bidra til å bøte på det potensielle problemet med at NRK tar mykje nettrafikk frå andre aktørar.

NRK gjer greie for at det også er ønskeleg med eit utvida samarbeid med samfunnsaktørar som har den kompetansen, kunnskapen og innovasjonskrafta som NRK og norsk mediebransje har behov for i framtida. Arbeidet med å utvikle ein sterkare nettverks- og innovasjonskultur er starta gjennom møte med viktige aktørar som Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) i Trondheim, kunnskapsbedriftene i Media City i Bergen, i arbeidet med planar for å samlokalisera nynorskMiljøa i Førde, i tillegg til andre bedrifter som kan ønske å styrke kompetansen til kvarandre. NRK vil målrette dette arbeidet ytterlegare i 2020.

Frå 1. januar 2020 har NRK fått utvida allmennkringkastaroppdraget med eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner. NRK har starta eit arbeid for å komme fram til ei felles forståing av kva tematiske og geografiske blindsoner som finst i Noreg. Planen er å tydeleggjere rammeverket i løpet av 2020, og NRK vil løfte dette i samtalene med andre mediehus og interesseorganisasjonar. NRK opplyser at klimajournalistikk er ei tematisk blindsone verksomma allereie har tatt tak i. Ein klimaredaksjon med ti medarbeidarar er etablert i Trondheim og Bergen. Målet NRK har med klimajournalistikken, er å sette alle i Noreg i stand til å delta i klimadiskusjonane og gjøre gode val, og på den måten styrke og utvikle demokratiet.

Medietilsynet meiner det er positivt at NRK har starta arbeidet med å utvikle rammeverket for å følge opp det som finst av tematiske og geografiske blindsoner i Noreg. At det redaksjonelle nærværet til NRK er så geografisk spreidd, er viktig for at NRK skal kunne ta hand om den delen av kravet som gjeld geografiske blindsoner. For å få kunnskap om det manglar journalistisk dekning av bestemte tema eller geografiske område, må det gjennomførast empiriske undersøkingar. Medietilsynet er i gang med å etablere ein mediemangfaldsrekneskap, som årleg skal presentere status for avsendar-, innhalts- og

Arbeidet med å utvikle
ein sterkare nettverks- og
innovasjonskultur er starta





Noe er i ferd med å skje med Norge

NRK har i 2019 styrkt
klimajournalistikken.
Foto: Patrick da Silva
Sæther, NRK

bruksmangfaldet i den norske mediemarknaden. Arbeidet skal bidra til å avdekke om det er slike blindsoner i dekninga til norske redaktørstyrte journalistiske medium, særleg gjennom dei årlege undersøkingane av status for innhaldsmangfaldet. Medietilsynet ser fram til den vidare dialogen med NRK om rammeverket for å følge opp desse nye krava i allmennkringkastaroppdraget.

Medietilsynet vil fortsette dialogen med NRK i 2020 om kva faktorar som gir gode mål på NRKs bidrag til mediemangfaldet, og korleis NRK skal rapportere i allmennkringkastarrekneskapen sin.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt.

5.3

Høg kvalitet, mangfold og nyskaping

Vedtekten

§ 21 NRKs tilbud skal i hovedsak være av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høy kvalitet, mangfold og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRK skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 38 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom programmer av høy kvalitet.

§ 39 NRK skal være nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling

§ 40 NRK skal kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbuddet.

§ 43 NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhold tilrettelagt for skoleverket.

§ 51 NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltagelse

5.3.1 Eit tilbod av redaksjonell karakter

Kravet om at tilboden til NRK i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, understrekar at allmennkringkastingsoppdraget til NRK skal bli oppfylt gjennom å tilby tenester som primært er redaksjonelt funderte, og avgrensar tydeleg høvet NRK har til å opprette nye nyttetenester. I såkalla nyttetenester ligg den primære funksjonen og verdien for brukarane i nytteverdien. Eksempel på ei slik nytteteneste er yr.no.

NRK har ikkje søkt om førehandsgodkjenning av nye tenester i 2019, og Medietilsynet kjenner ikkje til at NRK i 2019 har lansert nye tenester som primært har ein nyttefunksjon.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer derfor at NRKs tilbod i hovudsak var av redaksjonell karakter i 2019.

5.3.2 Innsikt, refleksjon og kunnskap

I allmennkringkastingsoppdraget til NRK er det stilt fleire krav til at tilboden fra NRK skal ha høy kvalitet, vere nyskapande, mangfoldig og appellere til ulike grupper, og til at tilboden skal vere ei kjelde til innsikt og refleksjon.

Fleire framstillingar i allmennkringkastarrekneskapen til NRK viser at innhalts-tilboden frå NRK på alle plattformer har høy kvalitet og stort mangfold, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi. I allmennkringkastarrekneskapen uttrykker NRK at ein del av kjernen i allmennkringkastinga er å opplyse og informere, og gjennom dette sette publikum i stand til å gjøre gode val for seg sjølv og delta i demokratiet. Blant måla NRK har for tilboden, står det at «NRK bidrar til et inkluderende og nysgjerrig Norge» og «NRK bidrar til at folk forstår samfunnet,

hverandre og seg selv betre». I langtidsstrategien har NRK denne formuleringa: «NRK skaper åpne møteplasser, ny forståelse og opplevelser som setter spor».

Nokre eksempel frå innhaldstilbodet i 2019 er *Ikke spør om det*, som svarer på vanskelege spørsmål, *Matsjokket*, der norske kjendisar får sjokk over sitt eige og andre sitt matsvinn, *Innafor*, om fenomen og miljø som utfordrar den unge generasjonen, *Heile historien*, podkast-dokumentarar med store historier fra

norsk røyndom og *Lørdagsrådet*, med rådslaging om livets små og store flokar. NRK sende også *Trygdekontoret* på tiande året, og det undersøkande programmet *Brennpunkt*. Ei av dei mest lesne nettsakene til NRK, *Først da Mats var død, forsto foreldrene verdien av gamingen hans*, handla om det som for mange er ukjende sider ved spelverda, og saka har hatt godt over éin million sidevisningar. Digitalforteljinga *Jakten på klimaændringene* er eit anna eksempel på innsiktsjournalistikk med nærmare éin million sidevisningar.

I *Matsjokket* får norske kjendisar innsyn i sitt eige matsvinn – og andre sitt. Foto: Martin Leines, NRK



Medietilsynet vurderer at NRK ved å vere nyskapande på ein fordjupande og engasjerande måte som treffer breitt, tilfører ein samfunnsverdi i det totale innhaldstilbodet som er tilgjengeleg for publikum.


NRK arrangerer kvart år 400 til 450 interne arbeidsmøte om utvikling av innhald på alle plattformer og innanfor alle sjangrar. Arbeidsmøta blir arrangerte over heile Noreg og resulterer i stadig fleire publiserte prosjekt. NRK innrettar alltid utviklingsarbeidet mot ei målgruppe, skaffar seg innsikt i den aktuelle målgruppa og lagar historieforteljingar som treffer publikum. NRK peiker på at arbeidet for å utvikle radioinnhaldet har vore sentralt i 2019, blant anna er kulturinnhaldet i NRK P2 og NRK P3 endra med bakgrunn i innsikta dei har fått, i kva behov publikum har.

Nyheitsformidlinga er også endra i 2019, blant anna med nye program som skal bidra til å nå eit breiare publikum. *N17* er eit eige nyheitstilbod for syttenåringar som blir formidla via YouTube-kanalen og Instagram-kontoen til NRK Nyheter. Ei anna nyskaping er debattkonseptet *Einig?*, som er eit program der diskusjonar om viktige tema går føre seg heilt utan kranglar og førebudde talepunkt. Utviklingsarbeidet knytt til dette programmet gjorde at det har blitt eit undervisningsopplegg for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) i vidaregåande skole. NRK har også sett i gang utviklingsprosjekt for å fornye *Dagsrevyen*, *Distriktsnyhetene*, utanrikssendingane og radionyheitene. Nyheitsdivisjonen og P3 utvikla også ei rekke nye innhaldstilbod, både lineært og digitalt, i dekninga av kommune- og fylkestingsvalet i 2019. Eit eksempel er partileiardebatten til NRK Super, *Supernyttdebatten*, som var spesielt tilpassa barn.

NRK viser også til at utviklinga av tilbod innanfor humorsjangeren har vore sentralt i 2019. Nokre eksempel er serien *Førstegangstjenesten*, som har hatt eit sjåarsnitt

Morten Marius Skau og Nora Finnøen Nybakk frå serien
Ikke spør om det. Foto:
Anders Leines, NRK





Den største TV-produksjonen
til NRK Sport i 2019 var
NM-veka

på over to millionar, og podkasten *Friminutt*, som nyleg blei kåra til den største podkasten i Noreg. *Helt Ramm Alpestreker* er eit anna program innanfor humor-sjangeren som har vore retta inn mot mange publiseringsplattformer, og som har nådd mange millionar brukarar.

Den største TV-produksjonen til NRK Sport i 2019 var *NM-veka*, der noregsmeisterskapet i mange mindre idrettar blei samla til eitt felles arrangement. NRK sende 19 ulike idrettar direkte, og formidla til saman 39 idrettar gjennom heile arrangementet. *NM-veka* var ifølge NRK ein viktig innovasjonsarena for både historiefortelling og teknologiutvikling. Andre arrangement i 2019 var konsertproduksjonar, klassisk ønskekonsert, Oslo-Filharmoniens sommarkonsert og idrettsgallaen. Under idrettsgallaen tok NRK i bruk nye kvalitative og kvantitative målemetodar for interesse og omdømme.

Mediebedriftenes Landsforening (MBL) kåra NRK til Årets Mediehus i 2019, blant anna grunngitt med at NRK har «et av landets beste utviklingsmiljøer, og deler åpent av sin kunnskap med resten av bransjen».

Det følger av allmennkringkastarrekneskapen at det samla tilbodet til NRK i 2019 hadde ei stor breidde i tematikk og sjangrar. Kanalane til NRK på TV og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordjupande og kunnskapsorienterte kanalane NRK2 og NRK P2 og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super / NRK3 og NRK P3. I tillegg har NRK ei rekke digitale radiokanalar med ulik profil og eit omfattande tilbod på nett og mobil. Medietilsynets vurdering av dei spesifikke krava i oppdraget til NRK og det samla innhaldet til NRK, er at NRK har eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga og tilbod som appellerer til ulike aldersgrupper.

NRK viser til at sjangerbreidda i innhaldet er viktig for at NRK skal vere relevant for eit breitt publikum kvar dag. Underhaldning og andre arrangement famnar mange og bidrar til at NRK kan vere ein samlande fellesarena. Publikumsundersøkingar NRK har gjort, viser eit tydeleg behov for å samle familien i helgene, og at unge menneske treng rom for å kople av frå press om prestasjonar og forventningar i kvardagen. Kravet om auka samfunnsverdi løysjer NRK blant anna gjennom mål om at tilbodet skal ha ein distinkt NRK-kvalitet og tydeleg allmennkringkastarprofil. I 2019 sende NRK Kongen av Gulset, ein TV-serie om oppveksten til filmskaparen Jonis Josef som har som mål å skape ei kjensle av fellesskap og aksept, minske forskjellar og polarisering i samfunnet, bryte ned fordommar og føre folk nærmare kvarandre. Det direktesende underhaldningsprogrammet Alle mot 1 har som mål å samle familien om ei felles oppleving og interaktiv deltaking gjennom å gjette på utfallet av eksperimenta i programmet. NRK P3 er radiokanalen for tenåringar der NRK har fleirkulturelle og norske radioprofiler. Målet er å gjere dei unge trygge på sin eigenverdi, gi tilknyting, senka skuldrer og inspirerande møte mellom personar som er viktige for målgruppa.



Humorserien *Kongen av Gulset* skildrar ungdom som står i fleire kulturar. Foto: Torstein Østberg, Spark AS/NRK

NRK måler oppfatninga som publikum har av NRK, i si løpende profilundersøking. I 2019 meinte 77 prosent av respondentane at NRK er viktig for samfunnet, 76 prosent at NRK tilbyr innhald av høg kvalitet, 90 prosent at NRK tilbyr truverdige nyheter, informasjon og dokumentarar, og 59 prosent at NRK tilbyr unikt innhald.

Programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og refleksjon, er informasjonsprogram, nyheter, aktualitetar, samfunnspogram, kulturprogram, naturprogram, vitskapsprogram og dokumentarar. Nokre eksempel på faste programpostar i 2019 er *Newton*, *Folkeopplysningen*, *Innafor*, *Kva feiler det deg*, *Ut i naturen*, *Språkteigen*, *Museum*, *P3-dokumentar*, *Urix*, *Ukeslutt*, *Dagsnytt 18* og *Brennpunkt*. NRK har eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod og program med undersøkande journalistikk som bidrar til å gi innsikt, refleksjon og kunnskap. Dette tilbodet blir omtalt nærmare under vurderinga av krava til nyheits- og aktualitetsdekninga. NRK lagar også fordjupande seriar som podcast, som til dømes *Heile historien*, og lagar jamleg fordjupande saker på nett fleire dagar i veka.

Programstatistikken for 2019 viser at fakta- og vitskapsprogram utgjer ein stor del av tilbodet frå TV-kanalane til NRK. Frå 2018 til 2019 hadde NRK1 ein liten auke i prosentdelane både innanfor «generelle fakta / samfunn» (frå ni til ti prosent) og «natur og vitskap» (frå fem til sju prosent). NRK2 hadde i 2019 22 prosent «generelle fakta / samfunn» og 11 prosent «natur og vitskap» mot respektive 19 og 13 prosent i 2018. NRK3 hadde ein nedgang i delen «generelle fakta / samfunn» frå 17 prosent i 2018 til 14 prosent i 2019 og ei auke i delen «natur og vitskap» frå fire til seks prosent frå 2018 til 2019. NRK har eit breitt tilbod innanfor fakta og informasjon både på radio, TV og nett.




Serien Jorden rundt på seks steg testar teorien om at alle på kloden er forbundne gjennom seks kjenningar. Her med Cecilie og Else Kåss Furuseth. Foto: Mexiko Media/NRK



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å arbeide for høg kvalitet, mangfold og nyskapning, at allmennkringkastingstilbodet skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleveling og kunnskap gjennom program av høg kvalitet, og at NRK skal vere nyskapande og bidra til kvalitetsutvikling. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfyller kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er også at NRK oppfyller kravet om å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.



NRK Skole tilbyr blant
anna matteundervisning
med Tom Olav.
Foto: NRK

5.3.3 Utdanning og læring

NRK Skole tilbyr innhald tilrettelagt for skoleverket. Målgruppa er lærarar, og ifølge NRK fordeler bruken av tilbodet seg jamt mellom lærarar i grunnskolen og vidaregåande skole. Innhald produsert i heile NRK, blir omarbeidd og kopla til konkrete læringsmål i læreplanverket til skolen. NRK Skole produserer også eige innhald, gjerne saman med eksterne samarbeidspartar. Om lag 7 000 klipp er tilgjengelege som bidrag til undervisninga på dei fleste trinn og i dei fleste faga. NRK Skole-redaksjonen har tett og brei kontakt med lærarane gjennom konferansar, fokusgrupper, nyheitsbrev og sosiale medium.

I 2019 har NRK Skole laga nytt innhald til dei nye lærarplanane som gjeld frå hausten 2020, mellom anna 50 korte animasjonsfilmar om det tverrfaglege temaet livsmeistring og psykisk helse og 40 filmar om personleg økonomi. Eit stort prosjekt om det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling er også påbegynt, og her samarbeider NRK Skole med [miljøstiftelsen LOOP](#). Vidare har NRK Skole bygd ut prosjektet Musikkparken, med pensum for musikkfaget i vidaregåande skole med 130 korte filmar om instrument og musikkproduksjon. I samarbeid med Vitensenterforeningen, Lær Kidsa Koding og NRK Super har NRK Skole [eit treårig prosjekt, Super:bit](#), som skal gi alle sjetteklassingar høve til å lære seg å programmere ved hjelp av micro:bit og anna utstyr. Ein ny versjon av Sjakkskolen blei også lagd ut på NRK Skole i 2019.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å bidra til utdanning og læring, medrekna å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.

5.3.4 Bruk av andre medieplattformer

NRKs TV- og radio- sendingar og program er tilgjengelege på internett gjennom strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio. Endringane i mediebruken i befolkninga gjer at dei lineære TV- og radiokanalane gradvis mister oppslutning, mens bruken av strøymetenester aukar. Sjølv om det er den yngre delen av befolkninga som strøymer mest, ser NRK at også eldre strøymer meir. Dette gjer at strøymetenestene til NRK TV og NRK Radio blir stadig viktigare. NRK gjer greie for at innhald for alle aldersgrupper blir presentert i tenestene, og at det blir lagt til rette for at alle skal få lett og enkel tilgang til innhaldet som er relevant for dei.

NRK har på spørsmål fra Medietilsynet opplyst at publikumsservice svarer på spørsmål om DAB, NRK Radio, NRK TV og korleis ein kan laste ned podkast.

NRK har også ei eiga brukarstøtteside: info.nrk.no. NRK bruker vidare dei redaksjonelle flatene til å gi tips om tilbodet på andre plattformer. I NRK P1+ blir gjester inviterte som kan forklare den eldre delen av publikum kvar ein finn godt innhald, og korleis ein kan bruke dei nye tenestene. Ut frå ein tanke om at innhald stimulerer til ny bruk, lanserer NRK stadig innhald for dei eldre målgruppene på andre plattformer.

Hausten 2019 starta NRK eit samarbeid med Kompetanse Noreg om å få fleire til å bruke internett. Prosjektet jobbar ut frå ein grunntanke om at dei som ikkje er på internett, er hos NRK på lineær-TV og på radio. NRK har tilgang til merksemda frå målgruppa og kan lage medieinnhald av høg kvalitet. Kompetanse Noreg bidrar med pedagogikk, læringsmateriale og erfaring frå prosjektet Digidel. Digidel er ein nettstad initiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som tilbyr gratis læringsressursar for dei som driv opplæring i grunnleggande digitale ferdigheter. NRK opplyser at samarbeidsprosjektet skal utviklast vidare i løpet av 2020.



Konklusjon:

Medietilsynet har komme til at NRK i 2019 oppfyller kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar.



Underhaldningsprogrammet *Alle mot 1* inviterte sjåarane til deltaking gjennom ein interaktiv mobil-app. Her med programleiarane Selda Ekiz og Ole Rolfsrud. Foto: Helene Kleiveland, Nordisk Film TV/NRK

5.3.5 Interaktiv deltaking

NRK nyttar quiz-formatet både til lærings- og underhaldning, til dømes om språk, geografi, natur, musikk, film, litteratur og sport. I 2019 har NRK vidareutvikla dette formatet og viser til at quizar skaper engasjement og blir hyppig delte i sosiale medium. Nokre eksempel frå 2019 er appen i laurdagsunderhaldninga *Alle mot 1*, der sjåarane nyttar appen for å svare på ulike oppgåver i konkurransen med deltakaren i studio, og spelet «100 meter quiz» med spørsmål om dei nominerte til *Idrettsgallaen*. NRK nyttar også quizar om aktuelle tema i nyhetsbildet og lagar humoristiske «Test deg sjølv»-quizar. NRK Sport lanserte i 2019 eit såkalla manager-spel der brukaren kan sette opp lag til ulike meisterskap. I tilknyting til kommune- og fylkestingsvalet utvikla NRK ein valomat som blei nytta 1,8 millionar gonger fram mot valdagen.


NRK Super har eit utval gratis spel som egnar seg for målgruppa på nrksuper.no, og nyttar Svar-o-meter-appen til å invitere barna til å svare på spørsmål. På denne måten bruker NRK Super interaksjon med barna for å få fortalt nyheter på ein annleis måte.



Konklusjon:


Medietilsynet har komme til at NRK i 2019 oppfyller kravet om å ha eit breitt og løpende oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking.

5.3.6 Programstatistikk NRK TV



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga

Figur 7 – programstatistikk for NRK1



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga


Figur 8 – programstatistikk for NRK2

Programkategori	Timar	Prosent
Drama	1 961	24,3 %
Nyheter	1 231	15,2 %
Fritid/hobby/livsstil	1 206	14,9 %
Sport	966	12,0 %
Generell fakta / samfunn	794	9,8 %
Underholdning	717	8,9 %
Natur og vitskap	580	7,2 %
Musikk	393	4,9 %
Kunst og kultur	199	2,5 %
Religion/filosofi	26	0,3 %

8 074 100,0 %


Programkategori	Timar	Prosent
Drama	622	8,2 %
Nyheter	1 730	22,7 %
Fritid/hobby/livsstil	839	11,0 %
Sport	457	6,0 %
Generell fakta / samfunn	1 650	21,7 %
Underholdning	392	5,1 %
Natur og vitskap	843	11,1 %
Musikk	624	8,2 %
Kunst og kultur	408	5,4 %
Religion/filosofi	56	0,7 %

7 621 100,0 %



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga


Figur 9 – programstatistikk for NRK3



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga


Figur 10 – programstatistikk for NRK Super

5.3.7 Programstatistikk NRK radio



Kjelde: Nielsen, PPM


Figur 11 – programstatistikk på NRK P1



Kjelde: Nielsen, PPM


Figur 12 – programstatistikk på NRK P2

5.3.8 Programstatistikk NRK nett



Kjelde: Nielsen, PPM

Figur 13 – programstatistikk på NRK P3



Kjelde: NRK Statistikk

Figur 14 – programstatistikk for NRK nett

Artiklar	Tal på artiklar	Prosent
Distrikt – innanriks	10 306	45,5 %
Nyheter – utanriks	2 743	12,1 %
Nyheter/politikk – innanriks	2 658	11,7 %
Sport	2 156	9,5 %
Kultur og underhaldning	1 081	4,8 %
NRK Sápmi	491	2,2 %
NRK Super	89	0,4 %
Andre	3 122	13,8 %
Totalt	22 646	100,0 %

5.4

Nyheits- og aktualitetsdekninga

Vedtekten

§41 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbuddet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 42 NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold.

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- nasjonale og internasjonale nyheter
- fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål

§ 26 NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg.

Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

§ 27 NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

5.4.1 Et breitt nyheits- og aktualitetstilbod, fakta og bakgrunnsinformasjon

Den strategiske føringsa for NRKs nyhetsarbeid er «først – med hele bildet», noko NRK forklarer at inneber å gi ei grundig og balansert dekning av det løpende nyheitsbildet, oppdatere publikum på dei viktigaste nyheitssakene til kvar tid og sette dagsordenen med eigne saker. Allmennkringkastarrekneskapen viser at NRK i 2019 hadde eit omfattande tilbod av nyheter og aktuelle saker på TV, radio, nett og mobil. NRK Nyheter produserer løpende nyhetsdekning på radio, TV og nett. NRK har i tillegg ein eigen nyhetskanal på radio, NRK Nyheter. Det lineære nyhetstilbodet på radio og TV er tilgjengeleg digitalt gjennom NRK TV og NRK Radio, og nyheter blir også publiserte gjennom sosiale medium.


NRK har tre grunnpilarar i nyheitssatsinga si: løpende nyhetsoppdatering, gravande journalistikk og løysingsorientert journalistikk. Nyhetsdivisjonen og distriktsdivisjonen samarbeider tett om å dekke dei løpende sakene til TV, radio og nett, og i gravesakene er det også samarbeid med andre miljø i NRK. I 2019 styrkte NRK arbeidet med gravande og undersøkande journalistikk som engasjerer og set nasjonal dagsorden. Klimakrisa er eit saksområde som blei prioritert, både i form av ein strategi for klimajournalistikken og ei ny organisering av den redaksjonelle satsinga med ein nyhetsdesk i Oslo, i tillegg til djupneggrupper i Bergen og Trondheim. Delen klimanyheter auka i 2019. Dei tre overordna prinsippa for innhaldet er at NRK skal forklare, engasjere og ansvarleggjere. Alle saker om klima og miljø blir samla på nrk.no/klima.



Dagsrevyen – frå venstre Ingvild Bryn, Rima Iraki, Cato Husabø Fossen, Yama Walasmal, Nina Owing, Ingerid Stenvold og Atle Bjurstrøm. Foto: Ole Kaland, NRK

Eit anna satsingsområde for NRK i 2019 var å treffe fleire unge med nyheitsinnhaldet. *N17* er eit prosjekt der ein eigen redaksjon frå NRKs nyheitsdivisjon produserer og publiserer nyheitsinnhald retta mot ungdom i aldersgruppa 13–19 år. På slutten av 2019 lanserte NRK nyheitspodkasten *Oppdatert*, som er retta mot unge vaksne. Vidare peiker NRK på at mange, ikkje minst unge menneske, blir

nyheitsunnvikarar fordi konflikt, skandalar og elende får for stor plass i nyheitsbildet. NRK Nyheter jobbar målretta for å finne saker som gir inspirasjon og håp. Nokre eksempel frå 2019 er reportasjen frå Ghana om kampen for gjere hovedstaden Accra til Afrikas reinaste by og reportasjen om 13 år gamle Sander som samla inn pengar til julegåver til Frelsesarmeene. *Supernytt* er NRKs nyheter for



I podkasten *Oppdatert* gir programleiar Ragna Nordenborg deg det du treng for å forstå overskriftene. Foto: NRK

barn, og barn opptrer dagleg som meiningsberarar og/eller ekspertar i sendingane. NRK P3 og NRK mP3 har eit nyheitstilbod som er tilpassa yngre lyttarar, med P3nyheter som også blir publisert på sosiale medium.

NRK P1 er beredskapskanalen på radio og gir løpende oppdatering av nyhetene regionalt og nasjonalt når nyheitsbildet krev det. Korte nyheitsbulletinar blei sende i *Dagsnytt* gjennom heile døgnet. Dei daglege nyhetsprogramma *Nyhetsmorgen*, *Nyhetslunsj* og *Nyhetsettermiddag* blei sende i NRK P2. NRK P2 tilbyr fordjupning, kommentarar og analyser av nyheitssakene. NRK Alltid Nyheter gir eigne oppdateringar av nyhetene og samsender i tillegg nyheitsflater på andre kanalar, både på radio og TV. *Nyhetsmorgen* på NRK P2 blei i 2019 også ei TV-sending. *Ukeslutt* blei sendt i NRK P1 og NRK P1 kvar veke på laurdagar. Eigne nyhetsoppdateringar for smarthøgtalar er utprøvd i 2019.

På TV var dei sentrale, daglege nyhetsprogramma i 2019 *Dagsrevyen*, *Dagsrevyen 21* og *Kveldsnytt*, og NRK har utvida og tilbydt ekstra nyheitssendingar når nyheitsbildet har kravd det. Mot slutten av 2018 blei det direktesende debattprogrammet *Debatten* utvida til to sendingar kvar veke, og dette blei halde ved lag i heile 2019. Intervjuprogrammet *Torp* hadde aktuelle gjester kvar veke i 2019. Utanriksmagasinet *Urix* blei sendt måndag til onsdag kvar veke på NRK2, og *Urix på lørdag* blei sendt på NRK P2. NRK har også *Tegnspråknytt*, som tilbyr nyheter som er tilrettelagde for høyrselshemma.

NRK viser til at løpende nyhetsoppdatering og fordjupande journalistikk er to av grunnpilarane i nyhetsdekninga, også på nett. NRK har dei siste åra gjort ei strategisk prioritering der alle redaksjonane jobbar etter prinsippet «færre, for å gjere betre». I løpet av dei siste tre åra er talet på publiserte artiklar på nrk.no redusert frå over 50 000 artiklar i 2017 til 22 646 artiklar i 2019. Arbeidet med fordjupande

og undersøkande journalistikk er vidareført i 2019 med eit mål om å utvikle digital historieforteljing og journalistikk i verdsklasse. NRK gjer greie for at nyheits- og aktualitetstilbodet på nett dekker både nasjonale og internasjonale nyheter. Tilbodet på nett omfattar også fakta og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål.

I 2019 har NRK styrkt satsinga på videoforteljingar og «breaking news» tilpassa mobilen gjennom prosjektet «Mobil først». NRK har eit mål om at det ved aktuelle nyheitshendingar skal gå maksimalt nitti sekund frå NRK bestemmer seg for å gå på med eiga sending for mobil/nett til saka er publisert.

Nokre av dei største løpende sakene NRK Nyheter prioriterte i 2019, var trygdeskandalen, der Nav feilaktig har dømt eit stort tal personar for trygdesvindel, den ikkje oppklarte forsvinninga av Anne-Elisabeth Hagen, terrorsaken på Al-Noor Islamic Centre i Bærum, dramaet der passasjer-skipet «Viking Sky» nesten grunnstøtte i Hustadvika, spionasjesaka mot Frode Berg i Moskva, trusselsakene mot Wara og dei norske IS-kvinnene og barna deira i flyktingleirane i Syria.

**Konklusjon:**

Medietilsynets vurdering er at NRK gjennom ei rekke ulike innhaldstilbod på radio, TV og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2019. Utgreiinga frå NRK viser at tilbodet bestod av både nasjonale og internasjonale saker, gav løpende oppdatering av nyhetsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyhetsdekninga i tillegg til å debattere og dekke aktuelle samfunnsspørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbodet var også retta mot ulike aldersgrupper, medrekna barn og unge.



NRKs korrespondentar i 2019: Øvst frå venstre: Kjersti Strømmen (Beijing), Sidsel Wold (Istanbul), Anders Magnus (Washington), Ida Titlestad Dahlback (Nairobi), Veronika Westrin (Washington), Jan Espen Kruse (Moskva), Kristin Solberg (Beirut), Øyvind Nyborg (London), Roger Bruland (Berlin) og Philip Lote (Brussel). Foto: NRK

5.4.2 Kunnskap om internasjonale forhold

NRK skal bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold, noko som blir gjort i den løpende nyhetsdekninga, i fleire ulike programflater og på alle medieplattformer. Utanriksredaksjonen i NRK bidrar med internasjonalt stoff frå nyhetsmorgon i NRK P2 til *Kveldsnytt* på TV og til nrk.no i tillegg til spesialisert innhald i *Urix* på

TV og radio og podkasten *Krig og fred*. 12 prosent av dei 22 646 artiklane som blei publiserte på nrk.no i 2019, var utanrikssaker.

I 2019 var NRK til stades på alle kontinenta, og dei ti korrespondentane er knytte til NRK-kontora i Berlin, Beirut, Brussel, Washington DC, Nairobi, Beijing, Istanbul,

Moskva og London. 18 utanriksjournalistar hadde base i redaksjonen på Marienlyst. NRK viser til at 2019 var eit år med store hendingar, og der store demonstrasjonar var ein fellesnemnar. Ungdom over heile verda demonstrerte for klimaet inspirert av Greta Thunberg. Borgarar i Teheran, Beirut, Bagdad og Santiago demonstrerte mot korruption og vanstyre, dei gule vestane demonstrerte mot myndighetene i Paris, og i Hong Kong tilspissa konflikten mellom borgarar og myndigheiter seg. Gjennom korrespondentnettet har NRK dekt desse hendingane tett, og NRK dekte også Brexit-forhandlingane frå London, Trumps handelskrig mot Kina og forhandlingar med Nord-Korea og tilløpa til borgarkrig i Venezuela. NRK nemner også dekninga av fleire store terroraksjonar i 2019 og korleis NRK forklarte til dømes slutten på IS-kalifatet i 2019 med ei eiga oppsummering og ein analyse i serien *Urix forklarer*.

NRK har eit mangfoldig tilbod av dokumentarfilm frå inn- og utland. I 2019 sende NRK fleire internasjonale seriar som belyser samtid, som *Heroinhandel*, *Kva skjer*, *Europa*, *Muren*, *Sykende byer* og *Det nye Kina*. NRK har også vist historiske seriar som gir ein viktig bakgrunn for vår eiga tid, som *1979 – Big Bang for vår tid*, *Romerriket*, *Dynastiet Kennedy*, *Draumen om månen* og *Castro, Cuba og revolusjonen*.

I det faste *Urix*-tilbodet på TV har NRK kvar veke sendt dokumentarfilmar som belyser og gir bakgrunn for nyheitsbildet. Nokre eksempel frå desse spesial-sendingane er dokumentarar som *Vår mann i Kairo*, *Den nye abortkampen*, *Mosuls tapte generasjon*, *Jemen – Vestens blodige hender* og *Kleptokratane – milliardskandalen i Hollywood*.


**Konklusjon:**

Medietilsynets vurdering er at NRK i 2019 oppfyller kravet om å bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold.

**KRIG & FRED**

Over: I podkasten *Krig & fred* spør NRK Urix kva som eigentleg skjer, kvifor det skjer, og kva det betyr. Foto: NRK

Under: Dokumentaren *Sykende byer* ser på at stigande havnivå og meir ekstrem-vêr truar byane våre, og på korleis verda førebur seg på ein katastrofe. Her frå New York. Foto: Cineflix






Fredrik Solvang, Ingerid Stenvold og Yama Wolasmal var blant programleiarane i NRKs valdekning i 2019.

Foto: Julia Marie Naglestad, NRK

5.4.3 Dekninga av kommune- og fylkestingsvalet i 2019

NRK skal ha ei brei og balansert dekning av politiske val. I 2019 var det kommune- og fylkestingsval, og valdekninga var ifølge NRK prega av større lokalt nærvær enn nokon gong. Kvart distriktskontor hadde valturnear, debattar, reportasjar og intervju, der mange hundre lokalpolitikarar var med. I tillegg fekk vanlege folk komme til orde om sakene dei var opptatte av. NRK dekte også fylkesvalet. Nokre eksempel frå dekninga er debatten som distriktskontoret i Finnmark og Troms hadde med alle listetoppane til fylkestinget, og møtet distriktskontoret i Hedmark og Oppland hadde med alle toppkandidatane til partia som var representerte på fylkestinget.

Figur 15 – partirepresentasjon i NRKs valdekning versus partioppslutning



Kjelde: NRK

NRK hadde ein ambisjon om å gjere dei uinteresserte litt interessert og dei veldig interesserte litt klokare under valdekninga i 2019. Den viktigaste målgruppa var andre gongsviarane, som er gruppa med tradisjonelt lågast valdeltaking. Ettersom radioen er direkte, lokal og kjem tett på publikum, blei radiokanalane i særleg grad nytta til å vise fram dei ulike partia og komme tett på både veljarar og lokalpolitikarar.

NRK har eit krav om at alle parti og lister over ein viss storleik normalt skal bli omtalte i den redaksjonelle valdekninga. I ei måling NRK gjorde av valdekninga for perioden 12. august til 12. september 2019, fann NRK at dei to største partia, Arbeidarpartiet og Høgre, hadde høgast representasjon, og at partileiarane oftast gjekk igjen som kjelder. I den totale dekninga var kjønnsbalansen rundt 40/60 prosent mellom kvinner og menn, og berre programserien *Einig?* hadde fleire kvinner enn menn. Dei fleste sakene NRK tok opp, handla om demokrati (korleis stemme, valbarometer, resultat mv.) og politiske prosesser (politiske samarbeid og maktkamp m.m.). Av dei politiske temaata som NRK dekta, var det flest saker om samferdsel, miljø og utdanning.

Figur 15 viser korleis partirepresentasjonen i valdekninga til NRK fordelte seg samanlikna med oppslutninga om dei ulike partia etter stortingsvalet i 2017 og kommune- og fylkestingsvalet i 2019.

I NRKs valomat fekk brukarane ta stilling til ei gruppe lokalpolitiske påstandar som var unike for kvar kommune, i tillegg til nokre spørsmål av meir ideologisk karakter. Alle spørsmåla var følgde av ein forklarande tekst og synleggjering av korleis partia stilte seg i kvart enkelt spørsmål. Målet med valomaten var å lære veljarane om valet og aktuelle saker i heimkommunen. NRK opplyser at valomaten blei tatt 1,8 millionar gonger fram til valdagen, noko som er rekordhøgt. Alle lister som stilte til val, fekk høve til å vere med i valomaten, som inkluderte 163 parti og lister over heile landet. NRK bidrog på denne måten til å synleggjere breidda i kommune- og fylkestingsvalet. NRK forklarer at dei hadde direkte dialog med partia for å sikre at alle kjende seg riktig framstilte, men NRK heldt samtidig på den redaksjonelle fridommen når det gjaldt plasseringa av partia. Ti lister valde å ikkje vere med i valomaten.

Gjennom valkampen samarbeidde NRK med lokale og regionale mediehus, for eksempel om samlevaker og folkemøte. Nokre eksempel er samlevakene i Østfold og Bodø på valnatta og folkemøtet i Troms der fiskeri og klima blei debattert.

**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i dekninga av kommune- og fylkestingsvalet i 2019 oppfylte kravet om å ha ei brei og balansert dekning, og at alle parti og lister over ein viss storleik blei omtalte i den redaksjonelle valdekninga.



5.4.4 Undersøkande journalistikk

I 2019 styrkte NRK arbeidet med gravande og undersøkande journalistikk som engasjerer og set nasjonal dagsorden. NRK har etablert eit nettverk for undersøkande journalistikk på tvers i NRK der også mange medarbeidarar frå distriktskontora er med. Det er eit særleg mål for NRK å nå unge grupper med samfunnsvesentleg journalistikk på ein måte som bidrar til mediemangfald og samfunnsopplysning.

I 2019 avdekte NRK eit hemmeleg nettverk på Instagram gjennom eit stort nettprosjekt og to TV-dokumentarar i den unge/vaksneserien *Innafor*. I nettverket deler unge jenter vonde tankar og kjensler om depresjonar, eteforstyrringar, sjølvskading og sjølvmort. NRK avslørte korleis forumet utvikla seg til ein stad der sjølvskadingsbilde, metodar for sjølvmort, sjølvmordsforsøk og til og med sjølvmort blei delte. NRK avslørte også at minst 16 norske jenter i Instagram-nettverket enda med å ta sitt eige liv.

I dokumentaren *Innafor* avdekte NRK eit hemmeleg nettverk der unge jenter deler vonde tankar og kjensler kring depresjonar, eteforstyrringar, sjølvskading og sjølvmort. Foto: Patrick Da Silva Sæther, NRK

Gjennom fleire prosjekt i 2019 retta NRK også søkerlyset på helsestellet. *Brennpunkt*-redaksjonen fekk innsyn i 13 millionar rekningar frå spesialistar med avtale med staten, og avdekte feilbehandling og overdriven medikamentbruk som også hadde resultert i dødsfall. NRKs avsløringer har ført til at myndighetene har sett i verk gransking og regelendringar. NRK avslørte i 2019 også at sjukehuset i Flekkefjord i ei årrekke hadde latt legar utan spesialistutdanning utføre operasjonar, og at ei rekke pasientar hadde blitt skada av feiloperasjonar og enda opp som uføre. Situasjonen heldt likevel fram heilt til NRK følgde opp med ein ny artikkel om nye klager i januar 2020, men da blei legen som var involvert, tatt av alle operasjonar.

Under valet i 2019 var det mykje merksemد rundt bompengar. NRK retta søkerlyset mot bomreforma som blei vedtatt av Stortinget i 2015, der eit sekstitals bomselskap blei til seks store fylkesdrivne selskap. NRK avdekte kritikkverdige forhold knytte til bruk av pengar, bindingar og tilsettingar, noko som førte til at det blei sett i verk granskingar som konkluderte med kritikk av leiing og styre i selskapa.

NRK utvikla i 2019 ein database der alle bustads- og fritidseigedommar blei lagde inn, og gav for første gong publikum høve til å samanlikne sin eigedomsskatt med andre. Databasen viste blant anna at skatten blir svært vilkårleg utrekna, og at takstmodellane som fleire kommunar bruker, grovt underskattar dei dyraste eigedommane.

NRK avslørte gjennom eit omfattande granskingsprosjekt i 2019 ei rekke kritiske punkt i rettstryggleiken for barn, blant anna knytte til at saker raskt blir lagde bort, at etterforskinga tar lang tid, og at gjerningspersonar får strafferabatt på grunn av lang saksbehandling.



I programmet *Søppelsmuglerne* avdekker NRK Brennpunkt ein skjult millionindustri med store miljøkonsekvensar. Foto: NRK

Klimakrisa var eit prioritert journalistisk satsingsområde i 2019, og i prosjektet *Matsjokket* dokumenterte NRK eit alvorleg miljøproblem ved at etande mat systematisk blir vraka, dumpa og kasta. Både næringa, matvarekjedene, politikarar og forbrukarar har engasjert seg, og dette har ført til både regelendringar, større medvit og kunnskap.

Det faste, undersøkande dokumentarprogrammet *Brennpunkt* avslørte i 2019 både systematisk og omfattande smugling av utrangerte køyretøy og farleg el-avfall frå Noreg til vestkysten av Afrika i prosjektet *Søppelsmuglerne*. Programmet avslørte også kritiske forhold for dyrevelferda i matproduksjonen i Noreg i dokumentaren *Griseindustriens hemmeligheter*, og fleire saker avdekte svikt i rutinane til Mattilsynet. Sakene førte til granskning, at direktøren i Mattilsynet måtte gå frå stillinga si, og fleire tilsette blei suspenderte under granskninga.

I 2019 samarbeidde NRK for første gong om eit større undersøkande journalistisk prosjekt med ei lokalavis. Saman med Dølen, ei avis med under 400 abonnentar, avslørte NRK kva som eigentleg skjedde då høgfjellshotellet Rondablikk blei akutt-mottak for flyktningar i løpet av nokre dagar i 2015 – og kven som tente på det.

**Konklusjon:**

NRK har gjort greie for auka satsing på undersøkande journalistikk og korleis det blir jobba for å sikre kvalitet og fordjuping. NRK har gitt fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2019 der NRK har belyst og gitt innsikt i kritikkverdige forhold både på individ- og system-nivå. Medietilsynet vurderer på denne bakgrunnen at NRK i 2019 oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkelt-menneske og grupper mot overgrep eller forsømminger frå offentlege organ og institusjonar, private føretak eller andre.

5.5 Distrikt

Vedtekten

§ 20 NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal være til stede i alle fylker.

§ 32 NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og tar utgangspunkt i distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud


Krava om lokalisering som gjeld for NRK, handlar både om redaksjonell dekning av distrikta og at NRK skal vere til stades regionalt i alle fylke. Ved utforminga av ordlyden i dette kravet understreka Kulturdepartementet at NRK framleis skal ha handlefridom til sjølv å bestemme korleis distriktskontora skal vere organiserte, og at kravet ikkje skal bli forstått som at NRK for eksempel skal ha eit eige distriktskontor i kvart fylke. Familie- og kulturkomiteen gav i Innst. 332 S (2016–2017) uttrykk for at kravet må sikre at det ikkje blir utvikla geografiske blindsone i den redaksjonelle dekninga i landsdelane. Frå 1. januar 2020 har NRK fått utvida allmennkringkastaroppdraget med eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsone. At NRK har fått eit særleg ansvar for å dekke geografiske område med svak journalistisk dekning, styrker ansvaret NRK har for det lokale mediemangfaldet. Den geografiske spreieninga av det redaksjonelle nærværet til NRK er viktig for å kunne innfri den delen av kravet som gjeld geografiske blindsone.

NRK gjer greie for at distriktskontorstrukturen sidan 1970 har svart til fylkesinndelinga i Noreg. I slutten av 2019 avgjorde NRK at organiseringa av distriktskontora skulle følge dei nye fylkesinndelingane, slik at NRK har ei organisatorisk eining i kvart fylke med ansvar for dei ulike lokaliseringane. I Oslo og Viken har NRK valt ei felles organisatorisk eining for dei to fylka. Distriktskontora er no organiserte i følgande ti organisatoriske eininger:

- **NRK Troms og Finnmark:** hovudkontor i Tromsø, redaksjonar og lokalkontor i Harstad, Finnsnes, Alta, Hammerfest, Vadsø og Kirkenes
- **NRK Nordland:** hovudkontor i Bodø og lokalkontor i Brønnøysund, Mo i Rana, Svolvær og Narvik
- **NRK Trøndelag:** hovudkontor i Trondheim, redaksjonar og lokalkontor i Steinkjer, Namsos og Brekstad

Figur 16 – oversikt over NRKs geografiske nærvær fra 2020

NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi



Kjelde: NRK

- NRK Innlandet:** hovudkontor på Lillehammer, redaksjonar og lokalkontor på Hamar, Gjøvik, Kongsvinger og Leira
- NRK Møre og Romsdal:** hovudkontor i Ålesund og lokalkontor i Ulsteinvik, Molde og Kristiansund
- NRK Vestland:** hovudkontor i Bergen, redaksjonar og lokalkontor i Førde, Nordfjordeid, Sogndal, Odda og Stord
- NRK Rogaland:** hovudkontor i Stavanger og lokalkontor i Haugesund
- NRK Sørlandet:** hovudkontor i Kristiansand og lokalkontor i Flekkefjord og Arendal
- NRK Vestfold og Telemark:** hovudkontor i Porsgrunn, redaksjon i Tønsberg og lokalkontor i Bø
- NRK Oslo og Viken:** hovudkontor ikkje avgjort ennå, men distriktskontoret har avdelingar i Oslo, Fredrikstad, Drammen og Ål

Reorganiseringa av distriktsdivisjonen inneber først og fremst ei endring i organiseringa av dei ulike redaksjonelle einingane, ikkje i tal på stader med redaksjonelt nærvær. I 2018 hadde NRK fast nærvær 46 ulike stader i landet og etter reorganiseringa 43 ulike stader. NRK var med dette til stades i alle dei 18 fylka i Noreg i nesten heile 2019 og er no til stades i dei elleve nye fylka. I tillegg kjem avdelingane til NRK Sápmi. Figur 16 viser korleis organiseringa av NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi og NRKs geografiske nærvær etter reorganiseringa.

Distriktsdivisjonen har eit tredelt innholdsoppdrag som er å levere nyheter, ha eit lokalt og regionalt programtilbod og produsere for det nasjonale programtilbod i NRK. NRK viser til at redaksjonane og lokalkontora rundt om i landet er viktige for den samla dekninga av større nyheitshendingar, lokalt og nasjonalt. Distriktsdivisjonen har også auka ressursar til fordjupande journalistikk, og NRK gir eksempel på saker som har bidratt til å sette dagsorden. Mange medarbeidarar

frå distriktskontora er med i nettverket som er etablert for undersøkande journalistikk på tvers i NRK.

Tilpassinga av distriktsverksemda til den nye fylkesinndelinga i 2019 har endra talet på organisatoriske einingar, men NRK har i stor grad behalde det same innhaldstilbodet som før. Det lokale og regionale programtilbodet består av daglege TV-sendingar på NRK1, lokale radiosendingar i NRK P1 morgen og ettermiddag og regionale nettsider på nrk.no med innhald for nett og mobil.

Dei regionale TV-sendingane blei i 2019 sende på NRK1 klokka 18.50, 20.55 og 22.55 mandag til torsdag, og klokka 18.50 på fredagar. NRK hadde regionale TV-sendingar i Troms og Finnmark (fellessendinga Nordnytt), Nordland, Trøndelag (Midtnytt), Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland (fellessendinga Vestlandsrevyen), Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder (fellessendinga Sørlandet), Buskerud, Vestfold og Telemark (fellessendinga Østafjells), Oslo og Akershus (fellessendinga Østlandssendingen), Hedmark og Oppland (fellessendinga Østnytt) og Østfold. Etter reorganiseringa av distriktsdivisjonen er den einaste endringa at det er etablert ei felles regional TV-sending for Oslo og Viken frå 2020. Omlegginga inneber at Østafjellssendinga har blitt ei sending for Vestfold og Telemark ettersom tidlegare Buskerud fylke inngår i det nye fylket Viken.

Det regionale radiotilbodet har ein annan sendestruktur enn TV. Distrikts-sendingane i radio var på til saman seks timer alle kvardagars og blei sende i to sendeflater i NRK P1 klokka 06.00 til 09.00 og 14.00 til 17.00. På laurdagar sender NRK P1 nyhetsoppdateringar frå distriktskontora på morgonen. I 2019 hadde NRK radiosendingar frå Finnmark, Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Sørlandet, Vestfold, Telemark, Buskerud,



Distriktsreporter Ole-Christian Olsen på jobb for NRK Nordland. Foto: NRK

Oslo og Akershus, Østfold og Innlandet. Etter omlegginga er det etablert ei ny, felles ettermiddagssending på radio for Vestfold og Telemark.

Distriktskontora har fylkesvise undersider til NRK.no på nett og mobil. NRK viser til at distriktskontora er viktige leverandørar av nyheter og aktualitetar til nrk.no, og at det samla sett har vore ein betydeleg vekst i bruken av dette innhaldet i 2019. Frå 2020 er den organisatoriske strukturen på nett tilpassa den nye fylkesinndelinga.

Distriktskontora bidrar også med innhald til NRKs nasjonale tilbod på radio, nett, TV og mobile plattformer. I tillegg til fordjupande journalistikk, dokumentarar og innhald for barn har distriktskontora eit spesielt ansvar for livssyn, vitskap, klima, natur og historier frå norsk kvardagsliv, og dei lagar dei fleste av dei riksdekkande programma i NRK P1 og P1+.

Kontora i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo representerer dei største miljøa for den nasjonale programproduksjonen i distriktsdivisjonen. Nokre eksempel på nasjonale TV-produksjonar frå distriktskontora i 2019 er serien *113* og barneprogram produserte i Tromsø, vitskapsprogramma *Newton* for barn og unge og underhaldningsprogrammet *Tidsbonanza* i Trondheim, *Symesterskapet* og *Norge rundt* i Bergen og serien *Bosetterne* frå distriktskontoret i Oslo og Viken. Nokre eksempel på nasjonale radiosendingar frå distriktskontora er *Opptur*, *Plassen*, *Landsmøte*, *Dagens og P.I.L.S.*



TV-serien *Symesterskapet* er produsert av distriktskontoret i Bergen. Her med dommarane Jenny Skavlan og Andreas Kristoffer Feet og programleiar Christine Hope. Foto: Eivind Senneset, NRK



Konklusjon:

Medietilsynets vurdering er at NRK gjennom innhaldstilbodet sitt på ulike plattformer i 2019 reflekterer det geografiske mangfaldet i Noreg, og at NRK har eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK oppfyller også kravet ved å vere til stades i alle fylka i 2019 og har i løpet av året reorganisert distriktsdivisjonen for å tilpasse han til den nye fylkesinndelinga frå og med 2020. NRK har distriktsendingar alle kvardagar og har eit løpende oppdatert regionalt nyhets- og innhaldstilbod på internett.

5.6

Barn og unge

Vedtektenes

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norske språklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norske språklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 33 NRK skal ha daglige norske språklige programmer for barn under 12 år.

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- egenutviklet innhold for barn og unge

5.6.1 Norskspråklege program for barn og unge

NRKs utgreiing for programtilbodet i 2019 viser at NRK legg stor vekt på å fremme retten barna har til ytringsfridom og informasjon. Det blir gitt fleire eksempler på at NRK tar opp tema som er relevante for målgruppa, både der barna sjølv får medverke, og der tema blir sett inn i ei forståeleg ramme. *Supernytt* er nyhetsprogrammet til NRK Super for barn i alderen åtte til tolv år og er ifølge NRK det enkeltståande konseptet der flest barn medverkar ved at barna dagleg er meiningsberarar og/eller ekspertar i TV-sendingane.

Supernytt publiserer daglege TV-sendingar og inviterer barn til å svare på spørsmål om ulike tema i appen *Svar-o-meter* og i sosiale medium. NRK jobbar innovativt for å bidra til at barn blir interesserte i samfunnsspørsmål og nyheter, og ser dette som ei av dei viktigaste oppgåvene til *Supernytt*. I 2019 laga *Supernytt* ein panda-prega partileiardebatt med forbod mot å avbryta kvarandre. *Supernytt* laga også allsongen *Fake news er dust* og reiser jamleg på besøk til skolar over heile landet.

Frå partileiardebatten til NRK Super. I programmet måtte deltakarane lytte, prøve å forstå og ikke avbryte. Foto: Geir Evensen, NRK





I TV-serien *Minibarna* møter sjårene eittåringer og Fantus, som er småsøsken til Fantorangen. Foto: NRK Super

NRK Super lagar kvart år ei eiga temaveke som løftar opp og belyser tema det kan vere vanskeleg å snakke om. I 2019 var temaet vald. NRK samarbeidde tett med Redd Barna om kampanjen.

NRK har stadfesta overfor Medietilsynet at det er synleg aldersmerking av programma på TV gjennom heile programmet. I NRK / NRK Supers VOD-tenester (tv.nrksuper.no, «Super-appen», NRK TV med fleire) går aldersmerkinga fram i tekst og symbol under det valde programmet. I «Super-appen» på nett og mobil er det mogleg å hindre avspeling av program som har tilrådd aldersgrense 6+ og 9+. Det er berre mogleg å stenge for program som har ei aldersgrense, og NRK følger tilrådingane Medietilsynet har for aldersmerking.

Målgruppa for innhaldet på NRK Super har sidan oppstarten i 2007 vore barn i alderen to til tolv år. I 2019 utvida NRK målgruppa til å famne eittåringar. NRK viser til at ei grundig vurdering ligg til grunn for dette valet, og at det er lagt vekt på at NRK Super ønsker å vere til stades der barn faktisk er, med eit kvalitetstilbod til målgruppa. Undersøkingar, observasjonar og tilbakemeldingar frå publikum viser at mange foreldre lar små barn sjå TV. Samstundes er det gode argument for at dei minste barna ikkje bør bruke mykje tid framfor ein skjerm. NRK har utvikla programserien *Minibarna*, som skal gi eit trygt, norskpråkleg tilbod som stimulerer evna til å resonnere, til språkutvikling og til leikande samspel med jamaldringar.

NRK Super har daglege lineære sendingar frå klokka 06.30 til 19.30. Publisering skjer som oftast først på nett, og alt innhaldet ligg tilgjengeleg på nett i appen NRK Super. NRK opplyser at samisk innhald blir sendt alle kvardagars frå klokka 17.00 til 17.15. Resten av innhaldet er i all hovudsak norskpråkleg, og 26 prosent av innhaldet er på nynorsk. To prosent av innhaldet på NRK Super var samisk.

I 2019 blei det sendt 5 274 timer med innhald for barn på NRK Super, og profilen



Dramaserien *Lik meg* handlar om Oda, Arin, Erik og dei andre jentene og gutane som står på terskelen til ungdomslivet, om sosiale relasjoner og om utanforskap. Foto: NRK Super

på det samla tilbodet er ifølge NRK ei blanding av nyheiter, dokumentarar, drama-seriar, arrangement/kampanjar og testing av nokre nye sjangrar. 57 prosent var animasjon, 24 prosent var drama, 13 prosent var underhaldning, tre prosent var dokumentar og to prosent var undervisning. NRK Super sende ni nye norske programseriar i 2019.

I 2019 tematiserte NRK Super mange ulike fortellingar frå livet til barn. Serien *Unik* følgde barn med ulike diagnosar. Dokumentarserien *Sjuende* følgde ein jentegjeng på Tøyen i Oslo gjennom den siste tida på Barneskolen. NRK gjer greie for ei setning som står sentralt i arbeidet med barneprogram, som er «Lykke kan finnes mange steder». Målet er at alle barn skal oppleve seg sett, at historiene deira blir fortalte, og at det ikkje finst éin riktig måte å vere ein familie på. Tolv ulike familiar fekk historia si fortald i serien *Bli med heim* i 2019.

Ein nyskaping i 2019 var serien *Fantasy* der ei gruppe barn som leiker fritt, blir filma. Deretter blir den frie leiken til eit tv-manus som blir spelt av ei gruppe faste skodespelarar. NRK er den første til å utvikle eit slikt konsept, og *Fantasy* er nominert til Prix Jeunesse i 2020. Eit av måla til NRK med serien er å anerkjenne og løfte fram leik som det viktigaste «arbeidet» i barns liv.

NRK har også i 2019 satsa på læringsprogram. Eit nytt program i 2019 var den norske versjonen av eit dansk konsept med *Bamselegen*, der barn tar med seg bamsen sin til NRK Supers lege, som undersøker bamsen og gir råd om kva som feiler han. Målet med serien er å lære barn om kropp og helse og å redusere opplevingar av frykt og uro når barna sjølv skal til lege eller på sjukehus. Dramaserien *Lik meg* blei også sendt i 2019 og tematiserte sosiale relasjoner og utanforskap i ungdomstida. NRK opplyser at mange lærarar bruker serien i dialogen med elevane. *Lik meg* fekk prisen for beste digital-serie i Japan Prize i 2019, TV-prisen

Nordic Inclusion Award og Emmy Kids Awards i 2020.

Haldningskampanjen *BlimE!* har blitt ein årleg tradisjon i NRK Super. NRK gjer greie for at også mange vaksne fekk auga opp for kampanjen i 2019, og fleire arbeidsplassar som til dømes hæren, brannmannskap, ambulansepersonell og politi dansa vennskapsdansen saman.

NRK Super har også ein ambisjon om å lære barn om klima og miljø. I 2019 har småbarnsprogrammet *Planet-patruljen* vore den viktigaste satsinga, med håp og handlingskompetanse som nøkkelord.

NRK gjer greie for at NRK P3 er den viktigaste innhaldsleverandøren for unge målgrupper, med eit særleg ansvar for aldersgruppa 13 til 29 år uavhengig av plattform. Gjennom kanalane NRK P3, NRK mp3 og sosiale medium tilbyr P3nyheter nyheter til unge. I 2019 har NRK vidareført ny-satsinga *N17*, som er eit prosjekt for



Dramaserien *Blank* fokuserer på livet til ungdommar etter vidaregåande skole og det som følger med å bli vaksen. Foto: NRK



å nå unge i aldersgruppa 13 til 19 år med nyheter. I tillegg leverer ei rekke andre miljø i NRK innhold til unge, som NRK Tyholt, NRK Austlandssendinga, NRK Nyhetene, NRK Underholdning og Eksternredaksjonen. Alle programma er norsk-språklege. Nokre eksempel på produksjonar retta mot ungdom er dramaserien 18, Line fikser maten, Sinnssykt, Kongen av Gulset, Nudes, Lovleg (sesong 2), Blank (sesong 2 og 3), Newton og Førstegangstjenesten.

Ny norsk musikk for unge blei formidla i NRK P3 og NRK mp3. Gjennom NRK P3s Urørt kan usignerte norske band laste opp musikken slik at publikum kan strøyme låtane. NRK viser til at den primære målgruppa for NRK mp3 er tenåringer og for NRK P3 unge i alderen 18 til 29 år.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava knytte til å fremme retten barna har til ytringsfridom og informasjon, og krava om å skjerme barn mot skadelege former for innhold. NRK oppfyller også kravet om å ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfyller kravet om å ha jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfyller også kravet om å ha eit eigenutvikla innhold for barn og unge på internett som blir løpende oppdatert.

I programserien *Sinnssykt* møter Cecilie Kåss Furuseth unge menneske som lever med alvorlege psykiske sjukdommar.
Foto/illustrasjon: NRK

5.6.2 Program for barn på dei samiske språka

NRK skal ha jamlege program for barn og unge på alle dei samiske språka. NRK Super sende barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. Mánáid-TV blei også sendt på laurdagar og søndagar. I tillegg ligg alt innhald på samisk til barn tilgjengeleg digitalt i nettspelaren på nrksuper.no.

Serien om figuren Binnabánnáš fokuserte i 2019 på musikk, og innhaldet var på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Målgruppa er to- til seksåringar, og språkutviklinga til barna står sentralt. NRK gjer greie for at serien har nådd breiare ut enn tidlegare på grunn av format og samarbeidet mellom NRK Sápmi og NRK Super om innhald og arrangement. Som eit ledd i NRKs arbeid med å synleggjere dei samiske historiene og den samiske kulturen som ein del av den norske barnekulturen, vil samarbeidet mellom Binnabánnáš og Fantorangen bli utvikla vidare i 2020.

NRK sende også åtte episodar i sjuande og åttande sesong av reportasjeserien *ieZár*, som viste ulike «selfie-reportasjar» om kvar dagen til samiske barn mellom sju og tolv år. I 2019 sendte NRK også 21 episodar i første sesong av mysterie- og dramaserien *Imaš*, som skal nå barn over ti år, spesielt guitar. I tillegg til dei eigenproduserte programma sender NRK Sápmi dagleg dubba, innkjøpt innhald på NRK Super. Under temaveka på NRK Super blei alle temavideoane dubba til dei tre samiske språka, nord-, sør- og lulesamisk.

NRK Sápmi og Internasjonalt Samisk Filminstitutt har hatt ei open utlysing om utvikling av nye dramaseriar med utgangspunkt i samisk kultur og samfunn, og har inngått avtale om å utvikle seks av dei 14 dramaprojekta det blei søkt om.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet til jamlege program for barn på dei samiske språka.



På Julemorgen song og joika
Binnabánnáš og Fantoran-
gen saman på NRK1. Foto:
NRK

5.6.3 Program for unge på dei samiske språka

Medietilsynet har tre år på rad konstaterat at NRK har brote kravet om jamlege program for unge på dei samiske språka. Årsaka er at tilbodet frå NRK har vore retta mot eldre unge og unge vaksne, mens kravet gjeld eigne program retta mot aldersgruppa som normalt blir definert som ungdom, det vil seie frå 13 til 19 år. I tilsynet er det presisert at formålet med å stille krav om eigne program spesielt retta mot unge på dei samiske språka, er at sendingane skal tilby ein arena dedikert til tema ungdom er opptatt av, og at programma skal bidra til å reflektere ungdomsidentitetar. Medietilsynet har også presisert at det å definere målgruppa for vidt aldersmessig undergrev formålet med føresegna, som er å sikre at det blir programsett eit eige tilbod for målgruppa ungdom.

I oktober 2018 lanserte NRK radioprogrammet *Ihán*, som ifølge NRK er ei underhaldande aktualitetssending retta mot samisk ungdom. Programmet blei sendt dagleg i NRK Sápmi frå klokka 12.30 til 15.00. Medietilsynet konstaterte at NRK sende jamlege program for unge på samisk frå andre halvår i 2018, og at dersom dette programtilbodet hadde komme på plass i løpet av første halvåret av 2018, ville NRK ha oppfylt kravet om jamlege program for unge på dei samiske språka i 2018.

Ihán er i heile 2019 ført vidare som eit dagleg direktesendt radiotilbod til unge i tenåra på NRK Sápmi DAB. Sendetida for *Ihán* er frå klokka 12.30 til 15.00, og kvar fredag er tida utvida til klokka 12.00 til 15.00. Programmet er samiskspråkleg og består ifølge NRK av mykje musikk med unge programleiarar som tar opp tema som er aktuelle for målgruppa. NRK opplyser at redaksjonen også publiserer innhald på dei samiske språka på nett (nrk.no/sapmi) og på NRK Sápmis kanalar på sosiale medium. I 2020 skal NRK Sápmi utvikle og styrke konseptet ytterlegare gjennom å levere meir innhald til fleire plattformer og til visuell radio.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å sende jamlege program for unge på dei samiske språka.




Det samiskspråklege ungdomsprogrammet *Ihán* blei leia av Irjan Balto og Anders Nils Gaup. Foto: Tor Egil Rasmussen, NRK

5.7

Samisk språk, identitet og kultur

Vedtekten

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. (...). NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.





NRK Sápmi viser eit ti meter stort
søkkehøl i Vuohcetjávri i Kautokeino
som kan vere eit resultat av at klimaet
i Arktis både blir varmere og fuktigare.
Foto: Roger Manndal, NRK

Kravet om at NRK skal bidra til å styrke dei samiske språka og samisk identitet og kultur, inneber at NRK skal tilby innhald på alle dei tre samiske språka. NRK viser til at det har vore ei målretta satsing på kvalitet i det samiske innhaldstilbodet gjennom dei siste to åra, og at digitale produkt og flater er styrkte, samtidig som eit godt og jamleg tilbod på radio og TV til ulike målgrupper er ført vidare. I volum utgjer innhaldet på radio og TV mest i det daglege tilbodet på dei samiske språka. Eit mål på om innhaldet bidrar til å styrke samiske språk, kultur og identitet, er i kva grad innhaldet blir valt, brukt og føretrekt i eit globalt innhaldsunivers.

I 2019 hadde NRK Sápmi større trafikk til sitt daglege tilbod enn tidlegare, og samiske historier og nyheitssaker var meir synlege i NRKs nasjonale flater enn nokon gong før. Trafikken til det samiskspråklege og spesielt mobiltillpassa nyheitsformatet (kortnyheter) har ifølge NRK dobla seg i 2019. Eit eksempel på den betydelege veksten i trafikken og merksemda om einskilde saker og innhald er saka om søkkehøl på Finnmarksvidda, om korleis globale klimaendringar utfordrar lokale forhold, og framdrifta for reindriftsnæringa. Saka er ei av dei mest lesne og delte nyheitssakene til NRK Sápmi. NRK gjer greie for at saker utan eit nasjonalt potensial i mindre grad blir prioriterte, og at desse sakene blir overlatne til andre lokale samiske og norske medium. Samtidig har NRK Sápmi styrkt samarbeidet med lokale medium gjennom ulike kompetansetiltak.

NRK Sápmi publiserer på dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk og på norsk. Innhaldstilbodet frå NRK Sápmi blir også publisert digitalt og er tilgjengeleg på NRK TV, NRK Radio og på strøymetenestene til NRK Super. NRK Sápmi samarbeider med YLE Sápmi, SVT Sápmi og Utbildningsradion (UR) om innhaldstilbodet på TV og radio.

I 2019 vidareførte NRK nyheits- og aktualitetstilbodet i NRK Sápmi DAB og på

NRK1. NRK Sápmi DAB sender samiskspråkleg innhald og musikk 24 timer i døgnet heile året. Sendingane består av regelmessige livssynsprogram, musikkflater med samisk musikk og norsk og internasjonal musikk og reprisar. I 2019 sende NRK Sápmi eit dagleg radiotilbod med nyheter og aktualitetar morgen og ettermiddag. Morgonsendinga *Buorri Idit Sápmi* er eit samarbeid mellom NRK Sápmi, SR Sameradioen og YLE Sápmi og blir send alle kvardagar frå klokka 07.00 til 09.00 på DAB-kanalen NRK Sápmi. Radiokanalen tilbyr også fem daglege nyhetsoppdateringar for radio og smarthøgtalar¹. Tre av dei er på nordsamisk (kl. 10.00, kl. 11.00 og kl. 12.00), éin på lulesamisk og éin på sør-samisk (begge kl. 12.00). På fredagar er nyhetsoppdateringane berre på nordsamisk. *Veaigesáttá* er eit samiskspråkleg dagleg fordjupande programtilbod på NRK Sápmi DAB. Programmet er på nordsamisk og byr på intervju og reportasjar om dagsaktuelle saker om samisk kultur, språk og samfunnsliv. Radiotilboden til NRK Sápmi er tilgjengeleg på NRK Radio.

Programleiar Sara Marit A.
Gaup Eira i den daglege
nyheitssendinga *Ođđasat*.
Foto: NRK



¹ NRK opplyser at lydtilboden per i dag ikkje er tilgjengeleg for publikum. Årsaka er at Google i 2019 ikkje kjenner igjen samisk lydinnhald. Som direktesend radiokanal kan alt på NRK Sápmi veljast via Google/smarthøgtalar.

På NRK1 sende NRK Sápmi nyheitssendinga *Ođđasat* alle kvardagar. Denne sendinga blir også produsert i samarbeid med SVT Sápmi og YLE Sápmi. Programmet har tidlegare berre vore på nordsamisk, men i 2018 og første halvår 2019 hadde NRK Sápmi også ein sør-samisk programleiar. Alt samisk innhald som blir sendt i NRK1, er tilgjengeleg på NRK TV.

NRK Sápmi leverer dagleg nyheter på norsk og samiske språk til eiga nettside (nrk.no/sapmi), sosiale medium og til nrk.no. Hovuddelen av den løpende nyhetsoppdateringa er på nordsamisk, men det blir også publisert innhald på lulesamisk, sør-samisk og norsk. I 2019 blei fleire saker frå NRK Sápmi publiserte på framsida til nrk.no enn nokon gong tidlegare. NRK Sápmi hadde valdebattar direkte på nett, radio og TV i tilknyting til kommune- og fylkestingsvalet i 2019.

Eit tema som fekk stor merksemd på plattformene til NRK Sápmi i 2019, var lanseringa av Disneys «Frost 2» på grunn av det nære samarbeidet i delar av produksjonen mellom Disney og samiske musikarar og kulturpersonlegdommar. Nokre andre større samiske tema frå nyheitsdekninga er valdtekts- og overgreps-kultur, mineralutvinning og vindkraftutbyggingar.

Studio Sápmi er ifølge NRK den største og viktigaste kultur- og underhaldningsproduksjonen retta mot ei samisk ung/vaksen målgruppe, og i 2019 blei konseptet ytterlegare fornya for å nå eit enda yngre publikum. Programmet er eit samiskspråkleg talkshow på NRK1 og NRK TV og er også NRK Sápmis største



Marianne Pentha er stemma til Elsa i den samiske versjonen av «Frost 2». Foto: Mette Ballovara, NRK

leverandør av samiskspråkleg innhald og humor på nett og sosiale medium. Podkasten *Tett på*, om det samiske samfunnet, blei publisert på radio, på nrk.no/sapmi, i strøymetenesta NRK Radio og på dei mest nytta podcastplattformene. Podkasten *Gáfestallan Lisain* blei produsert og publisert fram til hausten 2019.

I 2019 sende NRK Sápmi *Sámi Grand Prix* i Kautokeino direkte på nett og radio og produserte talen til sameningspresidenten. NRK Sapmi dekte festivalen Riddu Riddu, og delar av produksjonen var eit ledd i utviklinga av det breiare samiske kultur- og musikkkonseptet *NRK Urbi*. *NRK Urbi* har vore under utvikling i 2019 og blir publisert i 2020. NRK har dessutan fornya og styrkt samarbeidet om det samiske oppdraget på tvers i verksamda, noko som blant anna har resultert i samiske deltakarar og tema i Symesterskapet og *Melodi Grand Prix*.


Ánne Márjá Hætta overtok som programleiar i NRK Sapmis talkshow Studio Sápmi hausten 2019. Foto: Dragan Cubrilo, NRK

Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 gjennom tilbodet sitt på radio, TV, nett og mobil oppfyller krava til å styrke dei samiske språka, samisk identitet og kultur. NRK har i 2019 sendt innhald på både nordsamisk, sør-samisk og lulesamisk. NRK oppfyller også kravet om å ha daglege sendingar for den samiske befolkninga.




5.7.1 Programstatistikk NRK Sápmi



Kjelde: NRK statistikk

Figur 17 – TV-tilbodet til NRK Sápmi



Kjelde: NRK statistikk

Figur 18 – radiotilbodet til NRK Sápmi

5.8

Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfoldet

Vedtekten

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra med kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 31 NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

§ 18 NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

5.8.1 Norsk språk, identitet og kultur

NRK har ein omfattande eigenproduksjon på radio, TV, nett og mobil med stor variasjon av tema og sjangrar. Vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller fleire av dei spesifikke krava til innhaldstilbodet.

NRK viser til at innhald for ein norsk røyndom er berebjelken i tilbodet frå NRK, og at målet er å vere relevant for den einskilde og viktig for eit heilt folk. To eksempl på program som speglar norsk røyndom, er *Eides språkshow* og *Lindmo*. NRK peiker på at NRKs spegling av befolkninga skal inkludere alt frå store til små grupper i samfunnet, og at NRK har eit særleg ansvar for norske minoritetar.

Den breie lokale forankringa i distriktsdekninga og tilbodet til ulike minoritetsgrupper bidrar til å spegle ulike sider av norsk verkelegheit og eit mangfold av identitetar i det norske samfunnet. NRK har eit tilbod til ulike aldersgrupper, blant anna eigne nyheitstilbod for barn og for unge. NRK har eit breitt og variert kulturtildob og oppfyller dei ulike krava knytte til formidling av norsk musikk, norsk drama og ein variasjon av norske kulturuttrykk.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller det overordna kravet til å styrke norsk språk, identitet og kultur. Medietilsynets vurdering er at ein stor del av programtilbodet til NRK har norsk forankring og speglar det kulturelle mangfoldet i befolkninga.

Forfattar og journalist Linda Eide er gjest i underholdningsprogrammet *Lindmo*. Foto: Julia Marie Naglestad, NRK



5.8.2 Nasjonale og språklege minoritetar

Forpliktingane NRK har overfor nasjonale og språklege minoritetar, omfattar eit krav om at NRK skal tilby program for desse gruppene. Vidare skal NRK formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og om mangfaldet i det norske samfunnet. Nasjonale minoritetar er verna av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane omfattar grupper som har langvarig tilknyting til eit land. I Noreg er dette kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom og romanifolk.

NRK har eit mål om å spegle nasjonale minoritetar i det daglege innhaldstilbodet. Medietilsynet har i fleire tidlegare allmennkringkastingsrapportar framheva at dersom eigne program skal fungere som eit verkemiddel til å representere og synleggjere minoritetar, må programomfanget vere på eit visst nivå. Kravet til eigne program er vidareført i den nye NRK-plakaten og er etter Medietilsynets vurdering formålstenleg, spesielt for å verne minoritetsspråk.

I 2019 har NRK ført vidare satsinga på innhald til den kvenske/norskfinske befolkninga. På nettsida nrk.no/kvensk/kvääni kan brukarane lese, høre og sjå kvensk/norsk-finsk tale og bli oppdaterte på kva som rører seg i det kvenske/norsk-finske miljøet i Noreg. Distriktskontoret i Tromsø driv nettsida nrk.no/kvensk/kvääni og publiserer jamleg nytt innhald om kvensk språk og kultur.

Nettsida er ifølge NRK også eit viktig forum for dialog med publikum og andre som er interesserte i kvensk kultur. Det kvenske språket er utryddingstrua, og eit mål med tilbodet er å bidra til at fleire lærer kvensk, og å motivere til at fleire tar kvensk i bruk i kvardagen. NRK har hatt dialog med publikum med kvenske anar om kva behov dei har. I 2019 publiserte NRK Kvääni 26 korte videoar retta mot barn og ungdom på nettsida og produserte også nokre videoar for sosiale



Årets nyttårstale til kvenfolket i Noreg var ved Hilja Huru, leiar for Norske Kveners Forbund. Foto: Bernt Olsen, NRK

medium. Videoane inneheldt enkle ord og korte setningar til bruk i kvardagen. Målet er å inspirere til å lære kvensk og å praktisere språket.

På nyttårsaftan 2019 blei det for første gong sendt ein nyttårstale på kvensk på NRK, og talen blei halden av Hilja Huru, leiar for Norske Kveners Forbund. 9. januar vigde NRK *Supernytt*-sendinga til barn og unge med kvensk bakgrunn, og barn frå barneskolen i Lakselv i Finnmark fortalte om familiene sine og historia til den kvenske befolkninga i området.



FleRe-stipendiatane i kull 15, 2019. Frå venstre Sunny Sharma, Ronja Péres Møystad, Haron Hussain, Dana Khalouf, Bahareh Badavi og Zhilwa Manbari. Foto: Ole Kaland, NRK

I 2019 tok NRK opp tema om skogfinnane i ein episode av radioprogrammet *Museum* og i ein episode av *Norge nå*.

NRK markerte den internasjonale holocaustdagen 27. januar 2019 blant anna med å vise Teater Manus' førestilling «Gråtende hender» på TV. Førestillinga er basert på faktiske hendingar og historier om kva som skjedde med døve og funksjonshemma i tida før og under den andre verdskrigen. I eit program i *Sommer i P2* fortalte rabbinar og religionshistorikar Lynn Claire Feinberg om den jødiske oppveksten sin i etterkrigsoslo og om faren som overlevde Auschwitz.

NRK dekte minnemarkeringa i Polen den 2. august 2019 av det som kallast «romfolkets holocaust» i Auschwitz for 75 år sidan. 8. april handla episoden i *Mellom himmel og jord* om musikken til romfolket i anledning romfolkets dag. Ein episode i programmet *Røverradioen* handlar om fordommane som nordmenn har mot tatarar. NRK viser til at målet om å spegle alle minoritetar også betyr å gi dei høve

til å ytre seg. I oktober hadde NRK Ytring eit innlegg frå Doina Bobu, Frelsesarmeens brukarrepresentant for romfolk, om kvifor ho og mange andre romfolk lever som tiggjarar i Noreg.

NRK har eit mål om å synleggjere det fleirkulturelle mangfaldet i samfunnet, og arbeider målretta for å spegle mangfaldet både gjennom innhald og i eigen organisasjon. Eit viktig tiltak er rekrutteringsprosjektet NRK FleRe, som frå etableringa i 2008 fram til 2019 har rekruttert 77 stipendiatar, og 40 av desse jobbar i NRK i dag. NRK legg vekt på fleirkulturell kompetanse og talent i rekrutteringa av FleRe-stipendiatane. Fleirkulturell kompetanse blir definert som språk, nettverk og perspektiv frå store innvandrargrupper frå land utanom Vest-Europa. NRK viser til at den fleirkulturelle kompetansen bidrar til at NRK er først på viktige nyheter når språk og kulturforståing er eit fortrinn, og til å gjøre innhaldet på NRK meir truverdig.

Allmennkringkastarrekneskapen gir eksempel på at NRK bidrar til å skape fleire arenaer for informasjon og debatt gjennom programtilbodet innanfor fleire ulike sjangrar og ved å ha ein strategi for å synleggjere Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. I 2019 utvikla NRK talkshowet *Chattes der unge* fleirkulturelle diskuterer tabubelagde tema. Dokumentarserien *Borteboerne* handla om unge samiske ungdommar som må flytte heimanfrå for å studere. Tredje og siste sesong av dramaserien *Blank* flytta handlinga ut av storbyen og skildrar korleis det er å vere ung i Distrikts-Noreg. Andre sesong av *Lovleg* skildrar også ungdom og hybellivet på bygda. Dokumentarserien *Bosetterne* følger syriske flyktingar i det nye livet deira i Noreg. Serien *Hotell Kash King* følger Kashfa «Kash King» Gashamura og kjærasten Anoushka til Rwanda for å redde hotellet til bestemora til Gashamura.

NRK P3 har eit mål om å føre unge nærmare kvarandre gjennom innhald som kan hjelpe dei til å forstå seg sjølv, kvarandre og mangfaldet i samfunnet betre. Dramaserien *18* skildra, i likskap med forgjengaren *17*, ungdom i Groruddalen, og *Kongen av Gulset* handla om ungdom som står i fleire kulturar.

NRK Super har eit mål om sørge for at alle barn i Noreg kjenner seg sette og inkluderte, og at dei kjenner seg igjen i noko eller nokon. NRK legg vekt på å finne fram til barn i ulike aldrar med forskjellig utsjånad, funksjonsgrad, etnisitet, sosial bakgrunn og med eit breitt spekter av språk og dialektar. Det meste av innhaldet formidlar mangfold utan å understreke det, og av og til lagar NRK Super seriar der mangfold er eit poeng i seg sjølv. Nokre eksempel frå 2019 er seriane *Sånn er jeg og sånn er det* om barn med ulike diagnosar og *Bli med heim* om å vakse opp i svært forskjellige familiar.

Podkasten *Det svarte flagget* formidlar møte med norske islamistar og deira nærmaste og formidlar historiene om IS-krigarar som sit fengsla i Noreg og dei



I podkasten *Det svarte flagget* møter journalist Joachim Førsund norske islamistar og familiene deira. Foto: Petter Holthe Hanssen, Monster/NRK

internerte kvinnene som kjempar for å komme heim til Noreg. Podkasten *Med all respekt* på NRK P13 diskuterer ifølge NRK verda og aktuelle, nære hendingar på ein usensurert måte.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å ha program for nasjonale og språklege minoritetar. Vidare oppfyller NRK krava om å formidle kunnskap om ulike grupper, om mangfoldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Medietilsynet vurderer at NRKs generelle innhaltsstrategi på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfold av identitetar.

5.8.3 Nordiske samfunnsforhold, kultur og språk

NRKs medlemskap i Nordvisjon, som er eit samarbeid mellom dei nordiske allmennkringkastarane om samproduksjonar, utveksling av program, utvikling av format og deling av kunnskap, bidrar etter Medietilsynets vurdering til å styrke nordisk språk og kultur. NRK viser til at dei nordiske allmennkringkastarane har produsert meir TV-drama i 2019 enn nokon gong før, og at det i gjennomsnitt blei produsert ein ny dramaserie kvar månad. Dei tolv nye dramaseriane som blei produserte gjennom samarbeidet Nordic 12 i 2019, var *Krigeren* (DR), *Heimebane* sesong 2 (NRK), *Innesperret* sesong 2 (RUV), *Søstre 1968* (SVT), *Exit* (NRK), *Bedrag – skitne penger* (DR), *De dagene som blomstene blomstrar* (SVT), *Bonusfamilien* (SVT), *Usynlege heltar* (Yle), *Alt eg ikkje minnest* (SVT), *Fred til lands* (DR) og *Vår tid er nå* sesong 3 (SVT). Samla sett utgjorde dette totalt 51 episodar og 57 timer. I 2020 inngår tolv nye dramaseriar i samarbeidet, opplyser NRK.

Heimebane sesong 2 blei produsert gjennom eit samarbeid mellom NRK og Nordic 12. Foto: Motlys



Nordvisjonen har også starta eit samarbeid om dramaseriar for ei ung målgruppe. I 2019 har samarbeidet blant anna resultert i programma 16 (NRK), *Urbi* (NRK), *Baderomsliv* (YLE), *Festen* sesong 2 (SVT), *Doggystyle* sesong 2 (DR) og *Noia* (DR). For den unge målgruppa blei det produsert tolv dramaseriar og fem dokumentarar, til saman 121 episodar og 82 timer. For barn blei det produsert totalt 13 dramaseriar og fem animasjonar/dokumentarseriar, til saman 293 episodar og 168 timer. NRK opplyser at det er planar om 17 nye dramaseriar for ungdom i 2020.

I 2019 resulterte samarbeidet mellom allmennkringkastarane i Nordvisjonen i 4 172 programepisodar, av desse var 1 731 samproduksjonar og 2 441 program- og arkivutvekslingar. Drama er den største kategorien, men tilbodet til NRK omfattar også nordiske program innanfor kunst og kultur, vitskap, dokumentar, sport, nyheter og underhaldning. NRK gjer greie for at mange titlar, både på TV og i strøymetenestene til allmennkringkastarane, er seriar som kjem frå programutvekslinga i Nordvisjonen. I 2019 var det ein liten nedgang i talet på tilbydde program, som NRK blant anna forklarar med prioritering av strøymetenestene til kringkastarane og omlegging av strategi og programflater. NRK viser til at når det blir færre minutt å fylle i sendeskjemaet, blir det mindre behov for ekstra innhald utover kringkastarens eige innhald. NRK meiner utvekslinga likevel står veldig sterkt, og viser til produksjonane *Det gode bondeliv* (DR), *Hagen min* (NRK), *Strømsø* (YLE) og *Ukjent arving* (SVT).

I tillegg publiserte NRK fleire nordiske synstolka seriar i 2019: *Herrens Veje* (sesong 2), *Bedrag* (sesong 3), *Eagles*, *De dagar som blommorna blommar*, *Systrar*, *Bonusfamiljen* (sesong 3), *Sveriges bästa hemtjänst*, *Det sit i veggane*, *Festen*, *Fred til lands*, *Vår tid är nu* (sesong 3), og *Allt jag inte minns*.

NRK Sápmi samarbeider med finske YLE Sápmi og svenske SVT Sápmi / SR Sameradion om felles nordiske nyheits- og aktualitetssendingar, *Buorri Idit Sápmi* på DAB og *Ođđasat* på TV.



NRK sende sesong 3 av dramaserien *Vår tid er nå* (SVT) i 2019 gjennom samarbeidet Nordic 12. Serien blei synstolka. Foto: SVT



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk.



Kvar søndag i adventstida sende NRK *Jul frå Provincialen*. Her er programleiarane Marianne Meløy og Odd Rune Wolden saman med komikar Trine Lise Olsen. Foto: Erlend Laanke Solbu, NRK

5.8.4 Mangfold i religion og livssyn

For å oppfylle kravet om å spegle den religiøse arven til Noreg og mangfaldet av livssyn og religion i det norske samfunnet har NRK i 2019 tilbydd både eigenproduserte livssynsprogram, andaktar, overføringer av gudstenester og innkjøpte dokumentarar. NRK formidlar både livssynsstoff som omfattar breidda av kulturar og ulike religiøse tilknytingar i Noreg, og stoff med forkynnande innhald gjennom daglege andaktar og radiogudstenester på søndagar.

På radio overførte NRK P1 40 radiogudstenester i 2019 mot 59 i 2018. Totalt formidla NRK 872 timer med livssynsprogram på radio i 2019, ein auke på 28 timer frå 2018. På TV sende NRK i 2019 til saman 89 timer med livssynsprogram og gudstenester på NRK1, NRK2 og NRK3. Dette var ein auke på om lag ti timer frå 2018, som saman med auken på ti timer året før gjer at NRK formidlar livssynsprogram i same omfang som i 2016.

NRK viser til at jula, som er den største religiøse høgtida, fekk ekstra merksemd i 2019. NRK overførte gudstenester på TV i høgtidene. Julegudstenestene blei overførte frå Nidarosdomen, der NRK-reporteren var til stades både før og etter gudstenesta. Kvar søndag i advent sende NRK *Jul frå Provincialen*, eit moderne adventstalkshow frå Trondheim med kjende artistar og gjester. I samarbeid med eit eksternt selskap produserte NRK også programmet *Katedralbyggerne*, som handla om bygginga av Nidarosdomen. NRK sende også *Påske i Knarvik kyrkje*, *Pinsegudstjeneste frå Salem Menighet Trondheim* og *Midnattsmesse frå Roma*. Serien *Overleverne* formidla ulike historier om kva det gjer med livet når ein overlever ein uventa sjukdom, ei dramatisk ulykke eller ein katastrofe. Nokre fleire eksempel på program som blei sende på TV-kanalane NRK1, NRK2 og NRK3 i 2019, er *Advent – hva er jul for deg*, *Bare Gud helbreder*, *Den eneste sanne veien*, *Ut av sektens klør*, *Meningen med livet*, *Rusa for Guds skyld*, *Vi er pilegrimer* og *Helbred meg i Jesu navn*.

Den britiske serien *Utrulege ritual*, den danske dokumentarserien *Når naboen datter blir muslim*, og programmet *God muslim – moderne kvinne*, er eksempel på program som bidrog til å belyse ulike religionar i 2019. NRK sende også dokumentaren *Louis Theroux og scientologene*, der den britisk-amerikanske journalisten belyser scientologi-kyrkja i LA. NRK markerte den muslimske høgtida id, og i programmet *Ramadan hos Noman* fortalte kjente norske muslimar med opphav frå ulike verdsdelar om sine gamle og nye tradisjonar.

I allmennkringkastarrekneskapen gjer NRK greie for at etablerte livssynsprogram som andakten og salmeprogrammet *Tro, håp og Lillesæter* er styrkte i 2019 ved at dei har trekt inn fleire kjente profilar. Linn Skåber har til dømes halde andakt, og Sissel Kyrkjebø, Adam Douglas, Tom Egeland og Mona B. Riise har snakka om salmar. Ambisjonen til NRK er også å styrke dekninga av livssyn på nett. I 2019 blei det produsert ni saker for nrk.no, og i 2020 skal det settast inn ein eigen livssynsjournalist i Trondheim.

I 2019 sende NRK *Salmer til alle tider* i P1+ kvar søndag, *Mellom himmel og jord* og *Tro, håp og Lillesæter* på P1 kvar søndag, andakt på P1 kvar vekedag, gudstenester på P1 kvar søndag og på kristne rauddagar, *Salig blanding* på P1 og gudstenester på TV i høgtidene. Programmet *Tro, håp og Lillesæter* er ifølge NRK eit samtaleprogram om tru, tvil og liv og formidlar religiøs musikk innanfor sjangrane pop, rock, salmar, gospel og soul.



Konklusjon:

Det er Medietilsynets vurdering at NRK i 2019 – gjennom overføringer frå gudstenester og religiøse høgtider, faste programpostar og seriar som samla sett omfattar eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn – oppfyller kravet til å spegle den religiøse arven i Noreg og eit mangfold av livssyn og religionar i det norske samfunnet.



I programmet *Ramadan hos Norman* inviterte programleiar Noman Mubashir kjente norske muslimar som fortalte om tradisjonane sine. Frå venstre Noman Mubashir, Nancy Herz, Jonis Josef, Kadafi Zaman og Faten Mahdi al-Hussaini.

Foto: Astrid Waller

5.9

Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

Vedtekten

§ 17 NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av norske kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og offentlige kulturinstitusjoner. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.

§ 34 NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister. Minst 40 pst. av musikken som spilles i NRK P1, P2 og P3 skal være norsk, med vekt på norskspråklig og/eller norskkomponert musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

§ 35 NRK skal legge ut minst 40 pst. i gjennomsnitt for de siste tre årene av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsenter.

§ 41 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 37 NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter

§ 49 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:
kunst og kultur
sport og underholdning

5.9.1 Brei kulturformidling til ulike publikumsgrupper

Kulturformidlinga til NRK skal ifølge vedtekten vere brei, variert og omfatte kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar. Tilboden skal ta omsyn til både breie og smale publikumsgrupper, spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. NRK skal også ha eit løpande oppdatert tilbod av kunst, kultur og underhaldning på nett.

Programstatistikken til NRK viser at kunst og kultur i 2019 utgjorde 2,5 prosent av tilboden i NRK1, 5 prosent i NRK2 og 1,1 prosent i NRK3. Samanlikna med året før er delen på om lag same nivå i NRK1 og i NRK3, og det er ein auke på 1,8 prosentpoeng i NRK2. På radio formidlar NRK P2 i størst grad kulturstoff, med 23 prosent kunst/kultur/medium, på om lag same nivå som i 2018 da delen var 25 prosent. I NRK P1 er ikkje kunst og kultur representert i statistikken. I NRK P3



I *Kulturstripa* møter programleiar Mona B. Riise filmskaparar, forfattarar, musikkarar, skodespelarar og kunstnarar.
Foto: NRK



I anledning 60-årsdagen til Jon Fosse laga Hans Olav Brenner eit portrett av forfattaren. Foto: Robert Rønning, NRK

var delen kunst/kultur/medium på éin prosent, uendra frå året før, som representerer ein nedgang på to prosent frå 2017. Delen av dei publiserte artiklane på nrk.no i kategorien kultur og underhaldning var fem prosent i 2019.

NRK skal tilby kulturinnhald for både smale og breie grupper og har ein ambisjon om å opne kulturfeltet for fleire. NRK viser til at kulturinnhaldet spenner over eit breitt felt, frå litteratur og klassisk musikk til design, arkitektur, film og TV-seriar. NRK løyer kulturoppdraget ved å ta i bruk ei rekke ulike programformat på alle plattformer. NRK har på spørsmål frå Medietilsynet opplyst at NRK P2 har spesialprogram som dekker sjangrar som kunstmusikk, jazz, litteratur, språk, verdsmusikk og folkemusikk. Samstundes jobbar NRK kontinuerleg med å tilpasse seg endringane i måten publikum konsumerer innhald på. Mens NRK P2 tidlegare var bygd opp med ulike spesialprogram, har NRK i 2019 halde fram utviklinga mot lengre flater med eit stort mangfold av ulike kulturuttrykk. Daglege flater som *Studio 2*, *Kulturstripa* og *Drivkraft* dekker eit stort spenn i kulturfeltet, frå populærkultur til aktuelle saker om kunstutstillingar, symfoniorkester og arkitektur.

NRK har i 2019 også fornøy kulturjournalistikken i NRK P2 med eit mål om å opne kulturinnhald for nye målgrupper. Programserien *Drivkraft* har samtalar med menneske om det dei brenn for og kva som driv dei, til dømes forfattar Mahmona Kahn, kjent for ungdomsromanen «Skitten snø», og Matias Faldbakken om kunstnarskapen hans. *Kulturstripa* handlar om populærkultur. I 2019 har NRK P2 hatt djupneprogram som *Kulturreportasjen*, *Ut i kulturen* og *Salongens lesesirkel* kvar veke, i tillegg til arrangementet P2-lyttarane sin romanpris.

I 2019 har NRK særleg prioritert norsk litteratur, bøker og leseglede. Programserien *Bokekspedisjonen* tok for seg korleis heimstaden påverkar litteraturen, og intervjuar fleire ulike forfattarar. NRK P2 sende ein heil dag frå bokmessa i Frankfurt, der Noreg var hovudland.

Salongens lesesirkel på NRK P2 og podkast har formidla opplesing av Dostojevskijs meisterverk «Brødrene Karamasov», og podkasten *Norheim og Hoem fortel litteraturhistoria*, der litteraturkritikarane i NRK har formidla kjende og ukjende høgdepunkt frå den norske litteraturhistoria.

NRK har i 2019 satsa målretta på å utvikle omtalane og anbefalingane på kulturfeltet og viser til at det er ei sjangermessig breidde frå film, litteratur, bildekunst og teater til spel og arkitektur. Publikumsundersøkingar viser ifølge NRK ein etterspurnad etter kulturmeldingar på nett. NRKs litteraturkritikarar har kvar veke publisert omtalar av nye bøker på nrk.no, og på slutten av året har litteraturmedarbeidarane gått gjennom årets bøker, til dømes i NRK P2s *Åpen bok* og *De ti viktigste bøkene i perioden 2010–2019* på nrk.no. NRKs kulturtikk har fått eit markant større publikum på digitale plattformer på grunn av at presentasjon og formidling er fornya. NRK gir også omtalar i nye visuelle format på Instagram.



NRK viser til at nrk.no har blitt ein viktig kanal for eit yngre publikum, som får eit mangfaldig kulturinnhald om musikk, kunst, film, mat og litteratur. Kulturavdelinga i NRK publiserer kvar søndag ein større kultartikkel på nrk.no. Tematikken i desse sakene spenner frå norske komponistar til skandalar på Kunstnernes Hus og betydninga av samtidskunst. Eit eksempel på ei slik djupnesak er artikkelen «Mysteriet med det delte måleriet» som fortalte kva som skjedde da Nasjonalmuseet oppdaga at eit måleri som hadde hange der i 200 år, skjulte ei stor hemmelegheit. Desse sakene bidrar til at NRK når nye og yngre målgrupper med kulturinnhaldet.

NRK P13 og NRK P1+ har fleire spesialprogram om musikk, frå rock til korps. Radiokanalen NRK Klassisk formidlar urframføringer av norske verk. Til dømes blei Rolf Guptas bestillingsverk «Jordens sang» formidla direkte frå Kilden Teater og Konserthus i anledning 100-årsmarkeringa til Kristiansand Symfoniorkester. NRK sende også frå hundreårsjubileet til Oslo-Filharmonien. NRK Klassisk og programmet *Spillerom Søndag* på NRK P2 formidla samtidsmusikk frå ei rekke unge komponistar direkte frå Nordiske Musikkdager i Bodø i november 2019. Opptaka er delte med dei nordiske allmennkringkastarane. NRK Jazz har sendt direkte frå jazzfestivalane Vossa Jazz, Mai:Jazz, Trondheim Jazzfestival, Kongsberg Jazzfestival og Molde Jazzfestival i tillegg til at jazzprofilar frå kanalen har vore i Lillehammer, Skien og Tromsø.

Programleiar Vegard Larsen
frå programserien *Drivkraft*.
Foto: Julia Marie Naglestad,
NRK

NRK Urørt er eit løpande prosjekt der NRK P3 gjennom året gir nye musikk talent høve til å presentere seg og bidra til at musikken blir oppdaga av fleire. Månedens Urørt blir lista på NRK P3, artisten får spele direkte i kanalen, og Årets Urørt speler på P3 Gull, som er ein hyllest til ny norsk populærmusikk.

NRK 2 sende Det Norske Teatrets oppsetjing av Peer Gynt, med teaterlegende Toralv Maurstad i hovudrolla, og vigde ein heilaftan til Henrik Ibsen og Peer Gynt med dokumentaren *Hemmeligheten Peer Gynt* og intervju med Toralv Maurstad og teatersjef Erik Ulfsby.

Gjennom NRKs underhaldnings- og humortilbod blei det også formidla ei rekke kulturtema til eit breitt publikum, for eksempel i program som *Stjernekamp* og *Lindmo*.

Spillerom Søndag var til stades under Nordiske Musikkdager i Bodø under en konsert frå Bodø domkirke med Vocal Art og dirigent Kjetil Allmenning. Foto: Martin Losvik / Nordic Music Days



!

Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 hadde eit variert og breitt kulturtildob som retta seg mot ulike publikumsgrupper. NRK viser at kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, også er ein del av tilboden. Underhaldnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar til variasjon og breidde i kulturformidlinga til NRK. Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper, inkludert eigne kulturprogram. NRK oppfyller i 2019 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på internett.

NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, TV og nett, og oppfyller i 2019 etter Medietilsynets vurdering kravet om at tilboden i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald.

5.9.2 Bruk av nynorsk

NRK har i fleire år hatt ei utfordring med å oppfylle kravet om at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. NRK har tidlegare gjort greie for tre konkrete tiltak for å auke den totale nynorskdelen. For det første er talet på journalistar som skriv nynorsk på nrk.no, auka ved at fleire av dei som beherskar begge målformer, berre bruker nynorsk. For det andre er talet på nynorskbrukarar og dialektbrukarar auka på NRK P2, som er den av radiokanalane som ikkje har fylt kravet til 25 prosent nynorsk. For det tredje er fleire TV-program teksta på nynorsk, noko som aukar nynorskdelen på NRK3. NRK har på spørsmål frå Medietilsynet bekrefta at tiltaka for ein stor del var dei same i 2019 som for 2018, men intensivert og med større effekt. I 2019 styrkte NRK bruken av nynorsk ved distriktskontora og sette bruken av ein «nynorskrobot» meir i system. Vidare meiner NRK at ein aktiv språksjef og ei enda sterkare uttalt målsetting frå kringkastingssjefen om å nå nynorskmålet, har bidratt positivt.

I 2019 auka NRK den totale nynorskdelen med eitt prosentpoeng, frå 24 til 25 prosent. Den største auken var i NRK P3 frå 24 til 29 prosent og i NRK 3 frå 22 til 26 prosent. NRK P2 auka frå



Ronny Brede Aase fekk Kringkastingsprisen 2019 for å ha vore ein tydeleg og viktig ambassadør for nynorsk i mange år. Foto: Jonas Tomter, NRK

18 til 19 prosent og NRK 2 frå 26 til 27 prosent. Den største nedgangen var i NRK1, frå 29 til 24 prosent. Denne kanalen stod i 2018 for den største auken i bruken av nynorsk, frå 20 til 29 prosent. NRK Super og NRK P1 hadde i 2019 ein nynorskdel på respektive 26 og 30 prosent, uendra frå 2018. Delen nynorsk på nrk.no auka frå 16 prosent i 2018 til 18 prosent i 2019.

Kravet til at NRK skal ha minst 25 prosent nynorsk må vere oppfylt for kvar enkelt medieplattform, altså både for TV, radio og nett. Det er såleis gjennomsnittet av nynorskdelane i dei ulike kanalane per plattform som gir grunnlag for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. I 2019 var delen nynorsk i gjennomsnitt 25,8 prosent på TV, uendra frå 2018. På radio var gjennomsnittet 26 prosent, ein auke frå 24 prosent frå 2018. For første gong på mange år auka delen nynorsk på nett, frå 16 prosent til 18 prosent².

Medietilsynet er positiv til at dei målretta tiltaka til NRK har hatt god effekt både på TV og radio, og at NRK nå oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorskdel på begge desse plattformene. NRK har retta tiltaka særleg mot nrk.no og NRK P2, der nynorskdelens over tid har lege betydeleg under kravet. Medietilsynet konstaterer at det framleis er eit godt stykke fram til NRK oppfyller kravet om 25 prosent også på nett.

NRK har på spørsmål frå Medietilsynet gjort greie for dei tiltaka som blir ført vidare i 2020. Dette gjeld både rekruttering og andre spesifikke tiltak for å løfte

² På TV og radio bereknar NRK delen nynorsk ved å inkludere all normert nynorsk og halvparten av dialektelen. NRK1 og NRK P1 inkluderer distriktsendingane. På nrk.no omfattar delen nynorsk berre publiserte artiklar på normert nynorsk.

nynorsken i NRK framover. Nokre eksempel er at Distriktsdivisjonen har innført nynorsk som eit sjekkpunkt for framtidige programleiarval, og det er sett differensierte mål for distriktskontora. NRK Vestland, som har mange nynorskbrukarar, har for eksempel eit mål om 70 prosent nynorsk.



Konklusjon:

Medietilsynet konstaterer at NRK oppfyller kravet til minst 25 prosent nynorsk på radio og TV i 2019. På nett er delen nynorsk 18 prosent, og dermed vesentleg lågare enn kravet.

Karoline Riise Kristiansen er ny språksjef i NRK og arbeider for å løfte nynorskbruken vidare framover.
Foto: Thomas Brun, NTB Kommunikasjon



5.9.3 Norsk drama og film

I 2019 publiserte NRK 24 norske dramaseriar for vaksne og barn. 15 av desse var nye produksjonar, og ni var nye sesongar av eksisterande seriar. Seriane var retta mot ulike målgrupper: småbarn, større barn, unge vaksne, vaksne, eit modest publikum og heile familien. Dei 24 produksjonane representerer totalt om lag 80 timer drama.

Tolv av seriane er laga internt i NRK: 18, sesong 2 av 17 (NRK P3), *Blank*, sesong 2 og 3 (NRK Underholdning), *Fantasy* (NRK Super), *Førstegangstjenesten* (NRK Underholdning), *Hellums kro* (NRK Underholdning), *Lik meg*, sesong 2 og 3 (NRK Super), *Min nye familie* (NRK Super), *Side om side*, sesong sju, julespesial (NRK Underholdning), *Strømmeland* laga av NRK Underholdning, *Søskensjokk* (NRK Super), og *Nudes* (laga av NRK P3 i samarbeid med Barbosa Film).

Dei andre tolv er laga for NRK av ulike eksterne produksjonsselskap: *Exit* produsert av Fremantle for NRK Drama, *Heimebane* sesong 2 produsert av Motlys for NRK Drama, *Karsten og Petra* produsert av Cinenord for NRK Super, *Klassen* sesong 1 og 2 produsert av STV for NRK, *Kongen av Gulset* produsert av Spark for NRK P3, *Lovleg* produsert av Rubicon for NRK P3, *Magnus* produsert av Viafilm for NRK Underholdning, *Nattens arvinger* produsert av Lemming Film, Hamster Film, Maze Film, Maipo Film for NRK Ekstern, *Parterapi* sesong tre produsert av 7 for NRK Underholdning, *Skitten snø* produsert av Miso Film for NRK, *Twin* produsert av Nordisk Film for NRK Drama og *ZombieLars*, sesong 3 produsert av Tordenfilm for NRK Super.

NRK gjer greie for at tematikken i seriane speglar mangfaldet i det norske samfunnet. Dei norske dramaseriane utspelte seg blant anna i ungdomsmiljø i Groruddalen og på Hadeland, mellom fotballbanar, fjordar og fjell i Ulsteinvik,



Frå dramaserien *Exit*. Frå venstre Tobias Santelmann som «Adam», Jon Øigarden som «Jeppe», Simon J. Berger som «Adam» og Pål Sverre Hagen som «William». Foto: Ingeborg Klyve, Fremantle/NRK

i ein forstad til Skien, blant surfarar i Lofoten og hos aksjemeklarar på Aker Brygge. Tematikken i serien *Exit*, som skildra livet blant styrrike og skruppellause finansmenn i eit lukka miljø på Tjuvholmen i Oslo, blei aktualisert og skapte debatt.

NRK viser til at publikum i stadig større grad strøymer drama via NRK TV, og nokre eksempel på seriar som fleire strøynde enn såg på lineær TV i 2019, er *Parterapi*, *Førstegangstjenesten* og *Exit*. Ein million av dei 1,3 millionar sjåarane av *Exit* såg serien på NRK TV.

Programstatistikken viser at NRK også formidla sju timer drama i NRK P1 og 25 timer i NRK P2. Dette er ein nedgang i dramatilbodet på radio frå 2018, da NRK sende 30 timer drama i NRK P1, 245 timer i NRK P2 og 13 timer i NRK P3. NRK gjer

greie for at radiodrama er ein viktig del av kulturinnhaldet til NRK, men at drama-innhald på radio for ein stor del nå blir publisert i strøymetenesta NRK Radio. Nye titlar som blei lagde ut i NRK Radio i 2019, var *Turister*, *Voodoo på Vestkanten* og *Katakombens hemmelighet*. Vidare viser NRK til at stadig fleire produksjonar frå Radioteatret blir samla i NRK-arkivet, i 2019 blei 159 titlar lagde ut.

NRK slepper til fleire stemmer og ulike produksjonsselskap for å ta hand om ansvaret for å stimulere det norske produksjonsmiljøet. NRK viser til at over 35 frilans manusforfattarar har vore involverte i skrivearbeid til dei ulike dramaseriane, og at eit fåtal av seriane er skrivne av tilsette i NRK. I 2019 vurderte NRKs dramaavdeling rundt 200 innspel til nye dramaseriar frå eksterne og inngjekk utviklingsavtale med 13 prosjekt. Dramaavdelinga har også samarbeidd med NRK Sápmi og Internasjonalt Samisk Filminstitutt (ISFI) om å utvikle nye dramaseriar med utgangspunkt i samisk kultur og samfunn. Fleire av dei store satsingane på NRK, som for eksempel *Heimebane* (sesong 2), *Exit* og *Alle mot 1*, er produserte utanfor NRK.

NRK viser til at satsinga på eksterne radio- og podkastproduksjonar også har auka dei siste åra.

NRK skal ifølge vedtekten legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsentar. Delen skal reknast ut frå rullerande treårs-periodar. Det frie programbudsjettet for TV omfattar all investering i TV-innhald i eitt år, bortsett frå investering i nyheiter, sport, distriktssendingar, innhald frå NRK Sápmi og kjøp av visningsrettar til internasjonale produksjonar.


Ettersom kravet blei tatt inn i NRKs oppdrag frå 2018, representerer 2018–2020 den første treårsperioden. Det er dermed først i 2021 at Medietilsynet kan vurdere om NRK har oppfylt dette kravet. Med utgangspunkt i tala NRK har presentert



Frå tredje sesong av humorserien *Parterapi* med Kevin Vågenes i hovudrolla – her som «Chrissy». Foto: Ólafur Jónsson, Seefood/NRK

over dei rullerande treårssnitta av kostnader til eksterne produsentar i tidlegare årsrekneskap, konstaterer Medietilsynet at delen desse utgjer av det såkalla frie programbudsjettet, aukar jamt. For 2019 viser NRK at investeringane i innhald frå eksterne produksjonsselskap framleis aukar, og at dei eksterne produksjonane inngår som ein del av den heilskaplege innhaldsplanlegginga. I årsrekneskapen og årsmeldinga til NRK går det fram at den årlege summen til eksterne produksjonar har auka frå 315 millionar kroner i 2015 til 382 millionar kroner i 2019. I 2019 brukte NRK 42 prosent av det frie programbudsjettet for TV på eksterne produksjonar. Det tilsvarande talet for 2018 var 39 prosent. Den gjennomsnittlege delen for treårsperioden 2017–2019 var 39,1 prosent, ein auke frå 38 prosent for den føregåande treårsperioden. NRK har berekna å nå prosentdelen på 40 prosent for den kommande treårsperioden.

Figur 19 – kostnader til eksternproduksjon (treårssnitt) og delen dette utgjer av det frie programbudsjettet for TV



Kjelde: NRK

■ 2019 ■ 2019

NRK gjer greie for andre investeringar i eksterne produksjonar som ikkje er rekna med i målinga over. Til dømes har NRK dei siste fire åra auka bestillingane av radio- og lydinnhald frå eksterne produsentar, og i 2019 utgjorde dette meir enn 25 millionar kroner. Vidare bruker ei rekke større NRK-produksjonar kompetanse frå eksterne produksjonsmiljø, til dømes gjekk over halvparten av totalbudsjettet til dramaserien *22. juli* til manus-, regi- og produksjonstenester frå eksterne aktørar.

NRK viser til at eksterne produksjonsmiljø i Noreg leverer innhald av høg kvalitet, og at det eksternt produserte innhaldet saman med det internproduserte bidrar til breidde og variasjon i samsvar med oppdraget og strategien til NRK. I perioden 2007–2017 har NRK nær tredobla investeringane i eksterne produksjonar.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava om å formidle norsk drama og film og å stimulere norske produksjonsmiljø. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK ligg godt an til å oppfylle det nye kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på TV i rullerande treårsperiodar frå og med 2018, med 42 prosent i 2019.

5.9.4 Norsk musikk

NRK skal bidra til å fremme nye talent og lokale artistar, og 40 prosent av musikken som blir spelt i NRK P1, NRK P2 og NRK P3, skal vere norsk. Den norske musikken som blir formidla, skal legge vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk.


NRK viser til at store underhaldningskonsept som *Stjernekamp* og *MGP* gir unge artistar frå heile landet og frå mange sjangrar tilgang til den største scena. Eksempel på artistar som i 2019 blei presenterte for eit stor publikum, er folkemusikaren Kim Rysstad og vinnaren av *Stjernekamp* Bilal Saab. Radiokanalane til NRK eksponerer nye norske låtar frå eit mangfald av artistar som speglar heile landet. NRK P1, som er den største radiokanalen til NRK, jobbar kontinuerleg og systematisk med dei ulike distriktskontora for å finne lokale talent som fortener nasjonal merksemrd. Eksempel i 2019 er Anna of the North, ISÁK og Lewi Bergrud.

Gjennom *Urørt* viser NRK fram nye artistar. I 2019 blei konseptet endra frå Ukas Urørt til Månedens Urørt for å kunne løfte fram artistane i større grad, på fleire plattformer og over ein lengre periode. *Månedens Urørt* blir lista på P3, og Årets Urørt speler live under *P3 Gull*. NRK gjer greie for at *P3 Gull* dekker heile landet, og i 2019 laga programmet liveopplevelingar med fans og artistar på heimstader og på turné. Artistane som spelte på *P3 Gull*, var unge, nye talent som til dømes Emma Steinbakken, Isah og Iris (Årets Urørt). TV-programmet *Haik* gav innsikt i historiene til unge artistar som Aurora og Arif og møte med fansen deira.

NRK har i dei seinare åra auka delen norsk musikk i radiokanalane, og i 2019 spelte dei fleste av radiokanalane til NRK meir norsk musikk enn nokon gong tidlegare. NRK P1 hadde ein norsk musikkdel på 51,2 prosent, ein auke på 2,2 prosentpoeng frå året før og heile 5,2 prosentpoeng meir enn i 2017. P3 hadde



Kim Rysstad og Bilal Saab kom til finalen i *Stjernekamp* i 2019. Foto: Julia Marie Naglestad, NRK



Artisten Iris blei Årets Urørt i 2019.
Fotokollasj: NRK

den største auken, og spelte 55,2 prosent norsk musikk i 2019 mot 44 prosent i 2018. NRK P2 gjekk tilbake, frå 50 prosent i 2018 til 39,6 prosent i 2019.

Ei årsak til at NRK P2 hadde ein så høg del norsk musikk i 2018, var at NRK hadde styrkt den norske musikkprofilen i faste sendingar som *Spillerom*, *Folkemusikk-timen* og *Jazzklubben*. NRK opplyser at årsaka til at delen norsk musikk gjekk såpass mykje ned i 2019, er at hovudsendinga til *Spillerom* er lagt ned. Med unntak av *Spillerom Søndag*, *Folkemusikk-timen* og *Jazzklubben* har ikkje dei andre programma i NRK P2 eit eige oppdrag knytt til norsk musikk.

Kravet på minst 40 prosent norsk musikk må oppfyllast for kvar av dei tre kanalane. Kulturdepartementet vil vurdere om dette kravet i framtida også skal gjelde for fleire av radiokanalane til NRK. I 2019 leverer NRK godt over kravet om 40 prosent norsk musikk i NRK P1 og P3, og delen i NRK P2 ligg rett i underkant av kravet. Gjennomsnittet for dei tre kanalane var 48,7 prosent i 2019. Delen av den norske musikken som blei spelt med norsk språk, var 62,5 prosent i NRK P1 (ein nedgang frå 64 prosent i 2018), 30 prosent i NRK P2 (ein auke på 21 prosent frå 2018) og 34 prosent i NRK P3 (same nivå som året før). Samtidig var delen av den norske musikken som var norskkomponert eller hadde norsk tekstforfattar, 94 prosent i NRK P1, 76 prosent i NRK P2 og 97 prosent i NRK P3. Det er ein auke frå 2018 på respektive eitt og to prosentpoeng i NRK P1 og NRK P3 og heile 16 prosent auke i NRK P3 frå 60 prosent i 2018. Samla sett viser dette at NRK la vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert norsk musikk i desse radiokanalane i 2019.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 bidrar både til å fremme nye talent og lokale artistar. NRK oppfyller også kravet om at minst 40 prosent av musikken i NRK P1 og NRK P3 skal vere norsk, og NRK P2 ligg rett i underkant av kravet med 39,6 prosent. Alle dei tre radiokanalane har vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk i den norske musikken som blir formidla.



Visesongaren, låtskrivaren og bildekunstnaren Alf Cranner gjesta *Folkemusikk-timen* i desember 2019. Foto: Leiv Solberg, NRK

5.9.5 Eit fast orkester

Målet, ambisjonen og strategien for Kringkastingsorkesteret (KORK) er ifølge NRK basert på omgrepet «Hele landets orkester», noko som inneber at samarbeid med interne og eksterne aktørar er avgjerande både teknisk, økonomisk og musikalsk. For å nå målet inngår KORK samarbeid med lokale aktørar, som konserthus, festivalar og kommunar, og det har bidratt til mange konsertproduksjonar for radio og TV.

I 2019 hadde KORK 67 livekonsertar og gjorde 184 ulike produksjonar. 50 av konsertane var klassisk musikk, mens tolv var innanfor andre sjangrar. I 2019 produseerte KORK 210 timer radio, 20 timer TV og 20 timer direktestrøyming på [kork.no](#).

Orkesteret bidrar fast til program som for eksempel *Meloditimen* på NRK P1+, *På konsert med KORK* på NRK Klassisk og *KORK, hele landets orkester* på NRK2. KORK samarbeider i nesten alle produksjonane sine. I 2019 hadde KORK 110 interne NRK-samarbeid og 49 eksterne samarbeid. For å lykkast betre med å nå barn og unge er det etablert ein årleg produksjon saman med NRK Super, der NRK Super-profilar presenterer orkestermusikk og klassisk musikk til barna. I 2019 blei han brukt til å feire 40-årsjubileet for julekalendrar på NRK.

Eksempel på store samarbeidsproduksjonar og markeringar i 2019 var oppsetjningane av Mahler-symfoniane nr. 3 og nr. 5 med Noregs musikhøgskole og Barratt Due musikkinstitutt. Vidare samarbeidde KORK med Radioteateret og Vigelandsmuseet om førestillinga «Lyden av Vigeland». Julekonserten i 2019 feira tiårs-jubileet til plata «Kurt og KORK» og ti år på toppen av VG-lista. KORK framførte også eit nyskrive arrangement for langeleik og orkester under Ultima-festivalen i 2019. Orkesteret spelte under sjangrane diskos og opera i *Stjernekamp*. Utgreiinga frå NRK viser at KORK har ei betydeleg breidd i repertoaret sitt.



I 2019 har KORK gjennomført fleire store samarbeidsproduksjonar og markeringar. Foto: Anna Julia Granberg Bunderbluss, NRK

KORK har ei eiga side på Facebook, som er ein viktig kanal for å kommunisere med publikum. I 2019 passerte KORK 38 000 følgjarar. Musikarane i orkesteret styrer kontoane på Instagram og bidrar med dette til personleg kontakt med publikum.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller kravet om å halde eit fast orkester som dekker eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk.



Programleiarane Robin Bryntesson
og Nicolay Ramm i *Alpestreker*.

Foto: Foto Ole Kaland, NRK


5.9.6 Ei brei sportsdekning

Sportssendingane til NRK skal dekke breidda i norsk idrett, medrekna idrettsutøvinga og store idrettsopplevingar til funksjonshemma. NRK Sport dekker sport gjennom nyheiter og arrangement kvar dag heile året på både radio, TV og nett. I 2019 leverte NRK Sport sju verdsmeisterskap, dekte nærmare 40 noregsmeisterskap direkte, verdscupar i ulike vinteridrettar, mange ulike toppseriar, Special Olympics, X Games og ulike friidrettsstemne.

NRK viser til at direktesend sport er kjernen i sportssendingane til NRK, og at marknadsdelane har halde seg høge i konkurransen om tida og merksemda til folk. Målingar NRK har gjort gjennom heile 2019, viser at NRK er det føretrekte mediehuset for dei sportsinteresserte uansett idrett. Nærvarer på alle medieplattformer er etter NRK sitt syn nødvendig for å nå ut med tilbodet. For å nå eit yngre publikum har NRK også nyttat humor som verkemiddel med prosjektet til Ramm-redaksjonen *Alpestreker* og musikkvideoen *Raske briller* under VM i Seefeld. Dette har gitt gode resultat i engasjement og oppslutning. NRK viser til ein hardare konkurranse om sportsrettar med fleire nye aktørar. NRK har blant anna mista ein større del av FIS-rettane til NENT Group frå sesongen 2021/22.

I 2019 delte NRK rettane til Fotball-VM for kvinner med TV 2, og NRK meldar om ei sterkt aukande interesse for kvinnefotball som blei særleg merkbar under verdsmeisterskapet. NRK har også vist Noregs kvinnelandskampar i fotball og både cup- og toppseriekampar.

NRK viser til at all liveidrett som blir formidla på TV, også blir send i radiokanalen NRK Sport. NRK Sport er ein døgnkontinuerleg radiokanal som også sender musikk. Både kvinnefotball og herrefotball, medrekna landslaget og Eliteserien, blir formidla i NRK Sport. Programmet 4-4-2 leverer fotball kvar helg gjennom




Kjelde: Nielsen, PPM

Figur 20 – sportsdekning på NRK Sport i 2019 i prosent

heile sesongen. I 2019 sende NRK Sport 2 389 timer sport og dekte ei rekke ulike sportsgreiner som langrenn, fotball, skøyter, kombinert, handball, friidrett, alpin, skiskyting, hopp, sykkel og sjakk.

Program som *Sport og musikk*, *Sportslørdag* og andre liknande program som dekker fleire ulike sportsgreiner, inngår i samlekategorien «diverse sport». Denne kategorien utgjorde 40 prosent i 2019. NRK1 dekte også ei rekke ulike sportsgreiner i dei 967 timane sport som blei sende, som skiskyting, langrenn, alpint, hopp, kombinert, skøyter, sjakk, hestesport, friidrett, orientering, sykling og fotball. 21 prosent er kategorisert som «diverse sport» og omfattar blant anna *Sportsrevyen*, studiosendingar og liveoverføringer.



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga

Figur 21 – sportsdekning på NRK 1 i 2019 i prosent

Sportsarrangement samlar framleis store delar av befolkninga. Vinteren 2019 leverte NRK tre store verdsmeisterskap: VM i alpint i Åre, VM i nordiske greiner i Seefeld og VM i skiskyting i Åre. NRK opplyser at seks av dei ti mest sette sportssendingane i 2019 var frå ski-VM. Nesten 1,1 millionar såg finalen i klassisk lagsprint og omfatta ni av ti som såg på TV i det aktuelle tidsrommet. Samla sett hadde NRK eit snitt på 74 prosent marknadsdel under heile meisterskapet. Under VM i nordiske greiner sette NRK Sport trafikkrekord på nrk.no med 2,1 millionar brukarar.

I 2019 dekte NRK Special Olympics World Summer Games frå Abu Dhabi, også på nett og i sosiale medium. NRK var til stades og følgde utøvarane tett med pro-



NRK var til stades og følgde utøvarane tett med programleiarane Mats Sollid og Erling Due Bergseth som sjølve er psykisk utviklingshemma.

Foto: NRK

gramleiarane Mats og Erling, som sjølve er psykisk utviklingshemma.

I november blei dokumentaren *Verdens vakreste leker* send på NRK 1 og NRK TV. Dekninga av NM-veka frå Stavangerregionen var den største produksjonen for NRK Sport i 2019. NM-veka er eit samarbeid mellom Norges idrettsforbund og NRK og har som formål å løfte fram breidda i norsk idrett, inkludert paraidrettar. 39 idrettar blei viste fram, og til saman 94 noregsmeistrar blei kåra i løpet av dei fem dagane meisterskapet varte. NRK viser til at NM-veka bidrog til å auke kraftig den samla kjennskapen til dei enkelte idrettane, og ikkje minst auke interessa for nye idrettar. I ei spørjeundersøking NRK har gjort, svarer 55 prosent totalt og 68 prosent i aldersgruppa 18–29 år at NRK bør fortsette med å produsere NM-veka. NRK viser også til at gjennomføringa av prosjektet ikkje hadde vore mogleg utan samarbeidet med idrettskrinsen, arrangørklubbane, sær forbunda, Norsk Tipping og alle dei frivillige.

NRK dekte VM i orientering frå Sarpsborg i 2019, var til stades med produksjon og nytta blant anna sanntidsgrafikk som gjorde at publikum kunne følge valet til utøvarane undervegs i konkurransen. NRK dekte det første offisielle verdsmeisterskapet i fischersjakk, Fisher Random 2019, som blei arrangert på Henie-Onstad Kunstsenter i Bærum. NRK viser til stort engasjement frå publikum både framfor TV-skjermen og på nettsida nrk.no/sjakk. I tillegg dekte NRK VM i hurtig- og lynsjakk frå Moskva, ei sending som ifølge NRK har blitt ein tradisjon for mange nordmenn i romjula. NRK dekte også ei rekke friidrettsmeisterskap i 2019, medrekna VM i friidrett, NM i friidrett, NM i terrengløp og EM i friidrett for landslag.

NRK viser til at sportsredaksjonen leverer daglege sportsnyheter på nett i tillegg til radio og TV. Ti prosent av artiklane som blei publiserte på nrk.no i 2019, var om sport. Ein stor del av nyheitene knyter seg til dei store sportshendingane, men NRK opplyser at eigenjournalistikken står for dei mest leste sakene. NRK har



Line Andersen frå NRK intervjuar Karsten Warholm etter at han hadde vunne VM-gull i 400 meter hekk under VM i friidrett 2019 i Doha. Foto: NRK

tidlegare gjort greie for ei auka satsing på eigen journalistikk. I 2019 avdekte NRK bloddopinga til den austerrikske langrennsløparen Max Hauke og heile nettverket rundt. NRK Sport hadde også gravesaker om skuldingane mot presidenten i IBU, kartla at fire av ti toppidrettsutøvarar har pådratt seg skadar eller plager etter at karrieren var slutt, retta søkelyset mot at norsk dominans skaper uro for framtida for skisporten, mot spisevegring innanfor langrennssporten, fråfallet i langrenn i kontekst med klima og utstyr og mot bekymringa utøvarane har for sikkerheita rundt blodprøvetaking.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 har hatt sportssendingar som oppfyller kravet om å dekke både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar. Sportsdekninga til NRK har i 2019 også omfatta idrettsutøvingane til funksjonshemma. Ut frå NRKs utgreiing av leveransen av sportsnyheter frå NRK Sport til nett vurderer Medietilsynet at NRK også oppfyller kravet om ein løpende oppdatert dekning av sport på internett.



Çağatay Kurt frå Tyrkia kom til Noreg som båtflyktning i 2018. Åtte månader seinare deltok han i NM i fekting under NM veka i Kristiansand. Foto: Jørund Wessel Carlsen, NRK

5.10

Tilgjengelegheit og beredskap

Vedtekten

§ 15 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være tilgjengelig for hele befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utformingen av sitt tilbud.

§ 23 NRK skal ha et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkningen med informasjon over kringkastingsnett ved nasjonale kriser og katastrofer.

§ 24 NRK skal være til stede på, og utvikle nye tjenester på, alle viktige medieplattformer for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 29 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være gratis tilgjengelig for hele befolkningen på minst én distribusjonsplattform. Med unntak for kringkastingsavgift skal det ikke kreves betaling fra befolkningen for allmennkringkastingstilbuddet. Dette er likevel ikke til hinder for at den enkelte selv må dekke kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer. (ny formulering, som erstatter flere tidligere bestemmelser)

§ 30 NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn taler imot dette.

§ 36 NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. NRK skal tilgjengeliggjøre informasjon om arkivmaterialet. NRKs arkivmateriale skal så langt det er praktisk og juridisk mulig, samt presseetisk forsvarlig, være tilgjengelig for viderebruk. NRK kan kreve dekket kostnadene ved å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for slik viderebruk av andre. (ny formulering)

§ 50 NRK skal gjøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengelig på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder minimum gjøre tilgjengelig hele sin egenproduserte sendeflate fra de siste sju dager som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrige sendeflaten fra siste sju dager gjøres tilgjengelig som arkivtjeneste.

99,7 %

dekning i DAB for NRKs radiokanalar

5.10.1 Eit tilgjengeleg allmennkringkastingstilbod for alle

Medietilsynet vurderer at NRK tar i bruk alle dei store medieplattformene for å nå breitt ut med programtilboden, og NRK gjer greie for korleis verksemda jobbar for å møte endringar i mediebruken. NRK tilbyr eigne tenester i form av appar med heile innhaldsporteføljen, og dei blir distribuerte på alle store plattformer, som til dømes mobil, nettrett og smart-TV. Appane blir kontinuerleg utvikla og oppdaterte for å gi publikum valfridom og tilby gode tenester på dei medieplattformene dei nyttar. NRK viser også til forskellar i mediebruken for ulike aldersgrupper. Nye medietenester og sosiale medium blir nytta for å nå målgrupper som NRK i liten grad når på dei etablerte medieplattformene. Målet til NRK er å vise fram innhaldet og tilby allmennkringkastarverdi også for desse målgruppene. NRK opplyser at det er fragment av innhaldet som blir presenterte, og at hensikta er å føre publikum tilbake til NRK-tenestene med NRKs fulle innhaldsportefølje.

Kravet om at allmennkringkastingstilboden til NRK skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga, gjeld også distribusjonen av tilboden. Det vil seie at det skal vere universelt utforma, og at alle skal kunne ta imot det. Vedtekten til NRK slår fast at allmennkringkastingstilboden skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Kvar enkelt må sjølv dekke kostnadene til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

Alle norske primærhusstandardar kan ta imot allmennkringkastingstilboden i form av kanalane på radio og TV gjennom det digitale bakkenettet for TV (DTT). Sendingane blir tilbydde «free-to-air», noko som betyr at sendingane kan bli tatt imot fritt med antenn og digitalmottakar, og at det ikkje er noka form for tilgangskontroll eller betaling. Alle radiokanalane til NRK, inkludert distriktsendingar og vêr- og trafikk meldingar, blir sende over det regionale DAB-nettet (Regionblokka). Regionblokka dekker 99,7 prosent av befolkninga og kan bli tatt imot fritt med

ein DAB+-mottakar. NRK TV og NRK Radio på nett gjer det mogleg å sjå og høre sendingane til NRK på TV og radio både ved samtidig distribusjon og ved individuell avspeling gjennom strøyming på nett. Innhaldstilbodet på nrk.no er fritt tilgjengeleg på internett. Brukaren må sjølv sørge for nettilgang for å kunne bruke tenester over internett.

I NRK-plakaten er det eit krav om at NRK skal ta omsyn til funksjonshemma ved utforminga av tilbodet. Den tidlegare presiseringa om at NRK blant anna skal gjere dette ved å ta sikte på å tekste alle TV-program, er fjerna i dei nye vedtekten. Både NRK og riksdekkande kommersielle TV-kanalar med ein del på meir enn fem prosent av dei samla sjåartala for TV, har krav om tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar. Det blir stilt meir omfattande krav til NRK enn til dei kommersielle aktørane. Dei konkrete krava om universell utforming av innhaldet til NRK er nedfelte i kringkastingsforskrifta § 2-5, jf. kringkastingslova § 2-19.

Ambisjonen til NRK er at alle skal kunne bruke innhaldet og plattformene til NRK, også dei som har hindringar knytte til syn, hørsel og fysiske eller kognitive ferdigheter. I 2019 jobba NRK for å gjere nettsidene og mobilappane meir tilgjengelege for heile befolkninga. Innlogginga er universelt utforma for å gi ei best mogeleg brukaroppleveling. Det same gjeld avstemningsløysingar og spel i samband med TV-sendingar. Eit eksempel er «100 meter quiz» i *Idrettsgallaen*. NRK deler erfaringar og kompetanse om tilgjengeleggjering av innhald og universell utforming med eksterne miljø.

Frå 1. januar 2020 tredde dei nye og utvida krava i kringkastingsforskrifta i kraft. Alle dei ferdigproduserte programma til NRK skal vere teksta. Krava til direkte-teksting er skjerpa til å gjelde heile døgnet, med etterhald om at det er teknisk og praktisk mogleg, og at program som har vore teksta på TV, også skal vere

tilgjengelege med teksting når dei blir publiserte som audiovisuell bestillings-teneste. Vidare skal distriktssendingane til NRK vere teksta når sendingane blir lagde ut som audiovisuell bestillingsteneste. Tilsvarande krav gjeld også for program på samiske språk dersom det er teknisk og praktisk mogleg, og NRK skal tekste på det same språket som er talespråket i programmet. I tillegg skal NRK dagleg sende program med teiknspråktolkning og med norsk teiknspråk, kvar veke



Brukarrådet til NRK. Bak frå venstre: Thor Gjermund Eriksen, Sindre Falk, Per Gunnar Nygård, Gustav Henrik Ohna Granheim, Sverre Fuglerud, Margrethe Gaasand og Siri Antonsen. Foran fra venstre: Elin Langdahl, Jannicke Ødegaard Andresen og Sofie Eline Finneid. Foto: Ole Kaland, NRK



«BlimE» er ein vennskapskampanje som NRK Super arrangerer kvart år. På BlimE-dagen 2019 blei skolar og barnehagar over heile landet inviterte til å vere med, både med dans, song og teiknspråk. Foto: NRK

sende program med synstolking, tilby lydtekst for alle ferdigproduserte program med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk, og tilby lydtekst på direktesende fjernsynsprogram der det er teknisk og praktisk mogleg.

NRK opplyser at i 2019 blei alle førehandsproduserte program og nesten alle direktesendingar på lineær-TV teksta. Både framandspråk og norsk tale blei teksta. I gjennomsnitt tekstar NRK 62 timer av sendingane på TV-kanalane sine kvar dag. Distriktsendingane blei teksta til reprisen dagen etter. Dei aller fleste av programma som blei direkteteksta på fjernsyn, blei lagde ut med tekst i NRK TV. NRK har nokre tekniske og praktiske utfordringar når det gjeld å gjere samisk-språklege distriktsendingar og fjernsynsprogram tilgjengelege med tekst når dei blir lagde ut på strøymetenesta NRK TV. Teknologi og løysingar for å distribuere direkteteksten på lineære kanalar som blir strøymde i NRK TV, er ifølgje NRK under utvikling. NRK har også sett i gang eit prosjekt for å rekruttere og lære opp tekstrarar på dei samiske språka.

Ei ny teksteteneste i NRK TV kom på plass i mai 2019. Der er det mogleg å trykke på ein knapp i lesaren og velje om ein vil ha teksting på alt som blir sagt, eller berre på framandspråkleg tale. NRK opplyser at dei aller fleste videoane som blei publiserte på nrk.no i 2019, var teksta. Gjennom dei siste ti åra har talet på teksta sendetimar i NRK dobla seg, frå 10 845 timer i 2009 til 22 451 timer i 2019. Talet på teksting av norskspråkleg innhald har auka mest, frå 5 030 timer i 2009 til 13 364 timer i 2019. På same måten auka talet på teksting av framandspråk frå 5 816 timer i 2009 til 9 087 timer i 2019.

Teiknspråktolking er når det som blir sagt i eit TV-program, blir omsett til eit norsk teiknspråk av ein tolk som står til høgre i bildet. I 2019 tilbydde NRK teiknspråktolking av *Supernytt*, *Barne-TV* og fleire av programma som blir sende i tidsrommet



Den svenske serien *Bonusfamiljen* var ein av dei tolv nordiske seriane som blei synstolka på NRK i 2019. Foto: SVT

frå klokka 19 til klokka 22. NRK teiknspråktolkar i tillegg *Påskemorgen*, *Julemorgen*, valsendingar, *TV-aksjonen* og andre store eller viktige sendingar. Teiknspråktolka program blir sende på TV-kanalen NRK Tegnspråk, som ligg i direkteoversikta og i TV-guiden i NRK TV. Dei teiknspråktolka programma finst i tillegg under kategorien «Tegnspråk». *Tegnspråknytt* er ei nyheitssending på NRK1 kvar vekedag klokka 17.45–17.49 som samanfattar dei viktigaste hendingane i Noreg og verda det siste døgnet. Ein journalist les opp sakene på norsk, mens ein døv morsmålsbrukar les sakene på norsk teiknspråk. I nokre program snakkar alle eller dei fleste norsk teiknspråk. Eksempel frå 2019 er barneserien *Gode venner*, produsert av Døves Media, TV-versjonen av teaterproduksjonen *Gråtende hender*, produsert av Teater Manu og NordicStories, og *En julefortelling*, produsert av Supervisuells.

Lydtekst er når ei automatisk stemme les opp den norske underteksten når det blir snakka eit framandspråk. NRK har sine tre TV-kanalar NRK1 Lydtekst, NRK2 Lydtekst og NRK3/Super Lydtekst som sender ut slik lydtekst, og som elles ser og høyrest ut som dei vanlege kanalane. NRK opplyser at frå juni 2019 fungerer lydtekst på direktesendingar, og frå september 2019 fekk radiokanalen NRK Nyheter lydtekst under sending av *Dagsrevyen 19* og *Dagsrevyen 21*. Radiolyttarane får dermed med seg det som blir sagt under intervju og innslag med framandspråk.

Synstolking er når ei stemme skildrar visuelle element i bildet som ikkje kan oppfattast gjennom lyd, slik at syns- og høyrselshemma også kan følge med på innhaldet. I 2019 produserte NRK 81 timer med ny synstolking fordelt på femten seriar og seks filmar. NRK publiserte i tillegg tolv nordiske seriar med synstolking. Nokre eksempel var *Herrens Veje*, sesong 2, *Bonusfamiljen* sesong 3, *De dagar som blommorna blommar*, *Systrar 1968*, *Festen*, *Allt jag inte minns* og *Vår tid är nu*, sesong 3. NRK leverte totalt 150 timer med synstolking i 2019. Det er ein reduksjon frå 190 timer i 2018, men samtidig ein betydeleg auke frå 92 timer

synstolking i 2017. Synstolkinga blir send på fjernsyn over TV kanalen NRK1 Lydtekst, og synstolka versjonar finst i NRK TV under kategorien «Synstolk». I 2019 har NRK både samla og delt kunnskap om synstolking gjennom ulike prosjekt og seminar.

NRK har også ein «tilgjengelegeitessknapp» i NRK TV som gir tilgang til tekst, synstolking og teiknspråktolking for dei programma der dette er tilgjengeleg. NRK Super TV har eigne knappar der ein kan velje teiknspråktolka eller synstolka innhald.

NRK har ein eigen tilgjengeleightessjef med ansvar for at personar med nedsett funksjonsevne får gode brukaropplevelingar på alle plattformene til NRK. I tillegg har NRK frå 2017 hatt ei eiga stilling med ansvar for universell utforming av innhaldet som NRK har på nett og mobil. NRK har eit eige brukarråd med representantar for organisasjonane til dei funksjonshemma og Pensjonistforbundet. Mandatet til rådet er å gi innspel til korleis ein kan NRK-innhaldet meir tilgjengeleg på TV, radio, nett og mobil.

NRK gjer greie for tiltak som skal betre både høyrlag tale og lesbarheit. NRK viser til at mediekonsum ofte skjer i støyfulle omgivnader og gjennom høgtalarar/øyreproppar med låg kvalitet. NRK bygger derfor opp kompetansen sin om produksjonen av høyrlag lyd og følger opp klager på dette. I 2019 gjorde NRK endringar for å få betre høyrlag lyd i *Nyhetene*, *Sporten* og på produksjonar som *113* og *Kald krig*. I arbeidet med lesbarheit legg NRK vekt på at skriftypane til NRK skal vere lette å lese, store nok og ha god kontrast mot bakgrunnsfargen. I 2019 begynte NRK også å sjå på kognitive utfordringar knytte til lesbarheit, og arrangerde eit arbeidsmøte i samarbeid med NAV om tilgjengeleight og kognitive prosessar rundt lesing av tekst og visuell grafikk.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava om å vere til stades og utvikle tenester på alle viktige medieplattformer for å nå breiast mogeleg ut med det samla programtilbodet sitt. NRK oppfyller også kravet om at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK gjennom NRK Radio og NRK TV oppfyller kravet om å gjere flest mogleg av radio- og TV-programma sine tilgjengelege, både for samtidig distribusjon og for individuell avspeling. Heile den eigenproduserte sendeflata frå dei siste sju dagane og mest mogleg av sendeflata elles er gjord tilgjengeleg som arkivteneste. Medietilsynet vurderer også at NRK i 2019 oppfyller kravet om å ta omsyn til funksjonshemma ved utforminga av tilbodet sitt.

5.10.2 Eit tilgjengeleg arkiv og opne standardar

Stortinget har sluttat seg til at arkivmaterialet til NRK skal gjerast tilgjengeleg for vidare bruk så langt det er praktisk, juridisk og presseetisk forsvarleg. NRK kan berre ta betalt for dei kostnadene selskapet har knytte til vidare bruk etter sjølv-kostprinsippet. Det er også presist kor viktig det er at NRK gjer informasjon om arkivmaterialet (metadata) tilgjengeleg, slik at dei som ønsker å bruke innhald frå arkivet, kan finne det.

NRK viser til at det er gjort ein betydeleg innsats dei seinare åra for å gjere radio- og TV-programma tilgjengelege. I 2019 oppretta NRK ei ny avdeling for innhalds-distribusjon og innhaldsdeling, der sal og tilgjengeleggjering av arkivmateriale inngår. Avdelinga har også ansvaret for korleis NRK-innhaldet blir brukt vidare, og for å vare på rettar og avtalar. NRK har tidlegare gjort greie for at det i 2017 blei fastsett prinsipp for tilgang til arkiva som tydeleggjorde at klipp som NRK aleine har rettar til, i utgangspunktet skal vere vederlagsfritt tilgjengelege. NRK krev berre å få dekt kostnader knytte til sjølve tilgjengeleggjeringa. NRK har dermed følgt opp føresetnaden Stortinget stilte om å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg.

I 2019 inviterte NRK redaktørstyrte medium frå heile landet til arrangementet «Åpent arkiv», med over 50 deltakrar. NRK gav informasjon om og innsikt i kva som kan delast, kva som eventuelt hindrar deling, og korleis NRK deler frå arkivet sitt.

Store delar av det historiske arkivet til NRK er digitaliserte for radio og TV og er gjorde tilgjengelege for publikum i strøymetenestene til NRK TV og NRK radio. Her frå dramaserien *Vestavind*. Foto: NRK



NRK viser til at store delar av det historiske arkivinnhaldet og radio- og TV-programma er gjorde allment tilgjengelege i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio. Opplysningar om innhaldet, såkalla metadata, er viktige både for at folk skal finne og velje innhald frå heile arkivet, og for å legge til rette for bruk i nye samanhengar og i nye produksjonar. NRK har indeksert mykje av innhaldet i kapittel som gjer klipp og innslag lettare å finne og dele. Omkring 150 000 program frå arkivet er tilgjengelege i NRK TV. Dagsrevyen frå 2009 og fram til i dag er tilgjengeleg for alle i NRK TV, i tillegg til utvalde nyheitssendingar frå ulike tiår. Eit eksempel er sendinga frå da Berlinmuren fall i 1989. NRK har også publisert over 50 eldre Dagsrevyen-sendingar frå perioden 1958 til 1981. I NRK Radio publiserte NRK i 2019 historiske radiohøyrespel kvar veke, og NRK opplyser at det aller meste av den eldre NRK-samlinga nå er tilgjengeleg. NRK tilbyr også eigne arkivpodkastar, til dømes frå *Radioresepsjonen*.

NRKs avtale med Norwaco om rettar til «on-demand»-publisering gjekk ut i 2019, og NRK er nå i forhandlingar om ein ny toårig avtale. NRK viser til at det blir ei ramme for kor mykje innhald NRK kan ha tilgjengeleg for publikum samtidig.

Strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio gjer TV- og radiosendingane til NRK og program tilgjengelege på internett, der publikum sjølv kan bestemme når dei ønsker å sjå programma. Programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på TV, eller i nokre tilfelle tidlegare. Innhaldet er tilgjengeleg gjennom søk og er organisert i ulike kategoriar, og NRK legg vekt på at programma skal vere enkle å finne. NRK arbeider også for at programma skal vere tilgjengelege for publikum så lenge som mogleg. Dei fleste av dei eigenproduserte programma til NRK er tilgjengelege lenge, men kor lenge innkjøpte program er tilgjengelege, kan variere frå eit par år til nokre veker etter at dei er sende på TV. NRK viser til at det er vekst i strøyminga blant dei eldre, men at dei yngre framleis strøymer

hest. NRK presenterer innhald for alle aldersgrupper i tenestene og opplyser ulike aldersgrupper om tilbodet.

Ifølge NRK blir open kjeldekode nutta både i interne system og ut mot publikum så langt det er mogleg. Open kjeldekode inneber at alle kan sjå korleis systemet verkar, utføre forbetringer eller tilpasse det til andre system som ein bruker. NRK har interne retningslinjer for deling av kjeldekode og system. Vidare er alle lyd- og bildeformat mot publikum standardiserte. NRK har hatt ei omfattande satsing på bruk av open kjeldekode og semantisk web innanfor metadata-området og har arbeidd aktivt om dette med EBU, andre bedrifter og offentlege etatar. NRK har delt fleire prosjekt som open kjeldekode, blant anna eit TV-avviklingssystem kalla Sofie, saman med Sveriges Television og dansk TV 2.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava til å formidle kulturarven, digitalisere arkiva og gjere arkiva og informasjonen om arkivmaterialet tilgjengeleg for befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK i samsvar med Stortingets føresetnader og presiseringa i vedtekten, berre krev å få dekt kostnadene til å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for vidarebruk av andre. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK i tilbodet sitt tar sikte på å så langt som mogleg nytte opne standardar om ikkje økonomiske eller kvalitative omsyn taler imot dette.

5.10.3 Beredskapsansvar

NRK har som offentleg finansiert riksdekkande allmennkringkastar særlege beredskapsplikter. Dette ansvaret er lovfesta i kringkastingslova § 2-4, som gir alle kringkastarar formell plikt til å sende meldingar frå myndighetene når det har stor betydning. Dei nærmare reglane for NRK går fram i ei forskrift som regulerer verksemda under beredskap og i krig, blant anna reglar om at NRK har plikt til å setje i verk særskilde beredskapstiltak for å sikre at informasjon frå regjeringa når befolkninga. Ifølge forskriften skal det takast beredskapsomsyn ved utbygging av sendaranlegga til NRK. Etter digitaliseringa av både dei nasjonale TV- og radionettta gjeld dette det digitale riksdekkande bakkenettet for TV og Regionblokka, som er NRK sin del av DAB-nettet. NRK P1 har hatt ein særleg posisjon som beredskapskanal ettersom kanalen har hatt eit sendarnett som dekker så godt som alle husstandar i Noreg. Etter digitaliseringa har alle radiokanalane til NRK same dekninga som NRK P1. I distribusjonsavtalen NRK har med Norkring, er det stilt krav om 99,8 prosent oppetid i heile sendarnettet på årsbasis.

Dei overordna beredskapspliktene til NRK blir framleis regulerte i forskrift, og i tillegg er det særskilde beredskapsansvaret tydeleggjort med eit krav i NRK-plakaten. Dette inneber at NRK – i tillegg til den årlege rapporten om tryggleik og beredskap til Kulturdepartementet – også skal gjere greie for korleis dette kravet er oppfylt, i samband med Medietilsynets vurdering av korleis NRK varetar allmennkringkastaroppdraget. NRK viser til at det er inngått avtale med Kulturdepartementet som forpliktar NRK til å stille teknisk utstyr til rådvelde for å kringkaste meldingar frå staten i ein krisesituasjon. Dei formelle krava er ifølge NRK retta inn mot radioen og NRK P1 (med 99,7 prosent befolkningsdekning) som


I september 2019 samarbeidde
Politiet, Heimevernet og NRK
om ei stor beredskapsøving på
Marienlyst. Foto: NRK

beredskapskanal. NRK P1 blir distribuert blant anna gjennom Regionblokka, både nasjonalt og med regionale vindauge. Vidare vil NRK i ein eventuell krisesituasjon også publisere meldingar frå myndighetene på alle tilgjengelege kanalar, både radio, TV, mobil og nett. NRK har gjennomført fleire beredskapsøvingar for å sikre at kringkastaren har evna til å oppfylle dei nasjonale forpliktingane. Hausten 2019 samarbeidde NRK med politiet og Heimevernet om ei stor beredskapsøving på Marienlyst.



Konklusjon:

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 tok hand om det særlege beredskapsansvaret NRK har. NRK har også gjort greie for korleis det er lagt til rette for at myndighetene kan nå ut til befolkninga med informasjon over kringkastingsnettet ved nasjonale kriser og katastrofar.



5.11

Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

Vedtektenes

§ 25 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 28 NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne oppre fritt og uavhengig i forhold til personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard og over tid være balansert. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebes, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsom-plakaten og Tekstrekklameplakaten.

§ 44 NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

§ 45 NRK skal utvise særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

Vedtektenes til NRK har ei rekke krav som skal sikre at allmennkringkastingstilboden til NRK er ikkje-kommersielt, og at NRK har eit klart skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og kommersielle aktivitetar. NRK gjer greie for at innhaldstilboden til NRK på TV, radio, nett, mobil, sosiale medium og andre aktuelle

§ 46 NRKs allmennkringkastingstilbud skal hovedsakelig finansieres ved kringkastingsavgift. Inntekter fra kringkastingsavgift og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktivitetar. Det skal være et klart regnskapsmessig og driftsmessig skille mellom NRKs allmennkringkastingsvirksomhet og kommersielle aktivitetar.

§ 47 NRK kan ta imot sponsoring, men bør begrense omfanget.

§ 48 NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. NRKs kommersielle tjenester skal ha sammenheng med selskapets redaksjonelle virksomhet. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilboden og kommersielle tjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenlig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK.

plattformer er reklamefritt, og at allmennkringkastingstilboden ikkje inneheld salsfremmende tilvisingar til dei kommersielle tenestene eller produktata til NRK. NRK driv den kommersielle aktivitetan sin gjennom datterselskapet NRK Aktivum AS, som blir halde åtskilt frå allmennkringkastingsverksemda.

Allmennkringkastarane har fått eit særleg ansvar for fri og uavhengig formidling av samfunnsrelevant informasjon og det å avdekke kritikkverdige forhold. Det redaksjonelle sjølvstendet til media er ein grunnleggande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn der dei redaktørstyrte media har ei sentral rolle og har fått særlege ansvarsreglar.

NRK er opptatt av å halde ein høg presseetisk standard i arbeidet sitt og følger det felles etiske regelverket til media som har fleire føresegner knytte til det redaksjonelle sjølvstendet, jf. Ver varsam-plakaten, Redaktørplakaten og dei lovfesta ansvarsreglane i dei ulike lovverka på dette området. NRK opplyser at ingen saker i sjølvdømmeordninga til pressa, Pressas faglege utval (PFU), konkluderte med at det var tvil om NRKs redaksjonelle sjølvstende i 2019.

I 2019 fekk PFU 113 klager mot NRK. 24 av desse fekk forenkla eller full behandling av utvalet. I to av sakene konkluderte PFU med at NRK hadde brote god preseskikk, og NRK fekk kritikk i ytterlegare to saker. I dei andre 20 sakene fann ikkje PFU at NRK hadde brote det presseetiske regelverket.

NRK gjer også greie for at redaksjonelle avgjerder og tilbod blir styrt av redaksjonelle omsyn og spring ut frå allmennkringkastaroppdraget. Vidare viser NRK varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press. NRK Super er særleg varsam med å eksponere logoar og merkenamn i programinnhaldet, blant anna ved å bytte ut emballasje, fjerne merkelappar på klede og liknande. I den reine journalistikken som rettar seg mot barn og unge, blir kommersielle produkt i liten grad omtalte. NRK viser til at innhaldets kvalitet er avgjerd ved innkjøp av internasjonale seriar, men at NRK alltid vurderer om den kommersielle produktporleføljen som følger serien (til dømes leiker), vil forsterke eit kommersielt press på barn.



Redaksjonelt sjølvstende er ein grunnleggande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn

I november 2019 gjennomførte Medietilsynet eit tilsyn med eit utval program frå ulike kanalar, deriblant NRK, for å kontrollere om aktørene etterlever reglane om sponsing i kringkastingsregelverket. Kontrollen avdekte ingen brot på regelverket. Medietilsynet oppmoda NRK til vere merksam på bruken av nettadresser ved identifisering av sponsor ettersom slik informasjon må rekna som salsfremmende tilleggsinformasjon som kringkastarane i utgangspunktet ikkje skal gi opp. Medietilsynet har ikkje hatt andre saker mot NRK i 2019 som gjeld brot på føresegne i kringkastingsregelverket om kommersiell påverknad.

Årsrekneskapen og årsberetninga til NRK viser at dei samla driftsinntektene i NRK AS var i underkant av 5 991 millionar kroner i 2019 mot i underkant 5 967 millionar kroner i 2018, ein auke på 24 millionar kroner (0,4 prosent). Inntektene frå kringkastingsavgifta, inklusive tilleggsavgifter og inkassogebyr, auka med 97 millionar kroner frå 2018 til 2019 (1,7 prosent). Andre driftsinntekter utgjorde 209 millionar kroner i 2019 mot 283 millionar kroner i 2018. NRK viser til at reduksjonen frå 2018 til 2019 i hovudsak kjem av at salsgevinsten frå eigedom i Kristiansand i 2018 var langt høgare enn tilsvarende salsgevinstar i 2019. Andre inntekter i kategorien anna driftsinntekt er ifølge NRK i hovudsak knytte til royalties, sponsing, utleige av produksjonskapasitet gjennom NRK Aktivum og tilskott frå fond/samproduksjonar. Resultatrekneskapen til NRK for 2019 viser at 96,5 prosent av verksemda til NRK er finansiert gjennom kringkastingsavgifta. Denne inntekta finansierer dermed i all hovudsak verksemda til NRK. Andre driftsinntekter utgjer ein liten del av den samla finansieringa av NRK.

Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom det heileigde dotter-selskapet NRK Aktivum AS. Selskapet hadde i 2019 ei omsetning på 118 millionar kroner, ein reduksjon på fire millionar frå 2018. Driftsresultatet til NRK Aktivum var positivt med åtte millionar kroner, mens rekneskapsmessig overskott før skatt var

på ti millionar kroner, ein auke på éin million kroner frå 2018. I 2019 blei 98 millionar kroner overførte frå NRK Aktivum til allmennkringkastingsverksemda til NRK, noko som svarer til det samla vederlaget i 2018.

NRK har avgrensa høve til å hente sponsorinntekter sidan NRK berre kan få sponsa enkelte programkategoriar. Departementet har i dei seinaste meldingane om dei framtidige økonomiske rammene til NRK, Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – allmennkringkasting og mediemangfold* og Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfold og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid*, slått fast at NRK skal kunne ta imot sponsing, men at omfanget skal vere avgrensa. Det er presisert at NRK skal praktisere tilgang til sponsing på ein restriktiv måte. NRK viser til at selskapet følger reglane i kringkastingslova for sponsorfinansiering og visning av sponsorplakatar og eigne retningslinjer, og at sponsorinntektene er knytte til produksjon av større idretts- og kulturarangement. NRK viser til at denne typen avtalar går gjennom NRK Aktivum og blir handterte med armlengds avstand. I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at sponsorinntektene i 2019 utgjorde 29,3 millionar kroner. Dette er i underkant av 0,5 prosent av dei samla inntektene til NRK.

Kringkastingssjef
Thor Gjermund Eriksen
er ansvarleg redaktør
i NRK. Foto: NRK



**Konklusjon:**

Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava til at allmennkringkastingsstilbodet skal vere reklamefritt og ikkje innehalde spesielle salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta. Medietilsynet vurderer også at NRK oppfyller krava om å verne om integriteten og tilliten sin for å kunne opptre fritt og uavhengig, at verksemda blir prega av høg etisk standard, over tid er balansert og at NRK legg vinn på å vere sakleg, nøytral og ha ei analytisk tilnærming, jf. prinsippa i det felles etiske regelverket til pressa. På grunnlag av utgreiinga frå NRK er det Medietilsynets vurdering at dei redaksjonelle avgjerdene til NRK ikkje er styrte av kommersielle omsyn. Vidare vurderer Medietilsynet at det kan leggast til grunn at NRK utviser særleg varsemd med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press, særleg i program retta mot barn og unge. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller kravet knytt til sponsoring med omsyn til dei restriksjonane som er nedfelte.

Medietilsynet vurderer også at NRK i 2019 oppfyller krava om at allmennkringkastingsstilbodet hovudsakleg skal finansierast ved kringkastingsavgift, at inntektene frå kringkastingsavgift og andre offentlege inntekter ikkje skal subsidiere kommersielle aktivitetar, og at det skal vere eit klart rekneskapsmessig og driftsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og dei kommersielle aktivitetane til NRK. Medietilsynet vurderer at NRK i 2019 oppfyller krava som er knytte til at NRK kan vidareutvikle kommersielle tenester som genererer overskott som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstenester. NRK oppfyller også krava til at dei kommersielle tenestene som NRK utviklar, skal ha samanheng med den redaksjonelle verksemda til selskapet, og at NRK skal legge vinn på å skape eit så tydeleg skilje som mogleg mellom allmennkringkastingsstilbodet og kommersielle tenester. Medietilsynet vurderer endeleg at NRK oppfyller krava om at den forretningsmessige verksemda skal vere i samsvar med dei krava til kvalitet og integritet som gjeld for NRK.



ISBN 978-82-91977-96-6

Ansvarleg utgivar / published by: Medietilsynet

Grafisk utforming / graphics: Bly.as

Foto: Medietilsynet

Kontakt/contact: post@medietilsynet.no

www.medietilsynet.no